


Skam, skuld og straff

*Ei rettsleg analyse av barnedrapssakene på
bygdetinget i Hordaland 1642-1799*

Kandidatnummer: 101

Tal på ord: 35 045



JUS398 Masteroppgåve
Det juridiske fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN

1. juni 2017

Innholdsliste

1. Innleiing	5
1.1. Tema og problemstilling	5
1.2. Presisering og avgrensingar	7
1.3. Oppbygging av oppgåva	9
2. Kjelder og metode	11
2.1. Tingbøkene.....	11
2.1.1. Val og avgrensing av tingbokmateriale.....	11
2.1.2. Digital utveljing av saker	12
2.1.3. Domsavgjerdene og metode for bruk.....	13
2.1.4. Inndeling av tidsperiodar.....	16
2.2. Merknader om det kvantitative og det kvalitative ved tingbokmateriale.....	17
2.2.1. Lakuner i tingbokrekka	17
2.2.2. Fordeling av saker over tid og i ulike krinsar.....	18
2.2.3. Omfang og innhald i dei bevarte referata.....	20
2.3. Kjelder utover tingbøker	21
2.3.1. Primære og sekundære litterære kjelder.....	21
2.3.2. Saker i vidare instansar	22
3. Tinget som rettsleg institusjon	24
3.1. Innleiande merknad.....	24
3.2. Avvikling av ting	24
3.3. Tinget som førsteinstans i eit domstolshierarki.....	25
3.4. Dei rettslege aktørane på tinget.....	27
3.4.1. Sorenskrivaren.....	27
3.4.2. Fut	30
3.4.3. Lagrettemenn.....	30
3.4.4. Forsvararen.....	31
4. Rettstilstand og utgangspunkt for dølgsmålssakene.....	34
4.1. Innleiande merknad.....	34
4.2. Metodelære og rettskjelder.....	34
4.2.1. Merknad om metode	34
4.2.2. Eigne avgjerder	35
4.2.3. Overretten sine avgjerder	36

4.2.4.	Brev, upubliserte manuskript og lov-kommentarar.....	37
4.3.	Rettsleg regulering av barnedrap og fødsjar i dølgsmål.....	38
4.4.	Straff i dei snevre sakene	40
5.	Skilnader og likskapar i prosess og praktiske omstende	42
5.1.	Innleiande merknad.....	42
5.2.	Observasjonar i høve til rettsreferata	43
5.3.	Observasjonar i høve til rettsmøta.....	44
5.4.	Bevisføring og -vurdering.....	46
5.4.1.	Vitneføring og bevis før Christian 5. Norske lov.....	47
5.4.2.	Ei endring i vitnemålet si stilling som bevis 1688-1705.....	50
5.4.3.	Vitneføring og andre bevis frå 1705 og utover	51
5.5.	Observasjonar i høve til utfall	54
5.5.1.	Utfall i vide saker	54
5.5.2.	Utfall i snevre saker	55
5.6.	Oppsummerande merknad	58
6.	Skilnader og likskapar i tolking og praktisering av dølgsmålsføresegna.....	59
6.1.	Innleiande merknad.....	59
6.2.	Vilkår 1: « <i>Vorder noget letfærdigt Qvindfolk med barn</i> ».....	60
6.2.1.	« <i>Lætferdigt</i> »: Tolking i teori og praksis.....	60
6.2.2.	Konsekvensar i praksis og teikn på utvikling.....	62
6.2.3.	Lettferdige mannfolk?.....	63
6.2.4.	« <i>Qvindfolk</i> »:Samfunnsmessige konsekvensar	64
6.3.	Vilkår 2: « <i>med sin Barnefødsel i Dølsmaal omgaar</i> ».....	68
6.3.1.	Tolking i teori og praksis	68
6.3.2.	Hans Theiste og barnamordsplakaten	71
6.4.	Vilkår 3: « <i>... same Barn borte bliver, eller paaskydis at være dødt født eller i andre Maader forkommet</i> ».....	76
6.5.	Oppsummerande merknad	77
7.	Ein rett i endring: Utviklinga mot ei meir nyansert ansvarslære.....	79
7.1.	Innleiande merknad.....	79
7.2.	Vurderingane på tinget.....	80
7.2.1.	Kan mor klandrast for barnet sin død?.....	80
7.2.2.	Vurdering av subjektiv skuld	83

7.2.3.	Vektlegging og grunnlag for arbitrær straff	85
7.3.	Utvikling i eit større perspektiv.....	86
7.3.1.	Teori.....	87
7.3.2.	Overretten sin praksis.....	89
7.3.3.	Forordningar i Holstein og engelsk omsetting	90
7.3.4.	Bruk av indisiebevis.....	92
7.4.	Oppsummering: Juridisk diskurs og utdanning som vilkår for endringa?	92
8.	Refleksjonar ved vegs ende.....	95
	Kjeldeliste	97
	Figurar og tabellar.....	103
	Vedlegg	104
	Vedlegg 1: Oversikt over tingbøk.....	104
	Vedlegg 2: Referanse, tid, stad og aktørar	106
	Vedlegg 3: Faktum, utfall og heimel.....	111
	Vedlegg 4: Tabellar saksfaktum.....	119
	Vedlegg 5: Ordsøk i dølgsmålssakene	128
	Vedlegg 6: Liste over avretta kvinner 1735-1799.....	130

1. Innleiing

1.1. Tema og problemstilling

10. mai 1718 står Sygni Asbiørnsdatter tiltalt på bygdetinget for Gulen skipreide i Nordhordland sorenskrivarembete, mistenkt for å vere skuldig i sitt nyfødde barn sin død. Ho er tenestejente, og var blitt gravid med den gifte husbonden på garden der ho budde og arbeidde. Barnefaren var også den einaste som visste om svangerskapet. Ho fødde barnet i senga si om natta, utan å tilkalle dei andre som sov i huset til hjelp. Formiddagen etter viste ho barnet til barnefar, og forklarte at det var dødfødd. Saman viste dei fram barnet og erkjende hendingsgangen for resten av gardsfolket.¹

60 år seinare, 28. mars 1778, er 28 år gamle Kari Bårdsdatter Lundøen i same situasjon. På tinget for Våge i Sunnhordland tilstår ho å ha halde svangerskapet skjult for alle utan om barnefar. Ho vart også forløyst på sitt vanlege nattleie på fehuslemmen, eit stykke frå folk og dei andre gardsbygningane på tunet. Kari gøynde barnet sitt i ei kiste på rommet, og kasta etterbøra på marka. Då barnet vart oppdaga to veker seinare, haldt også ho fram at det var dødt ved fødselen.²

Begge desse kvinnene vart tiltalt for brot på den såkalla dølgsmålsføresegna i Norske Lov 6-6-8. Kort summert heimlar artikkelen at alle kvinner som etter ein skjult fødsel ikkje kunne framvise eit levande barn, skulle dømast til døden for drap. Straffa for å ta livet av sitt nyfødde barn var halshogging.³ Denne føresegna vart saman med resten av Christian 5. Norske Lov sett i kraft 29. september 1688, og skulle bli ståande som gjeldande rett i over halvanna hundreår.⁴ Etter at kongen ved innføringa av eineveldet i 1661 fekk både øvste lovgivande og dømmande makt, var den skrivne lov einaste gyldige rettskjelde.⁵ Ein periode prega av denne form for lovpositivisme skulle i utgangspunktet tilsei at praktiseringa av dølgsmålsføresegna var gjennomgåande og konsekvent.

Som historia gong på gong har vist, er juss likevel langt frå noko statisk vesen med sjølvstendig gjennomslagskraft. Utan rettslege aktørar til å «*etterforske og utlede lovens aand og øyemed*» vil ikkje rettsreglar vere noko anna enn eit «*dødt corpus*».⁶ Forståinga av sjølv den klåraste lovtekst vil dermed alltid vere underlagt premissa som følgjer av ei subjektiv tolking. Resultatet avheng av både tid, stad

¹ NH 1718.

² SH 1778.

³ NL 6-6-7.

⁴ Lovdata (<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1687-04-15>) [25.05.2017]. Føresegna vart først endra ved kriminallova av 1842.

⁵ Sunde 2005, s. 278.

⁶ Hedegaard 1756, fortale s. 4.

og miljø, samt bakgrunn og dagsform til dei som nyttegjer seg av den. Ikkje minst kan slike tilsynelatande tilfeldige utslag tenkast å vere gjeldande i ein metodisk periode der ein formelt sett hadde eit svært avgrensa rettskjeldebilete.

Dei refererte sakene illustrerer også korleis ein identisk regel kan gi ulikt resultat dersom dei ytre omstenda for retten vert endra; Medan Sygni vart kjend skuldig etter dølgsmålsføresegna og dømt til å «*miste sit Liv*»,⁷ slapp Kari 60 år seinare unna med ei arbitrær straff på åtte år i tukthus. Ettersom både faktum og lovføresegn er samanfallande i sakene, synest det dermed som om skjebnen til dei to kvinnene vart avgjort av omstende utanfor dei formelle rettsreglane.

Kva som er årsaka til dette og andre avvikande tolkingsresultat på bygdinget, er eitt av spørsmåla som skal bli drøfta i avhandlinga. I tillegg til å finne og analysere skilnader og likskapar i korleis ulike aktørarar tolka og praktiserte den materielle retten, skal det også undersøkast kva innverknad praktiske og prosessuelle endringar hadde på handsaminga av den konkrete sakstypen. Samstundes som det vil bli gjort eit komparativt studie over tid, skal det også avdekkast om det eksisterer variasjonar i tolking av dølgsmålssakene mellom dei ulike jurisdiksjonane.

Som utgangspunkt for drøftingane står dei bevarte domsavgjerdene frå tre sorenskrivarembete i Hordaland på 16- og 1700- talet. Det har dei siste tiåra blitt gjort ei rekke studiar av norsk tingrettspraksis, mellom anna gjennom «Tingbokprosjektet» ved UiO.⁸ Publikasjonane tar for seg ulike emne og tidsperiodar, inkludert barnedrap, og er såleis ei viktig kjelde til kunnskap om den historiske rettshandsaminga i førsteinstans. Den pågåande transkriberinga og digitaliseringa av bygdingetbøker i Hordaland er likevel eit av dei mest omfattande arbeida som har blitt gjort i Noreg.⁹ Dette betyr at ein har no tilgang på eit stort digitalt materiale som berre i avgrensa grad har vore gjenstand for rettshistorisk forskning. Vidare består tingbokprosjektet i stor grad av utgitte hovudoppgåver i historie, og analysar av den materielle retten er såleis i mindre grad gjort. Sjølv om barnedrapssaker på bygdinget såleis ikkje er ukjend i rettshistoriske verk, gjer vinkling og omfang at det føreståande prosjektet har potensiale til å avdekke skilnader og samanhengar som i liten grad har vore mogleg å spore tidlegare.

⁷ NH 1705A fs. 163b.

⁸ UiO sine nettsider (<http://www.hf.uio.no/iakh/forskning/prosjekter/tingbok/publikasjoner/>) [25.05.2017].

⁹ Digitalt materiale frå andre krinsar går fram av UiO sine nettsider (http://www.dokpro.uio.no/tingbok/tingbok_ramme.html) [25.05.2017].

I tillegg til å analysere referata frå førsteinstans isolert, skal desse også sjåast i samanheng med andre juridiske krefter i samtida. Dette gjeld særleg ulike reformer som påverka dei prosessuelle omstenda i retten, samt relevante utgreiingar frå ulike rettsvitarar i perioden. Ved å undersøke juridiske førestillingar frå fleire ståstader over tid, er målet å få eit innblikk korleis retten vart kommunisert, påverka og vidareutvikla av dei aktørane som til ei kvar tid var sett til å forvalte denne. Når det gjeld underrettsdommarane, endrar også krava til kompetanse og utdanning seg vesentleg i undersøkingsperioden. Ein viktig del av undersøkinga vil såleis vere å avdekke korleis enkeltaktørar sine personlege og juridiske føresetnader påverka korleis retten vart tolka og praktisert.

Den overordna problemstillinga for avhandlinga er etter dette å: **Finne, analysere og forklare korleis og kvifor ulike aktørar tolka og praktiserte barnedrapsreglane likt og ulikt, med utgangspunkt i ein studie av bygdetingspraksis frå Hordaland mellom 1642 og 1799.**

1.2. Presisering og avgrensingar

Oppgåva skal altså ta føre seg korleis retten vart oppfatta og praktisert i den utvalte perioden, og kor vidt eventuelle endringar kan sporast tilbake til dei ulike rettslege aktørane. I det følgjande skal det greiast meir ut om kva som ligg i denne problemstillinga, og kva som fell utanfor.

For det første skal oppgåva handsame praktiseringa av «barnedrapsreglane». Dette tyder i all hovudsak NL 6-6-7 som omhandla overlagt drap på eit nyfødd barn, og NL 6-6-8 som omhandla skjulte barnefødsler. Straffemessigt var dei to brotsverka likestilte, og i den undersøkte bygdetingspraksisen ser vi også at drap utelukkande førekjem i samband med ein skjult fødsel. Truleg grunna bevisspørsmålet, spelar såleis NL 6-6-8 ei vesentleg rolle i dei aller fleste sakene.¹⁰ Hovudvekta i avhandlinga ligg difor også på å greie ut tolking og praktisering av denne føresegna. Når det gjeld terminologien skal det knytast nokre merknader til denne.

I tillegg til «barnedrap» nyttar eldre lov, litteratur og kjeldemateriell ofte «fosterdrap» for å skildre brotsverket i NL 6-6-7 og NL 6-6-8.¹¹ Begge desse omgrepa kan likevel i kvar sin ende vere eigna til forvirring. Medan dei nemnde føresegnene som vist er avgrensa til å gjelde drap på spedbarn like etter fødsel, vil nok dei fleste i dag assosiere barnedrapsterminologien også med å ta livet av eldre barn. På same måte er omgrepet «foster» i moderne medisinsk- og daglegtale i

¹⁰ Sjå vedlegg 3.

¹¹ Hansen 1993 s. 104.

hovudsak knytt til eit barn under utvikling i mors liv. Sjølv om også drap på ufødd barn og fosterfordriving kunne bli ramma av dei aktuelle føresegnene, er den som vist ikkje avgrensa til dette.¹² Eit meir presist omgrep vil etter dette kanskje vere spedbarnsdrap eller drap på nyfødde. Då termen barnedrap likevel i det historiske perspektivet både er akseptert og hyppig brukt, er det denne eg i hovudsak har valt å nytte vidare i oppgåva. Meiningsinnhaldet er etter dette føresett å samsvare med innhaldet i dei to nemnde reglane.

Når det gjeld omtale av NL 6-6-8 som «dølgsmålsføresegna» og liknande, må dette også presiserast. Ordet «dølgsmål» er i Historisk ordbog over det danske Sprog definert som «*det at holde noget skjult ell. Hemmeligt*».¹³ Omgrepet er generelt og kan i strafferettsleg kontekst såleis skildre ei rekke brotsverk, til dømes ulike former for tjuveri. I denne samanhengen er det likevel utelukkande meint å skildre omstenda i samband med ein barnefødsel.¹⁴

Det ligg i saka sin natur at det i all hovudsak er mødrene til dei omkomne barna som vert tiltalt etter dei to føresegnene. I enkelte tilfelle ser ein likevel at far eller andre i hushaldet har medverka til brotsverket på ein eller anna måte. I studien er det grunna tid og plass likevel valt å fokusere på det primære rettssubjektet, og medverknad vert såleis ikkje særskild drøfta. Der slike tilhøve kan ha hatt innverknad på vurderinga av mors strafferettslege ansvar, vert det likevel kommentert.

Eit anna relevant og interessant område som det må avgrensast mot, er spørsmålet om mor er åndeleg og/eller mentalt tilrekeleg. I sakene vert denne problemstillinga stundom nemnd, men det synest ikkje å få noko avgjerande vekt for utfallet av sakene. Dette vert difor heller ikkje drøfta inngående.

Utover det som er naudsynt for å drøfte skuldvurderinga, vil heller ikkje dei meir praktiske omstenda rundt etterforskning og framskaffing av bevis bli handsama som eige tema. Sjølv om dette er interessant for undersøkinga, er det også omfattande, og såleis ikkje prioritert å gå i djupna på.

Vidare er det praksisen på bygdetinga som står i sentrum for undersøkinga. Sjølv om det som nemnd er naudsynt å sjå til andre rettslege aktørar for å drøfte funn i ein større kontekst, vil utgangspunktet i all hovudsak vere observasjonar som er gjort av praksisen der. Ulike rettsvitarar og andre studiar vil såleis bli drøfta, men det er ikkje noko hovudpoeng å få fram alle detaljar og nyansar i desse

¹² T.d. Hansen 1993 s. 129.

¹³ «Dølgsmåls-maal» i Ordbog over det danske Sprog (<http://ordnet.dk/ods/ordbog?query=dølgsmåls>) [25.05.2017].

¹⁴ Meir om korleis omgrepet vart tolka følger av 6.3.

publikasjonane. Også den vidare straffeforfølginga fell i utgangspunktet utanfor. Der opplysningar om ankesak og avretting er avdekka, er dei likevel registrert, og er stundom nytta for å gi eit større perspektiv.¹⁵

Når det gjeld analyse av ulike årsakssamanhengar, er dette vidare avgrensa til ei drøfting av relativt snevre juridiske element. Dette betyr at det i utgangspunktet ikkje vert trekt linjer til større samfunnsmessige endringar, som til dømes politiske, økonomiske eller sosiale.

1.3. Oppbygging av oppgåva

Ovanfor er den overordna problemstilling utgreidd, og retningslinjene for kva oppgåva tar sikte på å drøfte er såleis lagt. Når det gjeld oppbygging av oppgåva for å utføre desse drøftingane på ein hensiktsmessig måte, skal dette kommenterast her.

For det første skal metoden for oppgåva presenterast i kapittel 2. Då bruk av digitale søk i denne type kjeldemateriell kan gjerast på ulike måtar, vil framgangsmåten for å avdekke dei relevante sakene bli utførleg utgreidd om. Vidare skal det forklarast korleis kjeldematerialet er analysert og systematisert for å vere eigna til å gi relevante forskingsresultat.

Kapittel 3 og 4 er vidare meint å skape ei ramme for den vidare drøftinga. Før ein kan drøfte praktisering av rett på 16- og 1700 talet, er det naudsynt å skape ein større kontekst for dei observasjonane som vert gjort. Utan først å ha kunnskap om dei rammene retten fungerte innanfor, vil ein i liten grad ha føresetnad for å analysere og drøfte dei rettslege nyansane. Sjølv om det er plasskrevjande, er det difor svært nødvendig å bruke tid og rom til å klårlegge grunnlaget for den retten som vart praktisert. For å unngå at denne presentasjonen berre vert ei oppramsing av teoretisk informasjon, vert utgreiinga tett knytt til det undersøkte kjeldemateriale. Analysar og drøfting av enkelte funn i barnedrapssakene startar såleis allereie her.

Dei mest omfattande drøftingane går fram av kapittel 5-7. I kapittel 5 er det først og fremst tale om ei kvantitativ framstilling med særleg vekt på prosessuelle tilhøve. Kapittel 6 er vidare ei inngåande drøfting av den materielle retten, der dei rettslege førestillingane på bydetinget mellom anna vil bli drøfta opp mot samtidas teoretikarar. I kapittel 7 vil dei mest oppsiktsvekkande funna bli drøfta nærare, og det vil bli gjort ei oppsummerande framstilling av årsak/verknad. Til

¹⁵ Vedlegg 3.

sist, i kapittel 8, skal det gjerast nokre refleksjonar over kva denne studien kan fortelje ein moderne rettsbrukar.

2. Kjelder og metode

2.1. Tingbøkene

Som vist ovanfor er utgangspunktet for undersøkinga den rettslege handteringa på bygdetinget. I det følgjande vil det difor bli gitt ei presentasjon av dei aktuelle tingbøkene, som er det empiriske materiale som ligg til grunn for prosjektet. Vidare vil det også bli greia ut om kva metodisk grep som er nytta for å finne, analysere og drøfte dei avdekka sakene.

2.1.1. Val og avgrensing av tingbokmateriale

Av komparative og kjeldemessige årsaker, er materialet som vert gjennomgått utvald og avgrensa til Nordhordland, Sunnhordland og Hardanger sorenskrivar-embete. Namn og geografiske utstrekking til sistnemnde varierer likevel noko i perioden, og omfatta stundom også Voss, Lysekloster og Halsnøykloster.¹⁶ I det følgjande vil krinsen difor bli omtala som «Hardanger mv.». Til saman utgjer desse einingane store delar av det som i dag er Hordaland fylke, men slik at praksisen frå Bergen byting og birketinget for Rosendal baroni fell utanfor.¹⁷ Dei tre valte krinsane omfattar i utgangspunktet eit relativt homogent og samla geografisk område. Dette kan i seg sjølv vere formålstenleg, fordi det kan avgrense tilfeldige utslag i retten, til dømes grunna sosiale, topografiske og kulturelle skilnader. Samstundes vil dei ulike jurisdiksjonane med eigen fut og sorenskrivar vere tilstrekkeleg skilde til å vere eigna til eit komparativt studie av praksisen. Ikkje minst er tingbøkene for desse krinsane alle transkribert og digitalisert, slik at arbeidet med å finne og gjennomgå materiale er vesentleg forenkla.

I tid vert oppgåva bakover naturleg avgrensa av tilgang på bevarte kjelder. Dei eldste tingbøkene vi har er frå 1642 i Nordhordland, og 1648 i både Sunnhordland og Hardanger mv. Hardanger mv. er berre digitalisert til og med 1772 og vil difor berre bli undersøkt i denne perioden. For dei andre krinsane vert sluttstreken sett i 1799. Det er då tale om saker frå ein periode på over 150 år, noko som etter ei gjennomgang av det empiriske materialet er vurdert til å både vere overkommeleg, men og tilstrekkeleg for å kunne drøfte problemstillinga på ein for-svarleg måte.

¹⁶ Vedlegg 1.

¹⁷ For Rosendal er det ikkje avdekka barnedrapssaker mellom 1726-1796, jf. Sunde 2007 s. 411-412.

2.1.2. Digital utveljing av saker

For å kunne undersøke praktiseringa av dølgsmålsføresegna, er det første steget reint praktisk å finne fram til rettsreferat der problemstillinga er handsama. Den ideelle framgangsmåten ville vore å ha lese gjennom tingbøkene éi etter éi, og plukke med seg sakene etterkvart. Med denne metoden ville ein ikkje berre sjå den enkelte dommen i ein større kontekst, men samstundes sikre at ingen saker eller anna relevant informasjon vart oversett. Då det for Nordhordland, Sunnhordland og Hardanger mv. samla er snakk om fleire titals tusen sider, er ein slik framgangsmåte likevel svært tidkrevjande.¹⁸

Ettersom tingbøkene i dei utvalte krinsane er digitaliserte og tilgjengelege som Word-dokument, er det difor både mogleg og meir hensiktsmessig å nytte elektroniske søk i arbeidet med å finne det ønska materialet. Ved å avgrense den manuelle gjennomlesinga til tekst som inneheld relevante ord og uttrykk, vert det spart mykje tid i manøvreringa fram til dei aktuelle sakene.

Ein slik framgangsmåte er likevel heller ikkje utan utfordringar. For det første må ein på førehand ha ein viss kunnskap om kva ord ein bør søke på. Språket i referata er gamaldansk, og ein må difor tilpasse formuleringane deretter. Vidare varierer ordforrådet frå referent til referent, og ein kan såleis ikkje ta for gitt at same enkeltord dukkar opp i alle tilsvarende saker. Stort sett gir dølgsmålssakene likevel treff på sentrale ord som til dømes «dølgsmål», «foster» og «fødsel».

For å sikre at saker ikkje vert oversett, er det vidare naudsynt med eit meir omfattande og nyansert søk. I tillegg til dei openberre tilfella av barnedrap og fødslar i dølgsmål, er det også av interesse å finne saker som ligg noko meir i periferien. Unntak er ofte det som fortel mest om hovudregelen, og slike sakskompleks utgjør dermed ein vesentleg del av ei grundig og heilskapleg framstilling. For ei sikrare «støvsuging» av materiale, er det såleis naudsynt å nytte meir generelle ord i søka, til dømes «barn», «barsel», «svanger» og «fødd». I tillegg til dei ønska sakene som omhandlar eller ligg i grenselandet til fødslar i dølgsmål, vil dette på si side også gi svært mange irrelevante treff som alle må lesast og vurderast manuelt. Dette vil igjen vil vere tidkrevjande, men framleis eit vesentleg arbeid for å kunne gi ei heilskapleg framstilling.

Samstundes som søket er tilpassa det gamaldanske ordforrådet, må også ulike stavemåtar takast høgde for. Berre ordet «dølgsmål» er til dømes stava som «*dølsmaal*», «*dølsmaall*», «*dølgemaal*» og «*dulsmaal*», samt variantar av desse med orddeling og store bokstavar. Mangel på standardisert rettskriving krev ein

¹⁸ For åra 1642-1802 utgjør Nordhordland aleine over 15000 dataskrivne sider jf. Sunde 2007/2008 s. 118.

kreativ søkeprosess der det mellom anna har vore naudsynt å notere seg ulike former som er oppdaga undervegs, for deretter å gjennomføre nye søk med desse.¹⁹

Ein del av dei tiltalte kvinnene har også saka si oppe på fleire tingsamlingar. Reint praktisk medfører dette at sakskomplekset er delt i fleire referat som ikkje er ført opp saman i tingboka. For å avdekke alle stader saka er omtala kan det i tillegg til å søke på relevante ord, vere hensiktsmessig å nytte namna på dei involverte personane. Mangelen på standardisert rettskriving gjer seg likevel også gjeldande for særnamn, og ein må til dømes må ta høgde for at Ane Larsdatter Laachøen kan bli omtala som Anne Loche i same sakskompleks.²⁰

2.1.3. Domsavgjerdene og metode for bruk

Ovanfor er framgangsmåten for å finne fram til det relevante tingbokmateriale forklart. Det vidare metodiske spørsmålet er korleis desse referata best kan nyttast for å illustrere skilnader og likskapar i praktiseringa av retten. I det følgjande vil såleis val av framgangsmåte i arbeidet med det empiriske materiale bli presentert og drøfta.

Det første som vert gjort etter at sakene er plukka ut, er å gå gjennom og registrere sentral informasjon systematisk. Opplysningane har blitt avdekka både gjennom ytterlegare digitale søk, men også manuell gjennomlesing. I tillegg til å notere ned tingbokreferansen, er det ei rekke andre faktaopplysningar som kan vere av interesse å ha oversikt over med tanke på det vidare arbeidet. Geografi og årstal vil til dømes gi naudsynt informasjon i høve til utvikling og eit komparativt studie. For å spore endringar i retten er det vidare relevant å undersøke det nytta rettsgrunnlaget, aktørar, bevisføring og utfallet i dei enkelte sakene. Opplysningar om kvinnene sin alder, samfunnsposisjon og forhold til barnefar kan vidare gi grunnlag for å diskutere om sosiale tilhøve hadde innverknad på retten. Forutan å gi eit overflatisk innblikk i saksomfanget, vil det å registrere og sette opplysningar i tabellar og diagram kunne avdekke og illustrere tendensar og mønster som er relevant for vidare undersøkingar.

¹⁹ Ord og former som er oppdaga/nytta konsekvent i søket er «*døls/dølg/duls-maal/mall*», «*døll,dult/dulgt/dulg(-e)*», «*barn/baren*», «*foster*», «*fød/født/fødsel*», «*barsel*», «*svanger*», «*ombragt*». Der det har vore mogleg utan å få utenleg mange treff, er det berre nytta delar av søkeord, t.d. berre «*døl/dul*». Alle dei snevre sakene gir treff på ulike former for «*dølje/dølgsmål*», og alle saker gir treff på «*barn*». Fordi tilvisinga er svært varierende, er det ikkje nytta søk på lovføresegn.

²⁰ NH 1732α.

Etter denne registreringa er sakskompleksa blitt delt inn i to hovudkategoriar.²¹ Den første gruppa er det som vidare vil bli omtala som dei snevre sakene. Kategorien omfattar dei tilfella der det både er prova at den tiltalte kvinna har fødd, barnet er dødt eller borte, og det føreligg ei domsavgjerd om kor vidt fødselen er dekkja av gjerningsskildringa barnedrapreglane. Totalt er det avdekka 32 slike saker der 14 er frå Nordhordland, 14 er frå Sunnhordland, og 4 er frå Hardanger mv.

Den andre kategorien, dei vide sakene, inneheld noko meir varierte tilfelle, der eit eller fleire av dei ovanfor nemnde elementa manglar. Døme på dette er saker der det ikkje er prova at den tiltalte er mor til det funne barnet, der vitne bekreftar at barnet omkom av naturlege årsaker, eller ei sak der det ikkje føreligg noko dom fordi barnemor klarte å rømme etter at det vart funne mjølk i brysta hennar. Felles for sakene er at dei omhandlar faktum og/eller rettslege spørsmål som er delvis samanfallande med, eller tilgrensande til den snevre kategorien.²² I tillegg til dei 32 nemnde sakene, utgjer dette 7 sakskompleks frå Nordhordland, 3 frå Sunnhordland og 1 frå Hardanger mv. Totalt er det såleis tale om 43 saker som skal analyserast og drøftast.

	1640	1650	1660	1670	1680	1690	1700	1710
NH	1(1)	0(0)	0(1)	1(0)	1(0)	2(0)	2(0)	1(2)
SH	0(0)	0(0)	0(0)	0(0)	0(0)	0(0)	3(0)	0(1)
HVL	0(0)	0(0)	0(0)	0(0)	0(0)	0(0)	0(0)	1(0)
	1720	1730	1740	1750	1760	1770	1780	1790
NH	0(0)	1(2)	1(0)	1(0)	2(0)	0(0)	0(0)	1(1)
SH	2(0)	0(1)	1(1)	2(0)	0(0)	3(0)	3(0)	0(0)
HVL	0(0)	1(0)	0(0)	0(0)	1(1)	1(0)	0(0)	0(0)

Tabell 1: saker per tiår (vide saker i parentes).²³

Årsaka til at sakene vert utvald og separerte på denne måten, er først og fremst den juridiske innfallsvinkelen til temaet. For å kunne drøfte skilnader og likskapar i førestilling og praktisering av retten, er det hensiktsmessig å avgrense undersøkingane til samanliknbare tilfelle. Då det berre er i dei snevre sakene at

²¹ Eit «sakskompleks» omfattar alle gongene saka mot den aktuelle kvinna er funne omtala i tingbøkene. Enkelte kompleks i vedlegg 2 inneheld også referanse til referat om andre relevante forhold, t.d. medverking.

²² Enkelte omtalar av barnedrap/fødslar i dølgsmaal i tingbøkene har altså blitt utelatt også frå denne kategorien. Dette gjeld tilfelle der det ikkje er gitt opplysningar om sjølve saka, men til dømes dreiar seg om transportutgifter av mistenkte, eller handsaming av fars leiarmål der ei barnedrapsmistenkt mor held til i ein anna jurisdiksjon.

²³ Vedlegg 2.

barnedrapsreglane er drøfta fullt ut, er det i hovudsak ei analyse av desse som er eigna til avdekke å likskaper og endringar i rettsoppfatninga. Fleire av dei vide sakene omhandlar likevel enkelte sentrale rettslege og faktiske spørsmål, og kan såleis illustrere yttergrenser eller enkeltmoment ved handsaminga av dølgsåål-sakene. Når det til dømes gjeld meir generelle sosiale eller samfunnsmessige spørsmål, kan vidare alle dei mistenkte kvinnene vere med å kaste lys over sam-tida si verkelegheit.

Etter denne inndelinga er sakene vidare blitt sett inn i eit eige nummererings-system.²⁴ Nummereringa er gjort både fordi det forenklar arbeidet med refere-ransar, men også fordi det skal gjere det lettare for ein eventuell lesar å sjå dei ulike sakskompleksa i kontekst. Kvar sak er såleis merkt først etter kva tingkrins dei går i (Nordhordland=NH, Sunnhordland=SH, og Hardanger mv.= HVL) og deretter kva år saka kjem opp på tinget.²⁵ Der det er fleire saker i krinsen same året er desse skilde ved bokstavane «A» og «B». Saker som høyrer til den vide kategorien er i tillegg merka med «A».

For å sette sakene i kontekst med den utanomrettslege verda, skal det gjerast nokre få merknader angåande dei relative førekomstala. Dei 32 snevre sakene i perioden 1642-1799, utgjør omlag eitt tilfelle per femte år. Ettersom vi ikkje har bevart materiale frå alle krinsane alle åra, då fleire av tingbøkene har gått tapt, og det truleg er store mørketal, var likevel den reelle førekomsten av barnedrap ganske sikkert langt større.²⁶ Om ein samanliknar førekomsten av barnedrap med liknande lovbrøt, kan dette vidare illustrerast gjennom ein studie av dei straffe-sakene som var anka til Bergen Lagting mellom 1702 og 1737.²⁷ I dette tids-rommet gjekk det her totalt 43 drapssaker, og heile 23 av desse omhandla drap på nyfødde barn.²⁸

Når det meir overflatiske arbeidet med samling av saker og registrering av sent-rale opplysningar er gjort, er det naudsynt med ei relativt inngåande analyse av den enkelte saka. Her er det særleg tale om å avdekke tolking av lovreglar, argumentasjonsmønster, og subsumsjonen i høve til det konkrete saksfaktumet. I tillegg til å drøfte den materielle retten, er det også relevant å undersøke om dei prosessuelle tilhøva endrar seg, og om dette eventuelt ser ut til å påverke korleis retten vart oppfatta og praktisert. Då slike undersøkingar krev ei meir heilskapleg

²⁴ Dei fullstendige referansane går fram av vedlegg 2.

²⁵ Der saka går over fleire kalenderår viser referansen til først gong den er nemnd.

²⁶ Om desse faktorane, sjå m.a. 2.1.1 og 2.2.

²⁷ I tillegg til å vere første ankeinstans for dei tre omtala bygdetingsjurisdiksjonane omfatta lagdømme ytterlegare fem sorenskriveri og tre birk, jf. Hansen 1993 s. 12.

²⁸ Hansen 1993 s. 252-253.

analyse og vil gi svært nyanserte resultat, er dette i mindre grad forsøkt systematisert i tabellar og diagram.

Etter at enkeltsakene er analysert kvar for seg, skal desse bli vurdert i samanheng med kvarandre. Som presentert i innleiinga skal det gjerast komparasjonar både diakront og synkront. Ettersom saksreferata er svært ulike i både lengd og karakter, og dessutan ujamt spreidd over lang tid, avgrensar likevel det empiriske materiale kva komparative studie som er kvalitativt forsvarleg å gjennomføre.²⁹ For å hindre at potensielt tilfeldige avvik vert tillagt for mykje vekt, vert difor synkrone komparasjonar mellom krinsane, og diakrone komparasjonar internt, berre nytta for indikere enkelte tendensar. Hovudvekta vil såleis ligge på ein komparasjon av saker frå dei tre krinsane komplimentært og diakront.

Når det gjeld presentasjonen av analyser og komparasjonane i oppgåva, er dette gjort på ulike måtar. I kapittel 3 og 4 er dølgsmålssakene først og fremst nytta for å illustrere enkelte fenomen i høve til utgreiinga om generelle trekk ved den rettslege handsaminga på 16- og 1700-talet. I kapittel 5 vert dei mest relevante funna frå den nemnde systematiseringsprosessen gjort, og ein del prosessuelle moment vil mellom anna bli samanlikna gjennom ei kvantitativ analyse. Dei mest inngåande materielle drøftingane kjem vidare i kapittel 6 og 7, der både statistiske og enkeltstående materielle analyser vil bli drøfta meir inngåande.

2.1.4. Inndeling av tidsperiodar

I enkelte delar av studien er det valt å dele sakene inn i tidsperiodar. Dette er i hovudsak gjort for å kunne lage statistiske illustrasjonar, og slik synleggjere tidsaspektet si påverknad på den rettslege handteringa av dølgsmålssaker. Inndelinga er likevel ikkje meint å representere noko absolutte skjeringpunkt, og det vil såleis bli trekt linjer på tvers av dei oppgitte periodane.

Når det gjeld den heilt overordna inndelinga er det funne mest hensiktsmessig å nytte større endringar i den formelle strafferettshandsaminga som rammer. Den første perioden vil såleis vere fram til Christian 5. Norske Lov vart sett i kraft i 1688, noko som mellom anna medførte endringar i prosess og straff.³⁰ Den andre perioden varar fram til 1735, då rettspleieforordninga II gav påbod om offentleg forsvarar, tvungen anke og kongeleg konfirmasjon i alle alvorlege straffesaker. I 1736 vart også juridisk eksamen obligatorisk for rettslege aktørar, og desse to

²⁹ Meir om utfordringar i høve til komparasjon følgjer av 2.2.

³⁰ Sjå m.a. kapittel 4.4 og 5.4.2.

årstala er dermed sentrale i utviklinga av ein breiare juridisk diskurs på tinget.³¹ Den tredje og siste tidsepoken varar like til slutten av undersøkingsperioden i 1799.

Ved å nytte årstala 1688 og 1735 som skjeringspunkt for inndelinga vil dei tre periodane kronologisk omfatte 46, 47 og 63 år. Dette gir ei viss skeivfordeling som må takast høgde for ved statistiske samanlikningar. Då det likevel er innhaldet av dei enkelte avgjerdene, og ikkje tala på dei, som er i sentrum for studien, vert ikkje dette vidare problematisert.

2.2. Merknader om det kvantitative og det kvalitative ved tingbokmateriale

Når det gjeld det historiske materialet er det fleire moment som bør nemnast for å nyansere funna i den følgjande studien. Dette gjeld både dei statistiske framstillingane, men også ved analyse av enkeltsaker. I det følgjande vil det bli gjort ein gjennomgang av aspekt som det må takast høgde for i vurderinga av dei resultatane drøftingane i oppgåva kan gi.

2.2.1. Lakuner i tingbokrekka

Ein faktor som openbert har betydning for ei analyse av domstolspraksis, er kvaliteten og kvantiteten på det empiriske materialet som ligg til grunn. I dei utvalte tingkrinsane er det i denne samanheng ei utfordring at fleire av tingbøkene i undersøkingsperioden har gått tapt. I Nordhordland har vi såleis berre tingbokmateriale i 124 av 157 år, i Sunnhordland 109 av 151 år, og i Hardanger mv. 91 av 124 år.³² Dette betyr at vi totalt sit igjen med materiale frå omlag 75% av dei åra studiet er sett til å omfatte.³³ Tingbøkene har gått tapt både enkeltår, men også i samanhengande periodar på opp til 9 år.

Lakunene kan for det første føre til ein redusert verdi av dei statistiske framstillingane som vert gjort. Dette gjeld både slik at det presenterte talet på saker ikkje naudsynt reflekterer den faktiske førekomsten, men også slik at det kan skape kunstige ulikskapar mellom krinsane. Til dømes kan det synast svært interessant at det ikkje er avdekket ei einaste dølgsmålssak i Sunnhordland eller

³¹ Kapittel 3 og 7.4.

³² Vedlegg 1.

³³ Kapittel 2.1.1.

Hardanger mv. på heile 1600-talet. Då mykje av materiale frå denne perioden likevel har gått tapt, kan ein likevel ikkje utan vidare konkludere med at dette skuldast ulik praksis.³⁴

Ein anna følgje av manglande tingbokrekker er at dei materielle analysane kan verte påverka fordi vi manglar det komplette biletet. Det som i realiteten var ei gradvis utvikling, kan til dømes opplevast som ei brå og overraskande endring av retten, fordi éi eller fleire saker i mellomtida har gått tapt. Dei store lakunene rundt hundreårskifte er igjen illustrerande, då det her er vanskeleg å avgjere om ein del prosessuelle endringar er ei direkte og umiddelbar følgje av Norske Lov i 1687, eller om endringane skjer meir gradvis som ein indirekte konsekvens av den endra rettsstilstanden.³⁵ Også komparasjon mellom krinsane kan bli påverka, og dei manglande tingbøkene for Nordhordland i 10 av dei siste 30 åra i undersøkingsperioden, kan vere årsaka til at vi ikkje kan spore den same utviklinga her som i Sunnhordland.³⁶

2.2.2. Fordeling av saker over tid og i ulike krinsar

Som tidlegare nemnd er det i tillegg til eit titals meir perifere tilfelle, avdekka 32 snevre dølgsmålssaker. Dette omfattar altså dei sakskompleksa der det er prova at den mistenkte kvinna har fødd eit barn som er dødt eller borte, og det i tillegg er felt dom om kor vidt fødselen er omfatta av dølgsmålføresegna. Som figur 1 nedanfor illustrerer, aukar det totale sakstilfanget noko gjennom undersøkingsperioden.³⁷ Den ujamne fordelinga både over tid, men også mellom jurisdiksjonar skaper nokre utfordringar som skal kommenterast her.

Den første utfordringa med fordelinga finn vi når vi ser på domsmateriale som er tilgjengeleg i den tidlegaste perioden. Mellom 1642 og 1705 er det nemleg berre i Nordhordland sorenskrivarembete at det er avdekka dølgsmålssaker som har vore oppe på tinget.³⁸ Følgjene av dette er altså at det ikkje er mogleg å gjennomføre eit komparativt studie av praktisering av dølgsmålføresegna i perioden før Cristian 5. Norske Lov tredde i kraft. Dei tidlegaste sakene frå Nordhordland er likevel relevante for eit heilskapleg historisk bilete av rettsutviklinga, og vil difor bli gjennomgått som eit bakteppe for dei vidare utgreiingane og komparasjonane.


³⁴ Vedlegg 1.

³⁵ Omtala i mellom anna 5.4.2.

³⁶ Sjå 5.5.2.

³⁷ Uavhengig av den noko skeivdelte perioden. Utover 1700-talet synest likevel sakstilfanget å vere relativt stabilt.

³⁸ Vedlegg 2.



Figur 1: Snevre dølgsmålssaker

Eit anna moment som gjer komparasjon noko utfordrande, er det låge sakstilfanget vi ser i Hardanger mv. Årsaka til denne ulikskapen ligg truleg i at krinsen hadde eit langt mindre folketal enn dei andre to.³⁹ Få saker gjer det vanskeleg å avdekke noko isolert utvikling i krinsen, og sakene kan difor berre nyttast som ein indikator i høve til dei andre krinsane.

Når det er sagt, kan observasjonen av eit varierende sakstilfang i seg sjølv vere eit interessant funn. I Sunnhordland og Nordhordland er det til dømes avdekka like mange saker, til trass for at Sunnhordland berre hadde under 2/3 av folkemengda i Nordhordland.⁴⁰ Årsakene til variasjonen i kor mange som vi finn stemna på tinget for barnedrap i ulike tidsrom og/eller krinsar vere mange. Til dømes kunne truleg ein større sosial aksept for uekte barn føre til at færre kvinner var i ein slik situasjon at dei følte trong til å skjule svangerskapet.⁴¹ Det kan også hende at talet på illegitime fødselar varierte, og/eller at nærmiljøet i større eller mindre grad med-

³⁹ I folketeljinga i 1769 budde det totalt 29.133 personar i Nordhordland, 18.316 i Sunnhordland, og 6.503 i Hardanger, jf. SSB 1980 s. 244-245.

⁴⁰ *Ibid.*

⁴¹ I Kristiansund, der illegimiteten var svært høg, er det til dømes ikkje funne ei einaste dølgsmålssak mellom 1742 og 1801. jf Hoff 1996 s. 82.

verka til å skjule eventuelle brotsverk frå øvrigheita.⁴² Ein usikker faktor er også dei nemnde lakunene, då saker som faktisk gjekk på tinget kan ha gått tapt.⁴³

Å gi eit utfyllande svar på det varierende sakstilfanget krev såleis ei breiare studie av sosiale, samfunnsmessige og rettslege tilhøve.⁴⁴ Trass i den interessante dimensjonen det kunne gitt til den følgjande utgreinga, ligg slike omfattande undersøkingar utanfor det som er hensiktsmessig å gi seg i kast med innanfor rammene av oppgåva. Hovudformålet er også ei meir snever rettsleg analyse, og dette spørsmålet vert difor lagt bort for denne gang.

2.2.3. Omfang og innhald i dei bevarte referata

Det skal vidare takast nokre atterhald for dei resultata ei nærlesing av tingbokreferat er eigna til å gi. Slik kritikk vil også følgje som ein del av drøftinga rundt ulike finn, og vil dessutan bli vidare utgreia i kapittel 5. Eit par overordna merknader skal likevel gjerast her.

Når det gjeld den skriftlege utforminga av tingbøkene, er rettsreferata ført i pennen av sorenskrivar eller representant for denne. På mange måtar var sorenskrivarane svært erfarne rettslege aktørar, ettersom dei reiste rundt og deltok på alle tinga i embetskrinsen.⁴⁵ Skrivarane var i tillegg etter NL 1-8-3 pålagt å føre inn alt som vart sagt og gjort på tinget, og det var etter same føresegn ulovleg å ta notat for å seinare formulere det endelege referatet. I utgangspunktet skulle dette tilsei at referata er ei relativt påliteleg kjelde til dei reelle ordvekslingane og handlingane som gjekk føre seg på tinget.

Dette bilete må likevel nyanserast noko. For det første kan det haldast fram at sorenskrivaren til ei viss grad var ein utanforståande i høve til allmugen på tinget. Både språk og kultur kunne særleg i starten av karrieren verke framandt, og var dermed eigna til å påverke vedkommande sitt syn på saka, og korleis denne vart referert.⁴⁶ For det andre er det også i funne konkrete prov på at rettsreferata i andre krinsar reint faktisk vart skrivne etter at tinget var heva.⁴⁷ Det kan difor

⁴² Om mørketal rundt dølgsmålsfødsler, sjå Øvstebø 2005 s. 24-25. I det undersøkte materiale finn vi også døme på at kvinner har fødd fleire barn (NH 1797B, HVL 1770), eller at døde spedbarn vert funne utan at mor vert avslørt (NH 1760, NH 1732).

⁴³ I tidsrommet 1702-1737 er det likevel ikkje funne ankesaker på lagtinget, og truleg har difor ingen dølgsmålssaker gått tapt i tingboklakuner desse åra, jf. Hansen 1993 jf. Vedlegg 2.

⁴⁴ Ein systematisk gjennomgang av lagtingsprotokollar kunne også vere eit verktøy for å avgjere kor vidt det har eksistert saker i dei tapte tingbøkene.

⁴⁵ Meir om sorenskrivaren under 3.4.1.

⁴⁶ Dobbe 1996 s. 24.

⁴⁷ Sunde 2006 s. 128. Sjø også 6.2.4.

stillast spørsmål ved kor autentisk til dømes munnlege formuleringar og argument i referata er.

På same måte som sorenskrivarane opererte utifrå sine føresetnader, kan også bakgrunn og grunnleggande førestillingar til den som gjer seg nytte av materialett påverke etterfølgjande studiar. Språk og kultur er også ei reell utfordring for dagens lesarar, og det er såleis ikkje usannsynleg at enkelte aspekt kan gå tapt i prosessen med å tolke materiale i ein moderne kontekst.

Til sist viser også karakter og omfang av informasjon som er teke med i kvar sak, at sorenskrivarane handterte oppgåvene si individuelt. Dei ulike rettsreferata som enda i dom strekker seg frå i underkant av to til over førti foliosider.⁴⁸ Sjølv om dette også delvis speglar kompleksiteten av kvar enkelt sak, er trenden at referata generelt og uavhengig av hendingsgang er fyldigare jo seinare ut i perioden ein kjem.

Skal ein samanfatta, må ein etter dette ha ei viss kritisk haldning til kva forskingsresultat ein kan få ut av denne type studie. Anna historisk materiale, både rettsleg, men også til dømes kyrkjebøker, kunne truleg vore med å opplyse temaet ytterlegare. Då formålet likevel er å undersøke rettsbruken på bygdetinget i snever forstand, er det valt å konsentrere seg om tingbøkene som primærkjelde.

2.3. Kjelder utover tingbøker

2.3.1. Primære og sekundære litterære kjelder

Avhandlinga er som vist i utgangspunktet avgrensa til eit relativt snevert rettsområde. Barsedrap og fødsjar i dølgsmål er likevel omtala i ei rekke historiske og retthistoriske studiar, både som hovudtema, men også som del av breiare undersøkingar. Historisk strafferett meir generelt er også gjennom bøker og ulike avhandlingar eit relativt opplyst tema, og det vil såleis vere mogleg å hente inspirasjon og informasjon til drøftinga mi frå ei rekke kjelder.

Eit innblikk i studiar som er gjort av ulike rettsområde, frå ulike tidsperiodar og i andre geografiske område, kan vere med å sette eventuelle funn i eit større perspektiv. Vidare vil bruken av slike verk til å utforme referanserammer for drøftingar, frigjere kapasitet til eit meir konsentrert studie av dei aktuelle sakene.⁴⁹

⁴⁸ Til dømes NH 1671 og SH 1789. Mengd med tekst på kvar handskrivne side varierer frå protokoll til protokoll, men med desse to sakene som døme utgjer referata mellom 1 og 36 dataskrivne sider (Times New Roman, skriftstorleik 12, 1,5 i linjeavstand). Sjå vidare 5.2.

⁴⁹ Slike undersøkingar

Dette vil igjen vere hensiktsmessig for omfanget og kvaliteten på dei sjølvstendige vurderingane.

Når det gjeld historiske kjelder i form av juridisk teori, vil desse også klårt ha relevans for drøftinga av korleis den materielle retten vart tolka i samtida. Utgreiingar frå rettsvitarane frå slutten av 1700-talet vil såleis vere ei viktig kjelde til å forstå kva rettsleg bilete dommarane på tinget hadde.⁵⁰ Rettsvitarane som er studert er danskane Christian Ditlev Hedegaard (1700-1781), Lauritz Nørregaard (1745-1804) og Christian Brorson (1762-1835), norskfødde Engelbrecht Hesselberg (1728-1788) og Jens Bing Dons (1734-1802), og islendingen Svend Sølvason (1722-1782).⁵¹ Delvis er det relevante innhaldet i verka deira blitt handsama i nyare litteratur, og noko informasjon vil såleis kunne hentast frå slike.⁵² Eit sjølvstendig studie av dei primære kjeldene vil likevel gi eit meir fullstendig og uhilda bilete av kva forståing samtida sine teoretikarar oppfatta som gjeldande rett. Desse utgreiingane vil difor bli nytta aktivt i utlegginga av rettsreglane sitt innhald, særleg i kapittel 6.

Ein utfordring med dei historiske lovkommentarane i høve til dette prosjektet, er likevel at vi ikkje har slike kjelder frå før 1756. Om ei samanhalding av desse utgreiingane ukritisk skulle bli lagt til grunn for tolking av lovtekst og gjeldane rett, utelukkar ein samstundes at retten har utvikla seg dei 100 åra i perioden vi ikkje har slike kjelder. Dette er eit moment som det er naudsynt å vere bevisst på, og det vert difor inntatt ei aktiv haldning når det gjeld å undersøke om teorien stemmer overeins med praksis i ulike delar av perioden.

2.3.2. Saker i vidare instansar

Ettersom arbeid med primærkjeldene både er tids- og plasskrevjande, er det føreliggjande prosjektet ikkje eigna til å gi rom for noko systematisk gjennomgang av korleis dølgsmålssakene vart handsama vidare i rettssystemet. I nokre tilfelle vil det likevel kunne vere hensiktsmessig å nytte informasjon om vidare saksgang for å belyse ulike aspekt. Til dømes kan det vere av interesse å undersøke overinstansane sine avgjerder der det synest å vere eit avvik i tinget si vurdering og konklusjon. På dei områda der det skjer ei utvikling i praksisen, vil det også vere relevant å undersøke om endringane faktisk skjer i førsteinstans, eller om dette blir gjort som ein respons på handsaminga av overretten.

⁵⁰ Sjå litteraturliste for dei ulike verka.

⁵¹ Bjørne 1995 s. 160, 164, 167, 174, 178 og 191.

⁵² Til dømes Nielsen 1980.

Då kjelder frå dei øvre rettsinstansane ikkje er transkribert og digitalisert slik som tingbøkene, er denne informasjonen naturleg nok vanskelegare tilgjengeleg. I den grad det eksisterer, vil difor informasjon som er nytta til å opplyse vidare saks- gang bli henta frå andre undersøkingar og studiar av perioden. I dei tilfella der det vert naudsynt å leite i primærkjeldene etter opplysningar, vil dommane måtte finnast og lesast på gotisk handskrift i dei originale protokollane, eller som digitalt skanna materiale.

3. Tinget som rettsleg institusjon

3.1. Innleiande merknad

Før innhaldet i dølgsmålssakene skal analyserast nærare, er det naudsynt å gi drøftingane ein kontekst. Praktisk gjennomføring av ting og tinget sin funksjon som konfliktløysingsorgan på 16- og 1700-talet, er relativt grundig handsama i historisk litteratur.⁵³ Det vil difor ikkje vere noko hovudpoeng å forsøke og gi eit detaljert bilete av dette i denne samanhengen. I undersøkingsperioden skjer det likevel fleire ytre endringar rundt tinget som konfliktløysingsorgan, og desse har på ulike måtar potensial til å påverke praktiseringa av dølgsmålsregelen. For å forstå mekanismane i rettssystemet og samstundes legge eit grunnlag for å drøfte betydninga av dei praktiske endringane, vil det difor bli gitt ei sakretta oversikt over dei mest relevante tilhøva rundt tinget som rettsleg institusjon.

3.2. Avvikling av ting

Tinget som konfliktløysande organ har eksistert i uminnelege tider. I utgangspunktet hadde det ein ad hoc- funksjon, og vart såleis samansett og styrt av eit utval lokale menn etter behov.⁵⁴ Gjennom ulike reformer vart samlingane likevel stadig meir organiserte. Frå 1590 var bygdetinget tvungen førsteinstans i alle saker. I Norske lov frå 1687, samt i den til loven vedlagte tavla over bygdeting, er både jurisdiksjonar, tidspunkt og gjennomføring av tingsamlingane utførleg regulerte.⁵⁵ Som det går fram av NL 1-3-10 hadde tinget tre ulike hovudfunksjonar. I tillegg til den rettslege, som er den relevante for denne framstillinga, var tinget også arena for tinglysing og for skatteforhandlingar og -innbetalingar.⁵⁶

Frå 1670 utgjorde Bergenhus stiftamt, tidlegare Bergenhus len, den overordna administrative eininga for det som i dag tilsvorar Hordaland og Sogn og Fjordane fylke. I forvaltningsområde som frå 1763 vart utskild som Søndre Bergenhus, låg Bergen, Nordhordland, Sunnhordland og Hardanger mv. sorenskrivarembete.⁵⁷ Som tidlegare presisert er det dei tre sistnemnde som skal handsamast vidare her.

Desse tre jurisdiksjonane var vidare inndelt i mindre einingar, nemleg skipreide. Av den nemnde tavla om bygdeting går det vidare fram at det i det enkelte skip-

⁵³ Jf. t.d. det omtalte tingbokprosjektet ved UiO.

⁵⁴ Sunde 2005 s. 81-83.

⁵⁵ Selberg 2010 s. 61.

⁵⁶ Sandmo 1992 s. 32.

⁵⁷ Sunde 2007/2008 s. 119.

reide skulle skal haldast tre, seinare omgjort til to, tingsamlingar kvart år.⁵⁸ Så sant vêret tillèt det, reiste dermed fut, sorenskrivaren og eventuelle andre hjelparar rundt til ulike gardar og tingstover på dei oppsette datoane og held samlingar der.⁵⁹ Utover 1700-talet vart det også vanlegare sette opp ekstraordinære ting for å handsame visse typar saker, og etter forordning av 19. august 1735 vart slik ekstrarett påbode i alle alvorlege straffesaker.⁶⁰ På dei lokale tingsamlingane møtte bygdelensmannen, dei utnemnde lagrettemennene og elles dei som var innblanda eller hadde interesse i dei ulike sakene. Allmugen hadde inga generell plikt til å møte på tinget, men det er likevel grunn til å tru at ein del nytta høve til å delta. I tillegg til å vere ein sosial møteplass var dette nemleg ein av dei få samfunnsrelaterte diskusjonsarenaene på landsbygda.⁶¹

3.3. Tinget som førsteinstans i eit domstolshierarki

Oppgåva er i hovudsak tufta på ei undersøking av bygdetingspraksis. Stundom vil enkelte avgjerder og prosessar for øvre instansar likevel bli nytta og kommentert, og det kan difor vere hensiktsmessig med eit kort overblikk over det tidsaktuelle domstolshierarkiet.

Det tvungne instanssystemet vart først innført ved instansbrevet av 1590.⁶² Etter dette måtte såleis alle saker først handsamast på det lågaste nivå, i vårt tilfelle bygdetinget, før dei kunne appellerast vidare. Som illustrert i figur 2 under, var hierarkiet deretter bygd opp av lagting, Herredagen og til sist kongen i København.⁶³ Overhoffretten tok likevel over for Herredagen som øvste nasjonale instans i 1666, og vart igjen erstatta av Stiftoverrettane i 1797.⁶⁴ I København vart ein ny Høgsterett oppretta i 1661, og denne fungerte dermed som ny øvsteinstans.⁶⁵ Som eineveldig hadde kongen like fullt framleis personleg øvste avgjerdskompetanse, med funksjon og konsekvensar som vil bli kommentert meir utfyllande under.

⁵⁸ Dobbe 1996 s. 43.

⁵⁹ Om tingreisene, sjå Bøgh 1901.

⁶⁰ Sunde 2009 s. 324.


⁶¹ Sandmo 1992 s. 32.

⁶² Sunde 2005 s. 209.

⁶³ Sandmo 1992 s. 32.

⁶⁴ Store norske leksikon (<https://snl.no/Overhoffretten>) [25.05.17].

⁶⁵ Stig Iuul 1961 s. 4.



Figur 2: Domstolshierarkiet for bygdetinget 1590-1799.⁶⁶

Ettersom underrettsdommarane i byrjinga mangla fagleg skolering utover eigen erfaring, var kompetansen i førsteinstans ofte låg. Då dei likevel var pålagt å dømme, hendte det at dei i vanskelege saker konsulterte lagmannen før dei avsa dom, mellom anna for å unngå ansvaret ved urette avgjerder.⁶⁷ I det undersøkte materiale ser vi også nettopp døme på dette, då lagmann eller hans fullmektig er rådspurd eller personleg til stades i alle dei tre dølgsmålssakene som enda i dødsdom før lova av 1687 vart sett i kraft.⁶⁸

Eit anna botemiddel for potensiell manglande kompetanse på bygdetinget, var moglegheita for å anke. I sivile saker var dette frivillig, men på strafferettens område utvikla det seg etter kvart ei omfattande ordning med tvungen appell. I Norske Lov frå 1687 gjaldt denne ordninga alle trolldoms- og drapssaker. I rettspleieforordninga I av 1719 vart det utvida til å ramme saker med dødsstraff, og frå og med rettspleieforordninga II i 1735 skulle alle alvorlege straffesaker vidare i rettssystemet.⁶⁹ Då den lovfesta dødsstraffa kvalifiserte dølgsmålssakene

⁶⁶ Figuren illustrerer berre gangen for saker som starta på bygdetinget. Byting, birketing og militærrett følgde til dømes eit anna system, jf. Erichsen 1993 s. 25.

⁶⁷ Sunde 2005 s. 199.

⁶⁸ NH 1643, NH 1671 og NH 1687.

⁶⁹ Sunde 205 s. 202.

til alle desse kategoriane, var dei i all hovudsak underlagt offentleg anke allereie frå vedtakinga av Christian 5. Norske lov.

I utgangspunktet gjaldt den offentlege appellen berre til lagtingsnivå. Vidare anke til Overhoffretten og Høgsterett måtte dermed skje på tiltalte sitt eige initiativ. Ved privat anke måtte utgiftene dessutan dekkast av den tiltalte sjølv, noko som for mange avgrensa moglegheitene for vidare rettargang. Ved forordning av 14. Juli 1714 vart den offentlege appellen difor utvida, og den dømte skulle etter dette også få spørsmål om han/ho ønska å anke saka både til Overhoffretten og Høgsterett.⁷⁰

Den eineveldige kongen trona øvst i domstolshierarkiet. Etter kongelova av 1665 stod han over den verdslege lova, og kunne såleis gi nåde, altså gjere om dommen, når som helst i prosessen. I rettspleieforordninga II av 1735 vart kongeleg handsaming i alle alvorlege straffesaker vidare gjort obligatorisk, og kongen sjølv måtte konfirmere alle eksekusjonar. Ettersom rettskjeldelæra var lovpositivistisk og streng, hadde den ordinære rettsutøvar lite rom til å ta omsyn til individuelle omstende i straffesaker. At kongen kunne sjå bort frå lov og vise nåde var såleis ein viktig rettstryggleiksgaranti, då han stod fritt til å justere dommar etter meir generelle rimelegheitsvurderingar.⁷¹

I det undersøkte materiale ser vi også at den omfattande ankehandsaminga og til sist kongen si vurdering fekk konsekvensar. Trass i dei elleve dødsdommane på bygdetinget, er det nemleg berre tre av kvinnene etter 1735 som faktisk vart avretta.⁷²

3.4. Dei rettslege aktørane på tinget

3.4.1. Sorenskrivaren

Sorenskrivaren var saman med futen øvrigheita sine representantar på tinget. Embetet vart oppretta ved kongeleg forordning av 1591 for å etterkome behovet for ein lese- og skrivekyndig aktør. I utgangspunktet var hovudoppgåva hans å orientere lagrettemennene om gjeldande rett, og å formulere rettsreferat på ein ordna måte. Utover på 1600-talet fekk skrivaren som lovkyndig likevel stadig meir å seie for sjølve domsavgjerdene. I 1643 fekk han lovfesta meddommar-

⁷⁰ Hansen 1993 s. 36-38.

⁷¹ Sunde 2005 s. 277.

⁷² SH 1787, HVL 1736, og HVL 1770, jf. vedlegg 6. I tida før 1735 er det så vidt kandidaten er kjend med ikkje gjort ei komplett studie av dette. I Hansen 1993 s. 252 og 253 vert det likevel indikert at talet avrettingar i barnedrapssaker skjedde noko hyppigare i åra 1702-1737. .

ansvar saman med lagrettemennene, og gjennom Christian 5. Norske Lov vart han i 1687 einedommar i alle saker som ikkje gjaldt fast eigedom, liv eller ære.⁷³ Han var vidare også ansvarleg for at avgjerdene som vart fatta var korrekte, og risikerte å måtte betale bot og/ eller erstatning for ulovleg sakshandsaming.⁷⁴

Sidan oppgåvene til sorenskrivaren i utgangspunktet var relativt lite kompliserte, var i førstninga det einaste kravet for å inneha stillinga at vedkommande kunne lese og skrive.⁷⁵ Etter kvart som han overtok stadig meir av ansvaret for sjølv rettsbruken på tinget, melde det seg likevel eit behov for betre utdanning. Eit viktig vendepunkt for sorenskrivarembete var såleis eksamensforordninga av 10. februar 1736.⁷⁶ Denne medførte eit krav om at alle rettslege embetshavarar skulle ha juridisk eksamen. Sjølv om pensum var avgrensa og ordninga tok noko tid å gjennomføre i praksis,⁷⁷ førte den utover 1700-talet til at sorenskrivarane kongeriket over fekk eit likare tankegods og ein felles teoretisk plattform.⁷⁸

I utgangspunktet var altså sorenskrivarane generelt godt kvalifisert gjennom opplæring og eigen erfaring i yrket. Dei fleste synest også å ha blitt verande i embetet lenge, og skikka stillinga si godt.⁷⁹ Eit klårt unntak frå forsvarleg maktutøving finn vi likevel gjennom studie av etterspelet til ei dølgsmålssak frå 1700. I tingboka er saka mot tenestejenta Marte Mogensdatter referert av sorenskrivar Christian Aboe som eit relativt klassisk tilfelle av fødsel i dølgsmål. Etter å ha blitt konfrontert med bygderykte, vedkjenner ho å ha gått aleine ut i floren seks år tidlegare for å føde eit barn. Etter oppmoding av husbond som òg var barnefar, gravla ho deretter dette i marka. På grunnlag av denne tilståinga vert ho dømt til døden etter NL 6-6-8.⁸⁰

Då ankesaka seinare kjem opp på lagtinget, vert det likevel avdekka fleire svært kritikkverdige sakshandsamingsfeil som ikkje går fram av tingbokreferatet. For det første vert det klårt at Marte vart utsett for tvang, mishandling, grove truslar og falske lovnader under avhøret der tilståinga først vart gitt. Mellom anna vart

⁷³ Dobbe 1996 s. 45-46.

⁷⁴ NL 1-5-3.

⁷⁵ Dobbe 1996, s. 47.

⁷⁶ Kongel. Forordninger og aabne Breve 1736 s. 44-46.

⁷⁷ Nilsen 2002 s. 40.

⁷⁸ Sunde 2007 s. 374.

⁷⁹ Dobbe 1996 s. 47 og Olafsen 1940 s. 150-151. Særleg kan ein sjå teikn på lang og tru teneste i Sunnhordland. På 1700-talet var det her berre totalt fire sorenskrivarar. Alle sat i embete i minimum 25 år, og tre av dei døde i stillinga. I samband med det som viste seg å vere usanne skuldingar, finn vi også i 1670 at sorenskrivar Paul Trulssen fekk gode skotsmål av både lagmann og allmugen. For å tilbakevise klagene (frå ein konkurrent til stillinga) om gjentekne «*forseelser*» erklarte dei eksplisitt at Trulsen utførte embetet sitt både vel og forsvarlig.

⁸⁰ NH 1699B

ho på futen Mads Holm og sorenskrivar Aboe sitt initiativ ulovleg arrestert, og skambiten av ein hund under avhøyr. Dette til trass for at tortur og bruk av tilståningar utanfor retten var forbode gjennom NL 1-18 og 1-15-2.⁸¹ Vidare kom lagtinget til at saka ikkje var godt nok opplyst, då vitneføringa om svangerskap og fødsel var svært ufullstendig.⁸²

Med eit slikt prova avvik mellom tingbokreferat og reell hendingsgang i minnet, kan det vere nærliggande å stille spørsmålet om liknande press også kan ha førekomme i ytterlegare saker. Rettssaka mot Kari Jacobsdatter i 1699 gjekk til dømes på same futegard der Marte året etter vart utsett for den nemnde mishandlinga. I rettsmøte tilstår Kari å ha gått ned til naustet og fødd eit jentebarn, for deretter å gøyme det under ei steinhelle. Som ho også forklarte til lensmannen i samband med barnefunnet, held ho likevel fast på at barnet ikkje hadde liv etter fødselen. Retten blir deretter utsett til neste morgon slik at «*Hun Sig detz Betre Kunde Betenche Sin Sandhed at forKlare*». Dagen etter er det så ganske kort innført i tingboka at Kari «*efter mange formanelser*» tilstod at barnet hadde hatt liv, og at ho sjølv la «*hindis haand paa Munden*» slik at det omkom.⁸³ Som Marte vart også Kari dermed dømt til døden etter NL 6-6-8.⁸⁴ Sjølv om det ikkje eksisterer ytterlegare opplysningar å støtte seg til, synest det i denne samanheng noko påfallande at Kari tilsynelatande ikkje blir funne å ha fortalt «*Sin Sandhed*» før ho endrar den til då stadige forklaringa si om at ho ikkje overlagt var årsak i barnet sin død. Kva som ligg i «*formanelser*», og kvifor tilståinga først skjer etter ei natt på futegarden med både Aboe og Holm til stades, er også eigna til å så tvil om den etterfølgjande saka mot Marte Mogensdatter var den første og/eller einaste der tiltalte kom med tilståningar heilt eller delvis grunna utilbørlig press frå øvrigheita sine representantar.

Trass i slike speulasjonar er truleg Aboe og handsaminga av Marte Mogensdatter eit unntak frå regelen av relativt kompetente og velmeinande embetshavarar. Avsløringa på lagtinget og konsekvensane dette fekk for Aboe og Holm illustrerer nettopp at det eksisterte eit relativt velutvikla rettstryggleiksvern, også der resursvake kvinner stod overfor mektige øvrigheitsrepresentantar; Begge aktørane vart avsett grunna misleghald i tenesta, og Marte vart frifunne av både lagting og seinare overhoffretten.⁸⁵

⁸¹ Erichsen 1993 s. 52.

⁸² Kleveland 2006 s.83-86.

⁸³ NH 1699A fs. 35b.

⁸⁴ Etter den siste vedkjenning skulle truleg Kari rettsteknisk sett ha blitt dømt etter NL 6-6-7 om overlagt drap. Straffa ville likevel vorte den same, sjå punkt 2.3.

⁸⁵ Kleveland 2006 s. 85-86.

3.4.2. Fut

Etter NL 1-5-9 var futen pålagt å vere til stades på tingsamlingane som vart haldne, mellom anna for å «*tilsee, at Retten skikkelig holdis*». Dei var også ansvarleg for all oppebørsel i sine respektive distrikt, og hadde dermed som oppgåve å krevje inn skatt og offentlege avgifter.⁸⁶ I tingbøkene og dølgsmålssakene er det likevel først og fremst som representant for offentleg påtalemyndigheit vi møter futen. I referata er det såleis han som formelt legg ned påstand om straff, og etterkvart presenterer argument som talar for domfelling.

Sjølv om futen hadde rolla som aktor, var offentleg påtale i straffesaker i utgangspunktet ikkje hovudregelen. Det var den krenka parten sjølv som måtte stemme lovbrytaren på tinget, og etter NL 6-6-3 tilkom påtaleretten i drapssaker primært næraste arving til avdøde. Subsidiært kunne også den lokale øvrigheita ta slike saker til tings. Då det berre var mor som hadde arverett etter uekte barn, og denne retten dessutan gjekk tapt ved å drepe barnet, fekk øvrigheita likevel automatisk påtalerett i desse sakene.⁸⁷ Vi møter difor fut eller fullmektig for denne som part i alle dølgsmålssakene.

3.4.3. Lagrettemenn

Som nemnd bygger tinginstitutet på ein lang tradisjon der lekmenn kom saman og dømte sine likemenn. I byrjinga utnemnde sysselmannen seks eller 12 lagrettemenn etter kor vanskeleg saka var,⁸⁸ men i undersøkningsperioden er dette endra til åtte faste representantar.⁸⁹ Ettersom sorenskrivaren tok over stadig fleire av lagrettemennene sine dommaroppgåver, vart rolla deira i stor grad redusert til å vere rettsvitne som saman med futen såg til at alt gjekk rett for seg på tinget. I saker som omhandla fast eigedom, liv og ære hadde dei derimot framleis ein dømmende funksjon saman med skrivaren.⁹⁰

Ettersom dølgsmålssakene i høgste grad var liv- og æressaker, er retten sett med både sorenskrivar og lagrettemenn som dommarar i alle sakene i undersøkningsperioden. I utgangspunktet skulle dette tilsei at avgjerdene speglar både sorenskrivar og lekmenn sine meiningar. Kor mykje makt meddomsmennene hadde, og

⁸⁶ Sandmo 1992 s. 38.

⁸⁷ Nielsen 1980 s. 3-13.

⁸⁸ Sunde 2005 s. 218.

⁸⁹ Sandmo 1992 s. 36.

⁹⁰ *Ibid.*

kven som reint faktisk hadde det siste ordet når dommen skulle falle, går likevel ikkje alltid klårt fram av rettsreferata.⁹¹

I fleire av domsavseiingane er det nytta relativt solidariske formuleringar som «*af os samptlige*»,⁹² «*af den Ganske Rett*»,⁹³ og «*af Dommeren og MedDoms Mænd*»⁹⁴ for å skildre kven som avseier den endelege dommen. Når slike vendingar er nytta, synest det forsvarleg å konkludere med at dommen har vore samrøystes. Noko meir uavklart er det i dei tilfella der den dømmande makt omtalar seg sjølv meir nøytralt som «*Retten*» eller ikkje identifiserer seg i det heile.⁹⁵

I den andre enden av skalaen finn vi ei relativt oppsiktsvekkande frikjennings sak frå Nordhordland i 1705. Her er det tilsynelatande sorenskrivaren sitt personlege syn som vert presentert når det står skrive «*Thj, Kand Jeg hende iche ansee, for at have forsetlig willet føde udj Løndom; og fordult dette hendis foster*». ⁹⁶ Om dei framømte lagrettemennene var einig eller ueinig i denne konklusjonen går ikkje fram av referatet. Ein kan difor berre spekulere i om sorenskrivaren, som på dette tidspunktet var einedommar i mange saker, formulerer seg av gamal vane, eller om det skjuler seg ein dissens bak det eine ordet «*Jeg*» i denne saka.

3.4.4. Forsvararen⁹⁷

Som indikert ovanfor var den rettslege prosessen, også på strafferetten sitt område, stort sett styrt av private partar. Tiltalte måtte såleis sjølv føre bevis og kalle inn vitne som kunne tale deira sak, og var i stor grad avhengig av eigen eller nærstående sin kompetanse og kunnskap i dei rettslege spørsmåla. Sjølv om det grunna større førekomst av meir avanserte juridiske problemstillingar eksisterte saksførande prokuratorar i byane, var det etter NL 1-9-5 forbode for desse å møte i retten på landsbygda.

Ordninga med offentleg oppnemnd forsvarar i alvorlege straffesaker vart først introdusert ved den nemnde rettspleieforordninga av 19. august 1735. Etersom forsvararane i byrjinga hadde lite kompetanse og svært avgrensa lovpålagte

⁹¹ I Sunde 2009 s. 340-341 går det fram at den første refererte dissensen i rettsprotokollane for Nordhordland skjedde i 1770. Dette kan tyde på at lagrettemennene i ein periode etter lovfesting av sorenskrivaren sin meddommarplass i 1643 og fram til dette hadde lite reell makt til å påverke domsavgjerdene.

⁹² NH 1715 α fs. 21b, NH 1718 fs. 162b og NH 1732 α fs. 141b.

⁹³ SH 1758 fs. 219, SH1759 fs.311b, SH 1786 fs. 317b, SH 1787 fs. 40b.

⁹⁴ SH 1778 fs. 26b, SH 1789 fs. 182.

⁹⁵ T.d. SH 1743 fs. 111 og HVL 1712 fs. 207.

⁹⁶ NH 1705A fs. 101b. Saka er omtala nærare i 6.3.2.

⁹⁷ Opplysningar i den generelle utgreiinga er henta frå Sunde 2009 s. 322-327.

plikter, førte ordninga i praksis til lite anna enn ei sikring av at saka vart anka til overretten. Det var dermed først ved forordninga av 22. mai 1751 at den oppnemnde «*defensor*» reint faktisk vart forplikta til å kome med eit forsvar for tiltalte. Dette vart formulert slik at forsvarar så vel som aktor vart pålagt å «*med lovlige Vidner og skiellige Beviser søge al den Oplysning, som haves kan*».⁹⁸

Sjølv om det i utgangspunktet var ein skolert prokurator som skulle utføre forsvararoppgåvene, var det i byrjinga avgrensa kor mange som hadde slik erfaring. I 1735 var slik kompetanse naturleg nok også først og fremst lokalisert i byane. I tiåra etter innføringa av eksamensforordninga av 1736 vart det likevel stadig fleire med juridisk utdanning i rettssystemet, noko som i utgangspunktet skulle tilseie at det vart betre tilgang på prokuratorar, også for folk på landsbygda.

I dei undersøkte dølgsmålssakene er det likevel eit klårt mindretal av dei tiltalte kvinnene som vart tildelt ein utdanna forsvarar. Av totalt sytten snevre saker som gjekk på tinget etter 1735, er det berre i tre at forsvararen hadde prokuratorittel. Blant dei resterande vart tre kvinne representert av ikkje-titulerte menn, medan forsvararoppgåva i heile elleve saker ser ut til å vere delegert til den lokale lensmannen.⁹⁹

Sjølv om ein dermed berre unntaksvis ser døme på noko som liknar eit reelt forsvar av dølgsmåltiltalte før 1751, er det særleg éi tidlegare sak som skil seg ut. På bygdetinget for Opdals Skipreide i Sunnhordland stod Sille Knudsdatter Gadd tiltalt i 1705, etter at ho som dotter på garden hadde sendt tenestefolket ut av stova der ho like etter fødde sitt uekte barn. I retten møter far hennar, Militær auditor ved Bergenhus Regiment Knut Gadd, og legg fram ei rekke argument for kvifor dotter hans ikkje kan dømast for fødsel i dølgsmål. Om det avgjerande var den sosiale posisjonen hans eller den juridiske tyngda av argumenta om at Sille ikkje hadde søkte til ein «*eenlig*» stad, og at ho roppte så høgt «*som andre Barsel Qvinder*», står fram som noko uklårt.¹⁰⁰ Dommen på heimtinget vart uansett fullstendig frikjenning. Avgjerda vart likevel endra til dødsstraff på lagting, og deretter stadfesta i både Overhoffrett og Høgsterett.¹⁰¹

Saka er for det første illustrerande for den avgjerande betydninga kvalifisert assistanse kunne få i retten. Samstundes er det ein, i denne undersøkinga sjeldan, indikasjon på at det tidvis eksisterte eit reelt klasseskilje for dei ulike kvinnene som

⁹⁸ Kongel. Forordninger og aabne Breve 1751 s. 33-39.

⁹⁹ Jf. Vedlegg 4, tabell 15. I tre av sakene er lensmann forsvarar for far, medan ein ikkje-titulert mann forsvarar mor.

¹⁰⁰ SH 1705A fs. 28.

¹⁰¹ Hansen 1993 s. 134. Sille vart likevel benåda av kongen,

var tiltalt for å ha fødd i dølgsmål. Medan Sille hadde ein godt posisjonert og truleg velutdanna far som kunne tale hennar sak, var mange tenestejenter overlate til seg sjølv eller ressursvake familiar i møte med rettsapparatet.

Ordinga med offentleg oppnemnt forsvarar fungerte difor til ei viss grad, på den måten at den sikra eit visst minstemål av rettshjelp uavhengig av sosial status. Likevel ser vi at mange som vart tildelt oppgåva neppe var kompetente til å utføre denne forsvarleg. Fleire gonger går det nemleg fram av referata at defensor sin einaste kommentar til saka er at han «*icke udfinde[r] noget til hendes frielse fra døds strafs lidelse*».¹⁰²

¹⁰² SH 1758 fs. 219, tilsvarande i NH 1753 fs. 320 og NH 1760 fs. 360b-361. I HVL 1736 uttalar ikkje utnemnt forsvarar seg i det heile.

4. Rettstilstand og utgangspunkt for dølgsmåls-sakene

4.1. Innleiande merknad

Vi har no fått eit innblikk i dei praktiske omstenda rundt tingsamlingane, og rolla til dei ulike aktørane. For å kunne seie noko om årsakssamanhengar ved eventuelle endringar i retten, skal vi vidare kommentere dei materielle og kjeldepessige utgangspunkta, slik dei fortona seg for desse aktørane på dei respektive tidspunkta. Dette gjeld både rettstilstanden og metodelære generelt, men også utviklinga av reglane rundt barnedrap og fødsjar i dølgsmål meir konkret. Som i kapittel 3 vil det innan for rammene av oppgåva heller ikkje her vere hensiktsmessig med ei detaljert og inngåande utgreiing av metode og rettskjeldebilete.¹⁰³ Presentasjon og drøfting av den rettstilstanden vil såleis bli avgrensa til eit relativt kort innblikk i kva formelle og uformelle rettskjelder som er observert nytta i dølgsmålssakene.

Innleiingsvis vart lovtekst presentert som den sentrale rettskjelda i perioden. Utvikling av lovverket vil difor bli kommentert i 4.3 under. For å unngå gjentakningar vil det materielle innhaldet i dølgsmålsføresegna likevel i hovudsak bli utleia i det følgjande kapittel 6.

4.2. Metodelære og rettskjelder

4.2.1. Merknad om metode

Lovteksten var altså den fremste, og formelt sett einaste, rettskjelda frå 1600-talet og utover. Sjølv om det omfattande lovarbeidet til Christian 5. i utgangspunktet var meint å regulere all rett, var dette likevel openbert ikkje tilfellet. Lova utgjør om lag 1800 føresegner, og berre mellom 1726 og 1796 kom det rundt 3750 nye forordningar og plakatar.¹⁰⁴ Dette er ein klår indikator på at rettsbilete framleis var ufullstendig.

I dei tilfella der retten syntest urimeleg eller uklår, hadde dermed underrettsdommarane formelt sett lite å støtte seg til. Etter kvart som eksamen vart obligatorisk fekk dei rettslege aktørane likevel ein noko større teoretisk plattform. Vidare var det, som vi vil sjå under, ei rekke uformelle kjelder som i større og mindre grad vart nytta. Sjølv om rettskjeldelæra i utgangspunktet stridde imot å

¹⁰³ Dette er også handsama i anna litteratur, m.a. Sunde 2007.

¹⁰⁴ Sunde 2007 s. 65 og 66.

vektlegge anna enn lov, var metoden i praksis truleg difor meir variert og omfattande enn denne læra skulle tilsei.

4.2.2. Eigne avgjerder

Éi av kjeldene som ser ut til at har blitt nytta for å utleie retten, er sorenskrivaren sine egne tidlegare avgjerder. Tydlegast finn vi dette i to saker som begge går på tinget under eitt år etter den førre dølgsmålssaka i krinsen. I dei to tidlegare omtala sakene frå Nordhordland mot Kari Jacobsdatter og Marta Mogensdatter, synest nemleg heile seksjonar i referatet frå saka til sistnemnde å vere rein avskrift frå den første.¹⁰⁵ Også i sakene mot Marite Odsdatter Frette og Anne Rasmusdatter Bakkesund frå Sunnhordland har sorenskrivaren tilsynelatande kopiert enkelte formuleringar frå tidlegare avgjerder.¹⁰⁶

Kari Jacobsdatter	Marta Mogensdatter
«...effter for Indførte acters Nermere forklaring, med huilched Barn Hun saa haver :/alle uwidende/: Hen ganged til den 30 Julj (...) der hun fich ont, samme dag er hun, allene gaaed neder til Hielmtveet Nøstet (...) uden nogen Mienisches Widende, eller Bij Werelse» ¹⁰⁷	«...effter for Indførte Acters Nermere forklaring, med huilched Barn Hun saa haaver alle u-Widende Hen gaaet til d/en 14 May 1694, og der hun fick ondt, Samme dag er hun allene gaaed til floren, uden nogen Mienisches Widende eller Bij Werelse» ¹⁰⁸

Tabell 2: Døme på samanfallande tekst

Det kan sjølvstakt vere at sorenskrivarane først og fremst valte denne framgangs måten for å spare tid og arbeid med å formulere seg på nytt. I saka mot Marite Odsdatter er det straffeutmåling og tilvisinga til lovverket som er kopiert, medan alle vurderingar og utgreiingar før dette ser ut til å vere individuelle.¹⁰⁹ I referata frå Marta Mogensdatter og Anne Rasmusdatter Bakkesund si sak er derimot også delar av den juridiske utgreiinga og subsumsjonen tilsynelatande rein avskrift. I

¹⁰⁵ NH 1699A og NH 1699, jf. 3.4.1.

¹⁰⁶ SH 1758 og SH 1759, SH 1778 og SH 1786.

¹⁰⁷ NH 1699A fs. 55b.

¹⁰⁸ NH 1699Bfs. 114.

¹⁰⁹ Likevel synest kopiering å ha til konsekvens at begge kvinnene vart dømt til avretting med sverd, noko som jf.4.4 var i strid mot forordninga av 9.august 1731.

alle desse sakene er også dommen identisk med den i det avskrivne referatet.¹¹⁰ Konsekvensen av at sorenskrivaren såg til sine egne avgjerder, er dermed at ein tidlegare dom vart tillagt ei form for presedensverknad.

Sjølv om det naturleg nok er vanskeleg å prove at sorenskrivaren har nytta tidlegare avgjerder der sjølvve teksten ikkje er identisk, har vi også andre døme på at oppbygging av referat og domsavgjerdja synest svært samanfallande.¹¹¹ Omfanget og den reelle påverknaden det hadde for vurderingane at sorenskrivarane såg til gamle avgjerder, er likevel vanskeleg å sei noko om utan ei meir konsentrert og saksuavhengig undersøking av fenomenet. I denne samanheng vert det difor berre peikt på at slik bruk førekom, og at sorenskrivarane i desse tilfella aktivt nytta andre kjelder enn lov.¹¹²

4.2.3. Overretten sine avgjerder

Sjølv om den lovsentrerte rettskjeldelæra tilsa at prejudikatsbruk i utgangspunktet ikkje skulle førekome, var truleg ein av konsekvensane av det tvungne ankesystemet at underrettsdommarane i større grad rette seg etter overrettane sine avgjerder.¹¹³ Som presentert i kapittel 3.4.1 hadde underrettsdommarane eit personleg ansvar for at sakshandsaminga var forsvarleg, og dei kunne bli idømt bot dersom dette ikkje vart følgd. At avgjerdene etter ulike reformer vart kontrollerte, verka truleg motiverande for å fremme rettseinskap mellom dei ulike instansane.

Ettersom overrettspraksisen ikkje er systematisk gjennomgått, er det vanskeleg å avdekke klare og eksplisitte døme på at slik innretting fann stad på det undersøkte rettsområdet. Ein mogleg indikator har vi likevel i det vi skal sjå nærare på i kapittelet om bruk av vitne i rettsmøta 5.4.2. I sakene som går i Nordhordland etter at Aboe vart kritisert på lagtinget for utilstrekkeleg vitneføring, ser vi nemleg ein brått aukande og deretter relativt konsekvent bruk av vitne for å opplyse ulike delar av saksfaktumet. Om denne utviklinga aleine skuldast refsinga av Aboe blir sjølv sagt berre spekulasjon, men det kan altså hende at lagtinget sine utsegn i denne saka har hatt innverknad på den etterfølgjande bygdetingspraksisen.

¹¹⁰ Samstundes som dei avvik frå dei andre sakene i same periode, jf. vedlegg 3 og kapittel 4.4.

¹¹¹ 6.3.2

¹¹² Frå Sunnfjord i Sogn og Fjordane er det også bevart ei samling av avgjerder som vart samla av sorenskrivaren Hans Arentz som skulle vere til døme og hjelp i kommande saker. Jf.SAB: Sorenskrivaren i Sunnfjord X.E.g. "Ariadnes tråd" Juridisk formularbok.

¹¹³ Sunde 2005 s. 205.

4.2.4. Brev, upubliserte manuskript og lov-kommentarar

Som tidlegare skrive vart det utgitt fleire lovkommentarar på siste halvdel av 1700-talet. Desse eksisterer framleis, og vi har såleis tilgang på ein stor del av dei diskusjonane rundt rettsbruk som gjekk føre seg i dei høge krinsane i København. Ved å samanhalde desse med rettsreferat frå perioden er det mogleg å dokumentere i kva grad dei vart brukt, og om dei ser ut til å ha fått fekk verknad på rettsbruken.

Utover 1700-talet vart det likevel også produsert ei rekke manuskript som i ulik form utleia og forklarte rettsreglar. I tillegg til dei utgitte lovkommentarane i bokform, var slike dokument mellom anna til hjelp i eksamensførebuinga etter forordninga 1736. Ein må vidare rekne med at kommunikasjon og diskusjonar i brevformat var med på å spreie og påverke ulike tolkingar av retten.¹¹⁴ Ettersom det ikkje eksisterer noko oversikt over omfang og utbreiing av denne type kommunikasjon og manuskript, er det likevel vanskeleg å vite i kva grad underrettsdommarane hadde tilgang på og nytta slikt materiale ved tolking av reglene rundt dølgsmål og barnedrap. Eit par spreidde observasjonar indikerer likevel at ei slik utveksling av rettslege førestillingar også på dette område verkeleg har funne stad, også langt tidlegare enn 1736.

Eit døme på dette er ei sakene mot Sygni Olsdatter og Brite Jakobsdatter frå 1705 som vil bli nærare drøfta under 6.3.2. Kort summert ser det der ut til at vilkår frå den svenske dølgsmålsregelen blir nytta for å utleie innhaldet i den dansknorske lovføresegna. Det kan dermed tyde på at den aktuelle sorenskrivaren har hatt kontaktar som på eitt eller anna vis har formidla desse momenta, før han sjølv har trekt dei inn i ei konkret drøfting.

Eit anna døme finn vi i ei nærast identisk formulering som tilsynelatande ikkje har opphav i noko positivt rettskjelde. Som eit unnskyldande argument blir det i overhoffretten 13. mars 1706 trekt fram at den tiltalte Brite Jakobsdatter «*til siger, at hindis barnefødsel er hende uformodentlig paakommen i marken, hvor ingen kunde komme hende til hielp*» (mi utheving).¹¹⁵ 65 år seinare, 20. desember 1771 utforma generalprokurør Henrik Stampe på Struensee sin ordre eit «Forslag til forordning angaaende Straf for Barnemord og Barnefødsel i dølgsmaal». Av 3. artikkel går det her fram at «*Den kan ikke ansees at have født i Dølgsmaal, som for Andre har tilstaaet og aabenbaret sit Svangerskab, skiønt Fødselen hende*

¹¹⁴ Sunde 2007 s. 149-152.

¹¹⁵ Overhoffretten Avsiktsprotokoll 1706, s. 16b.

siden uformodentlig er paakommet på et sted, hvor Andre ikke vare tilstæde, og hvor hun altså ikke kunde kalde nogen til hielp» (mi utheving).¹¹⁶

Den nærast identiske ordlyden synest svært samanfallande til å vere ein rein tilfeldigheit. Kan hende har det difor eksistert nokre omtalar omkring dette som har versert mellom dei ulike rettslege aktørane, som til sist har gitt utslag i dei nemnde formuleringane. Denne enkeltstående observasjonen er i seg sjølv ikkje tilstrekkeleg til å prove at det har funne stad ei konsekvent eller omfattande bruk av juridiske notat mellom underrettsdommarar. Funna indikerer likevel at dei rettslege aktørane trass i, eller kanskje nettopp på grunn av, den snevre rettskjelde-læra aktivt nytta uformelle kjelder for å utleie gjeldane rett frå lovteksten.

4.3. Rettsleg regulering av barnedrap og fødsjar i dølgsmål

Vi har til no sett på dei praktiske rammene og generelle rettskjeldebilete som aktørane opererte innafor. Før det vil bli gjort ei meir samanhengande analyse av skilnader og likskapar i dei avdekka tingboksakene, skal den historiske utviklinga og utforminga av dei konkrete rettsreglane som regulerte barnedrap og fødsjar i dølgsmål presenterast.

Ei av hovudårsakene til den auka førekomsten av barnedrap på 16- og 1700-talet var dei etter kvart svært tyngande konsekvensane av at eit ulovleg seksuelt forhold skulle bli kjend. I kjølvatnet av reformasjonen i 1537 auka både den moralske fordøminga, så vel som kyrkjelege og verdslege straffer for utukt, og regulering og kontroll av dette vart stadig strengare.¹¹⁷ Realiteten for ressursvake kvinner som valte å bere fram eit uekte barn var difor ofte eit overveldande møte med «*Skammen, Verdens foragt, timelig Velfærds Tab, Forældrenes Forbandelser, Udstøtelse af Familien*»¹¹⁸ og «*tab af alt haab om timelig Lykke*».¹¹⁹ At så mange heller valte den einsame skulda og ein livstruande strafferisiko ved å skjule graviditeten, illustrerer i seg sjølv kor dystre ei slik framtidsutsikt måtte vere.

Sjølv om kongen sitt påbod frå 1555 om halvårleg inspeksjon av alle ugifte kvinner viser at problemstillinga om skjulte svangerskap allereie då var kjend, var det likevel først ved forordninga av 31. mars 1635 at fødsjar i dølgsmål formelt oppstod som eigen strafferettsleg kategori. Fram til dette vart kvinner som hadde teke livet av det nyfødde barnet sitt handsama etter reglane om ordinært mord.¹²⁰

¹¹⁶ Stampe 1806 s. 271.

¹¹⁷ Nielsen 1980 s. 3-5 - 3-6.

¹¹⁸ Nørregaard 1788 s. 156.

¹¹⁹ Brorson 1797 s. 130.

¹²⁰ Nielsen 1980 s. 3-6.

Frå 1635 vart desse typar drap derimot rekna som ein eige type lovbrøt, og det vart innført ein objektiv regel med ein rettsleg presumpsjon om mord der ein avdekka fosterdød blant kvinner som fødte aleine. Forordninga går slik fram mellom anna i Store Reces av 1643, 2-5-1:

«Saafremt noget letfærdigt Quindfolck vorder med Barn, oc med sin Barnefødsel lønlig oc i Døølsmaal omgaaits, oc same Barn borte bliffuer eller paaskydis, død at være fød, da, efterdi same Quindfolck icke haffuer begierit at bruge ordentlige aff Gud Allermectigste beskickedede Middel, som sig oc Fosterit udi saadanne Tilfalde kunde betiene, skal hun icke betre actis, end den, som sit Foster med Vilige haffuer ombract.»

For å sikre at dei skuldige kvinnene vart oppdaga og rettsforfølgd, vart det også gitt ein ytterlegare regel om meldeplikt ved barnefunn og synfaring av desse i 2-5-2:

«Efftersom befindis mange letfærdige oc besoffuede Quindfolckis Børn alt for tit (disværre) uskyldigen at komme aff Dage, oc saaledis uden Forskel stedit til Jorde, at ey vidis, om det imod Moderens Vilige aff vanvare kand haffue mist Liffuet, eller oc med forsetlif Forsømmelse eller uchristelig Medfart ombract, da skal ingen saadanne Børn, som uden Ecteskab ere affulet oc døde findis, maa jordis, førend Præsten derom advarit haffuer giffuet Synsmænd opkreffue, som den Døde skal syne; findis da nogen kiendelig Tegen til Handgierning, eller til Mistancke billig Anledning, forfølgis sagen aff Herskabet loulig til Tinge som andet Drab.»

Begge desse føresegnene vart vidareførte med tilsvarande innhald i Christian 5. Norske Lov i 1687. I tillegg vart det då innført ein eksplisitt regel om overlagt barnedrap, artikkel 7, som kodifiserte den til då noko varierende praksisen med kvalifisert dødsstraff for ugjerninga.¹²¹ Dei tre artiklane om barnedrap som i Norske Lov bok seks «*Om Misgierninger*», kapittel seks «*Om Manddrab*» vart ståande som gjeldande rett fram til kriminalloven av 1842 var dermed:

Art. 7

«Letfærdige Qvindfolk, som deris Foster ombringe, skulle miste deris Hals, og deris Hoved sættis paa en Stage.»

Art. 8

¹²¹ *Ibid.* s. 3-8.

«Vorder noget letfærdigt Qvindfolk med Barn, og med sin Barnefødsel i Dølsmaal omgaar, og ikke bruger de ordentlige beskikkede Midler, som hende og Fosteret i saadant Tilfald kunde betiene, og samme Barn borte bliver, eller paaskydis at være dødt født, eller i andre Maader forkommet, da skal hun agtis saasom hun sit Foster med Villie hafde ombragt.»

Art. 9

«Ingen letfærdige og besovede Qvindfolkis Børn, som uden Egteskab avlede ere, og døde findis, maa jordis førend Præsten derom advaret haver givet Øvrigheden det tilkiende, hvilken strax lovligen dertil skal lade Synsmænd opkræve, som den Døde skulle syne. Findis da nogen kiendelig Tegn til Haandgierning, eller til Mistanke billig Anledning, at med Barnet ikke er lovligen omgaaet eller handlet, da forfølgis Sagen lovlig til Tinge af Husbonden som andet Drab.»

Etter dette kunne dei kvinnene som ikkje viste eit levande barn etter å ha fødd aleine, etter tilhøva bli dømt til døden både etter artikkel 7 og artikkel 8. I det undersøkte materiale skjer likevel overlagt drap etter NL 6-6-7 utelukkande i samband med ein fødsel i dølgsmål. På tinget er det hovudsakleg vilkår og innhald i NL 6-6-8 som er drøfta, og denne føresegna står difor også i sentrum i den vidare utgreiinga

4.4. Straff i dei snevre sakene

Som nemnd ovanfor vart straffa for å ha fødd i dølgsmål først kodifisert ved Norske lov i 1687. Før dette var det dermed til ei viss grad opp til kvar enkelt dommar å avgjere korleis ein ville handsame ein presumert spedbarnsmordar. Alvorsgraden av å drepe eit spedbarn var likevel svært høg, og av Sølvason vert brotsverket karakterisert som *«et av de groveste Nidingsverke (...) som neppe findes hos de grummeste Bester»*.¹²²

I dei tre snevre dølgsmålssakene som gjekk på tinget i Nordhordland før den nye straffereguleringa vart sett i kraft, er såleis alle dømt til halshugging.¹²³ Om dette skal skje med øks, eller meir ærefullt med sverd, er ikkje presisert. Ane Joensdatter har i 1643 i tillegg til å føde i dølgsmål *«Afflet Barn»* med to brør, og

¹²² Sølvesen 1776 s. 86.

¹²³ NH 1643, NH 1671 og NH 1687.

dermed gjort seg skuld i blodskam.¹²⁴ Som føreskrive vert liket hennar difor saman med barnefar sitt i tillegg dømt til å «*siden Kastes paa Ilden*».¹²⁵

Ved NL 6-6-7 vart straffa som vist standardisert, og kvinnene skulle etter denne «*miste deris Hals, og deris Hoved sættis paa en Stage*». Om avrettinga skulle skje med sverd eller øks var likevel usikkert, og var ikkje gjenstand for regulering før i ei forordning av 9.august 1731.¹²⁶ I utgangspunktet medførte denne forordninga at alle barnemordarar skulle avrettast med øks, men truleg grunna ei stadig uklår utforming varierer den idømte avrettingsmetoden i heile undersøkingsperioden¹²⁷

Når det gjeld det dei få snevre sakene som av ulike grunnar ikkje enda i dødsdom ser vi ei interessant utvikling i straffeutmålinga utover på 1700-talet. I 1705 er det éi kvinne i Nordhordland og éi i Sunnhordland som trass i å ha skjult svangerskapet og fødd eit barn utan å tilkalle hjelp, ikkje vert funne å oppfylle vilkåra i dølgsmålsregelen. I begge desse sakene kjem underrettsdommarane til at tiltalte må gå heilt straffri for forholdet, tilsynelatande fordi dei utanom dødsdommen i 6-6-8 ikkje hadde noko lov å straffe dei etter.¹²⁸ I seks saker frå Sunnhordland frå 1743 og utover vert derimot kvinnene som ikkje blir funne å oppfylle vilkåra i 6-6-8, likevel dømt til ei arbitrær og ulovfesta straff på mellom 6 år og livstid.¹²⁹

Kva utvikling som faktisk skjer i rettsbruken og kva bakgrunnen for dei ulike utfalla er skal handsamast meir inngående under kapittel 7. I denne samanhengen kan det likevel kommenterast at ei slik endring i straffepraksisen indikerer ei utvikling. Dette gjeld både fordi underrettsdommarane slutta å konsekvent i dømme dødsstraff, men også fordi kvinner etter 1743 vart idømt strenge straffer utan noko klår lovheimel.

¹²⁴ NH 1643 fs. 24b.

¹²⁵ Terjesen 1994 s. 22.

¹²⁶ Nielsen 1980 s. 3-18.

¹²⁷ Vedlegg 3.


¹²⁸ NH 1705A og SH 1705A. Begge kvinnene blir likevel dømt til å betale leiarmålsbøter.

¹²⁹ Vedlegg 3.

5. Skilnader og likskapar i prosess og praktiske omstende

5.1. Innleiande merknad

Til no har vi sett korleis dei overordna rettslege omstenda skapte ei ramme for rettsutøvinga på bygdetinget, og har illustrert dette gjennom utvalte døme frå tingbokmaterialet. I dette kapitlet vil forskingsresultata av tingbokundersøkingane bli presenterte meir samla. For å avdekke eventuelle endringar i førestillinga om og praktiseringa av retten, er det først og fremst av interesse å studere den juridiske prosessen og argumentasjonen som er nytta. For å få ei oversikt før den materielle retten vert drøfta i kapittel 6, vil det bli gjort eit par statistiske utgreiingar, samt ein gjennomgang av meir generelle prosessuelle endringar. Det vil i den samanheng særleg leggast vekt på utviklinga av bevisføring og –vurdering, då dette i stor grad har potensial til å påverke dei materielle vurderingane som vart gjort. For å legge grunnlag for dei etterfølgjande drøftingane, særleg i kapittel 7, vil også utfallet av sakene bli kommentert. I høve til den overordna problemstillinga for oppgåva, er det i samband med dei følgjande utgreiingane kommentert korleis dei ulike elementa kan reflektere eller stundom også ha påverka korleis retten vart praktisert.



Figur 3: Saker over tid

5.2. Observasjonar i høve til rettsreferata

Det første som skal framhevast i denne meir generelle framstillinga, er korleis utforming av rettsreferata kvalitativt endrar seg gjennom perioden. I metodekapitelet vart det mellom anna nemnd at lengda på referata varierer mellom to og 40 foliosider, utan at dette naudsynt reflekterer kompleksiteten av kvar sak. I det følgjande skal dette utgreiast meir inngåande ved ei gjennomgang av oppbygging av og innhald i referata.

Når det gjeld strukturen i rettsreferata, ser dommane overordna ut til å vere utforma relativt likt. Grovt sett startar dei med innleiing, der namn på aktørar, innkalla vitne og tiltalte blir presentert. Vidare kjem avhøyra, der tiltalte stort sett er først ut, samt eventuell anna bevisføring. Til sist får fut, og etterkvart forsvarar, kome med sluttinnlegg før underrettsdommarane avseier sin dom. Oppbygginga er dermed i hovudsak lik, og variasjonen i referata finn vi dermed først og fremst i omfang og detaljnivå.

På eit overordna plan synest rettsreferata å bli fyldigare dess lenger ut i undersøkingsperioden ein kjem. Med visse unntak kan ein seie at referata i dei snevre sakene på midten av 1600- talet er på rundt 1-2 dataskrivne sider, på byrjinga av 1700-talet 4-6 sider, og mot slutten har auka til 9-12 sider.¹³⁰ Endringa skjer gradvis, og relativt parallelt i alle krinsane, og det er difor vanskeleg å peike på nokre avgjerande skjeringspunkt i utviklinga. Det må difor gjerast ei meir heilskapleg vurdering av dei faktorane som kan ha spela inn, og kva dette kan fortelje om den retten som vart praktisert.

I åra frå dei tidlegaste bevarte tingbøkene og fram til Christian 5. Norske Lov vart sett i kraft er det berre frå Nordhordland at det er avdekka dølgsmålssaker. Generelt synest desse sakene å vere ganske overflatisk referert, og i både 1643 og 1671 vert det som vist avsagt dødsdom på under to foliosider.¹³¹ Også i 1687 vart ei kvinne dømt til å «*straffes paa Sin Hals*» etter ein skjult fødsel, men her med ei noko meir detaljert skildring av saksfaktum.¹³² Det at referata er så korte medfører at det i mindre grad synest truleg at verken prosess eller det faktum som framkom på tinget er gitt att i sin heilskap. Dei analysane som vert gjort av desse sakene må difor sjåast i lys av at opplysningane potensielt er ufullstendige. På den andre sida kan det også vere ein fordel at dommen ikkje inneheld meir enn det soren-

¹³⁰ Det klåraste unntaket frå dette er SH 1774 og SH 1776, som begge ender i arbitrær straff. Desse referata utgjer omlag 4 dataskrivne A4 sider, medan sakene som går i tiåret før og etter gjennomsnittleg ligg på rundt det dobbelte. SH 1789 på 36 sider står vidare utan sidestykke på den andre sida av skalaen (Times new roman skriftstorleik 12, 1,5 i linjeavstand). I dei seinaste sakene spela truleg kompleksitet ei større rolle enn i dei tidlegare referata.

¹³¹ NH 1643 og NH 1671.

¹³² NH 1687 fs. 74b.

skrivaren fann naudsynt for å synleggjere bakgrunnen for avgjerda. Om ein legg til grunn at referata er korte fordi dei berre er meint å innehalde det mest vesentlege for sjølve dommen, kan knappheita nyttast som eit verktøy for å identifisere kva referenten sjølv såg på som det avgjerande.

Når det gjeld perioden frå 1688 og utover ser vi at referata stadig vert lengre og fyldigare. Ei av årsakene til dette skal drøftast meir nedanfor i 5.4, og dreier seg truleg om ei meir omfattande bevisføring. Etter innføringa av forsvarar ved rettspleieforordninga II i 1735, måtte også hans merknader bli gitt rom i referata. Vidare spela truleg den obligatoriske anken, samt den skjerpa opplysningsplikta frå 1751, også inn som viktige faktorar for utviklinga av den skriftlege attgjevinga. I tillegg kan det tenkast at dei utdanna sorenskrivarane frå 1736 og utover følte seg meir komfortable med å greie ut og drøfte dei rettslege reglane skriftleg, noko vi også skal sjå nærare på i kapittel 6 og 7. Sjølv om utviklinga skjer gradvis og ikkje alltid konsekvent, ser vi altså ei auke i omfanget av både dei faktiske og rettslege vurderingane som vert referert utover 1700-talet.

I tillegg til varierende bevisføring og konsekvensane av at aktørane si rolle utvikla seg, ser vi også at den meir tekniske oppbygginga av referata er ulik. Til dømes synest både vitne og dei konkrete spørsmål og svar i rettsmøte oftare i Sunnhordland enn i Nordhordland å bli tydeleg markert med nummerering eller bokstavar. Dette synest likevel å handle meir om personlege preferansar hos dei enkelte sorenskrivarane, enn som noko festna praksis, og varierer såleis gjennom undersøkingsperioden. I utgangspunktet synest det heller ikkje å ha hatt noko reell påverknad på korleis den materielle retten vart praktisert.

Eit døme på at sorenskrivaren sitt ønske om å systematisere referatet likevel kan ha vore uheldig for den framkomne informasjonen, er den første saka frå Hardanger mv. frå 1712. Her består tilsynelatande heile rettsavhøyet av tiltalte i 20 svært korte spørsmål og svar, og det er først i etterkant ho blir gitt moglegheit til å forklare seg fritt.¹³³ Sjølv om ein vanskeleg kan påstå at dommen ville fått eit anna utfall med fri forklaring, er det i alle fall truleg at referatmetoden påverka kva detaljar som kom fram, og dermed den historia som vart ståande for ettertida.

5.3. Observasjonar i høve til rettsmøta

Som omtala i 3.2 vart dølgsmålssakene i utgangspunktet handsama på dei ordinære tingsamlingane, men vart seinare skilt ut på eigne ekstrating. Stort sett gjekk sakene såleis på ei tingstove eller ein gard i heimkrinsen til den tiltalte. Når det

¹³³ HVL 1712.

gjeld dei tre dødsdommane frå før 1688, er desse derimot avsagt i Bergen. Det er ikkje presisert kvifor både tiltalte og lagrettemennene er blitt transporterte inn til byen, men ettersom lagmann eller representantar for denne er til stades, kan det sjå ut som om det har vore eit ønskje om faglege innspel før domsavseiing.¹³⁴ Etter vedtakinga av Norske lov ser vi derimot ikkje teikn på at lagmann er konferert før dommen vart avsagt på heimtinget. Truleg kan dette ha hatt noko med den tvungne appellen å gjere, som etter ulike forordningar, altså var meint å gi kvinna ei reell ankemoglegheit.¹³⁵ Bygdetinga er uansett i all hovudsak avhalde lokalt etter dette.¹³⁶

Sjølv om tinget dermed ikkje vert utsett for å innhente ytterlegare rettslege innspel eller kompetanse, ser vi likevel utover 1700-talet at mange av dølgsmålsakene vert handsama på fleire enn éi tingsamling.¹³⁷ I Nordhordland gjeld dette 5 av 11 snevre saker, i Sunnhordland 4 av 14, og i Hardanger mv. 2 av 4.¹³⁸ Når ein ser nærare på grunnivinga for utsettinga er dette tilsynelatande følgje av ei ny endring, nemleg både plikt og vilje til å opplyse saka så mykje som mogleg før domsavseiinga. Sakene etter 1688 er såleis i all hovudsak utsett fordi eitt eller fleire vitne ikkje har møtt, eller fordi det manglar ein sentral attest.¹³⁹ Den auka bevisføringa skal handsamast i det følgjande kapittelet, og vert difor ikkje ytterlegare kommentert her.

Eit anna moment som likevel kan merkast i denne samanheng, er bruk av skriftlege dokument i sakføringa. I utgangspunktet føregår prosessen munnleg, og referata gir difor god innsikt i det som utgjer grunnlaget for retten sine vurderingar. I fleire tilfelle ser vi likevel at attestar, frå til dømes prest, skipper og/eller kirurg, og rettsavhøyr av personar som ikkje har moglegheit til å møte vert framlagt skriftleg.¹⁴⁰ Desse synest å ha blitt lesne opp i sin heilskap i retten, og i stor grad vert innhaldet av dei også summarisk attgjevne i referata. I desse tilfella synest såleis ikkje det skriftlege momentet å påverke dei faktiske og rettslege analysane som kan gjerast ettertid.

¹³⁴ Den siste saka har første rettsmøte på Bildøy, men retten blir knappe to månader seinare flytta til Bergen Rådstue i «*Edle H/er/r Raadmand Hans Hansens nerwerelse*» for domsavseiing jf. NH 1687 fs. 73b.

¹³⁵ Sjå 3.3.

¹³⁶ Eit av unntaka er domsavseiinga i NH 1797B. Fordi futen måtte vidare i si reiserute og trengte tid til å gjennomgå saksdokumenta, vart retten utsett og flytta til Sorenskrivaren sitt hus i Bergen for avgjerd.

¹³⁷ Det er her teke utgangspunkt i datoane tinget er sett. Der saka vert teken opp att innan få dagar er dette rekna som same tingsamling.

¹³⁸ Vedlegg 2.

¹³⁹¹³⁹ T.d. HVL 1762 som er omtala i 5.4.3.

¹⁴⁰ T.d. SH 1776, SH 1786, NH 1730 og NH 1746.

Saka til Maritha Magnesdatter Aldalen frå Nordhordland i 1797 skil seg likevel ut på dette punktet. Her er nemleg vitneavhøyra gjennomført allereie før saka kjem opp på tinget. Store delar av vitneføringa går difor føre seg slik at dei allereie gjevne forklaringane vert lesne opp, for deretter å bli vedkjend og eventuelt kommentert ytterlegare av den aktuelle personen. Kva som faktisk var innhaldet i forklaringa går dermed i liten grad fram av tingbokreferatet. I saka vert det ført mange vitne, og omfanget av dei skriftlege innlegga vert illustrert av at domsavseiinga måtte utsettast, mellom anna fordi gjennomgang av dei «*til sagen henholdende Beviis Dovuenter vil medtage nogle Dages arbejde*».¹⁴¹ Konsekvensen av denne sakføringa er at tingbokreferatet i seg sjølv gir eit noko avgrensa innsyn i dei opplysningane som faktisk har kome fram i retten. Stort sett føregår vitnemåla likevel som samtidige avhøyr, og skriftleg prosedyre utgjer difor ikkje ei større utfordring for den føreliggande undersøkinga.

5.4. Bevisføring og -vurdering.

Når det gjeld krav til å føre vitne og bevis var dette i byrjinga i liten grad underlagt noko rettsleg regulering. Som omtala under 3.4.4 var prosessen i utgangspunktet partsstyrt, og det var dermed opp til dei involverte å ta hand om dette. Likevel synest det også her å skje ei utvikling, både i takt med, men også tilsynelatande uavhengig av, endringar i det formelle regelverket. Som vi vil sjå gjeld dette særleg bruk og vektlegging av vitnemål i rettsmøte, noko som synest å bli stadig viktigare å ha gjennomført før dommen fall. Forordninga av 22. mai 1751 auka vidare krav til saksopplysinga og gav påbod om obduksjon i alle drapssaker, noko som mellom anna endra bevisføringa rundt barnet sin tilstand når det vart funne.¹⁴²

Det mest interessante funnet når det gjeld bevis i bygdetingspraksisen meir isolert, ser vi kanskje likevel i utviklinga rundt bruk av vitnemål i tida etter hundreårsskiftet. Ettersom det er noko avgrensa empirisk grunnlag i denne perioden, kan ein vanskeleg dra absolutte slutningar rundt dei endringane som skjer. Dei kan likevel nyttast som indikatorar, og vil såleis bli handsama grundig i det følgjande. Vidare vil også den seinare utviklinga bli kommentert, og då særleg i høve til konsekvensar av dei formelle endringane.

¹⁴¹ NH 1797B fs. 55.

¹⁴² Nielsen 1980 s.3-17.

5.4.1. Vitneføring og bevis før Christian 5. Norske lov

Som nemnd skjer det ei tilsynelatande brå endring på byrjinga av 1700-talet, der avhøyr av vitne utover dei tiltalte utgjer ein stadig større del av rettsreferatet i dølgsmålssakene. For å vise utgangspunktet for denne utviklinga, vil det i det følgjande bli gitt ein gjennomgang av sakene før Christian 5. Norske lov vart sett i kraft.

I alle dei tre sakene som enda med dødsdom før 1688, har kvinna sjølv tilstått både leiarmålet og fødselen. Vitnemåla og det den tiltalte sjølv «BeKiender» blir via mykje plass i referata, og det synest såleis som om retten i stor grad legg historiene deira til grunn for kva som er korrekt faktum.¹⁴³ I dei to første sakene vert det til dømes ikkje stilt noko spørsmål ved kvinna sin påstand om at barnet var dødfødd, sjølv om eit overlagt drap i utgangspunktet skulle handsamast etter andre reglar. Ettersom straffa var den same så lenge kvinna hadde fødd i skjul, var likevel ikkje denne problematikken avgjerande i høve til sjølve dommen. Det kan likevel synast noko påfallande at retten tilsynelatande valte å berre legge ein slik historie til grunn, utan ein gang å forsøke og underbygge verken det eine eller det andre. Som vi vil sjå i kapittel 7.2.1, vart det i seinare tid nettopp gjort eit poeng av å avklåre kor vidt barnemor faktisk var ansvarleg for at barnet omkom.

Når det gjeld andre vitnemål, er både tal og omfang av desse også relativt avgrensa. I saka mot Ane Joensdatter frå Hosanger Skipreide i 1643, er til dømes barnefar den einaste som vert avhøyrtd utanom den tiltalte kvinna.¹⁴⁴ I tillegg til at han henta barnet på setra der ho fødde, og slik medverka til å skjule fødselen, er paret sikta for blodskam. Trass i at saka i utgangspunktet vart innmeldt av to lokale menn, er det altså likevel ikkje referert avhøyr frå andre enn dei to som sjølv står tiltalt i saka.

I 1671 var enka Marite Andersdatter sikta etter at nokre barn fann det bortgøymde fosteret i høyet på fehusloftet hennar, 14 veker etter fødselen.¹⁴⁵ Heller ikkje her vert det kalla inn vitne som kan belyse verken fødsel eller omstenda rundt barnefunnet, forutan om lensmannen som opplyser at fosteret var blitt «*gandsche forandret*».¹⁴⁶ I tillegg til sjølve barnefunnet synest såleis også denne rettslege avgjerda å vere basert på foreldra sine eigne forklaringar, som også her står fram som relativt knappe.

¹⁴³ T.d. NH 1671 fs.42b-43.

¹⁴⁴ NH 1643

¹⁴⁵ NH 1671

¹⁴⁶ NH 1671 fs. 42b.

I den tredje snevre dølgsmålssaka frå perioden synest faktum noko meir komplisert, og vitne- og bevisføringa er meir omfattande. I følgje eiga tilståing vart 22 år gamle Christi Johannesdatter svanger med ein «*schiotter og gift mand*» som hadde budd på farsgarden hennar ei tid, før han reiste vidare.¹⁴⁷ I etterkant av at foreldra vart konfrontert med eit rykte av lensmannen, vedgjekk ho overfor mor si at ho var med barn. Ei veker tid etter desse innrømmingane vert heile familien hardt ramma av ein sjukdom, der far hennar mista livet. Under sjukdomsleie vart Christi forløyst, og mor hennar, som også framleis var svak, tok etterkvart det døde barnet og la det i ei lita forsegla bomme. Etter ein månads tid vart bygde-rykta følgd opp, og lensmannen sine medhjelparar tok Christi med til ei danne-kvinne for fysisk undersøking, der det vart funne mjølk i brysta hennar. På grunnlag av denne avsløringa vedkjende ho fødselen, men unnskyldar seg i retten med at ho var svært sjuk og «*iche at Sandze huerken der (da) Hun fich Barnet ey Heller der Hindis Moder det frå Hinde tog*».¹⁴⁸

I utgangspunktet er det også i denne saka berre Christi og mor hennar som eksplisitt blir avhøyrert og referert til i dommen. Etter at desse vitnemåla er avlagde, følgjer det likevel ein meir forteljande tekstdel, der hendingsgangen mellom bygde-rykta og tingsamlinga blir attgjeven. Dette gjeld mellom anna lensmannen si avgjerd om å foreta undersøking, og korleis sjølve barnefunnet gjekk føre seg. Kven som kjem med denne informasjonen går ikkje fram, men etter opplysningane sin art er det truleg tale om nokon som hadde innsikt i den ytre hand-saminga av saka. Sjølv om det ikkje er framstilt som eigne vitnemål, synest det difor som om sorenskrivaren nytta lensmann eller andre som var til stades for å få klårheit i heile hendingsgangen.

Som vist er det også i denne saka nytta fysiske bevis i tillegg til vitnemåla. Og ikkje berre vert det opplyst at det er funne mjølk i brysta til kvinna, men det døde barnet vert vist fram og av retten «*Nøyelig/ Besigtiget og Befantis (...) at werre Kommen till tide*».¹⁴⁹ Desse momenta samsvarar med vitnemåla, og bygger såleis opp under saka mot tiltalte.

At fysiske bevis både vart nytta og vektlagt også i høve til motstridande vitnemål, ser vi døme på i dei to sakene frå perioden der kvinnene vart funne uskuldige. Det første tilfelle i tingbokmaterialet som omhandlar fødsel i dølgsmål, utspelar seg på futegarden på Valestrand 14. november 1642. Her er det riktig nok ikkje den mistenkte kvinna som står tiltalt, men Johann Reffuem. Han er klaga inn for ei rekke forhold, og deriblant for å ha kome med det som viser seg å vere ugrunna skul-

¹⁴⁷ NH 1687 fs. 70b.

¹⁴⁸ *Ibid.* fs. 71.

¹⁴⁹ *Ibid.* fs. 71b.

dingar om ein skjult fødsel. Det går fram at jenta, som ikkje er identifisert som anna enn dotter til Gutorm Eluig, etter skuldingane hans om å ha fødd eit barn som ingen hadde sett, «*aff Fogden var anholdet och beseet at fire Jorde Moder*». Tre av desse møter i retten og forklarar at dei «*iche Kand Kiende eller finde nogen tegen paa hender hun schulle haffue veret med Barn*».¹⁵⁰ Det ender difor med at kvinna går fri, og Reffuem vert dømt til å betale 4 mark sølv for den krenkande skuldinga.

I 1661 var vidare Anne Larsdatter også stemna på tinget på Valestrand. Ho hadde på eige initiativ erkjend for husfolket sitt å ha fødd eit barn, og vridd om halsen på det for å hindre det i å gråte. Etter kvart som saka utspelar seg på tinget, viser det seg likevel at Anne truleg har forklart seg usant. Vitne kan nemleg fortelje at ho også tidlegare har kome med liknande erkjenningar, både med varierende faktum og grad av grovheit. Sidan det tiltalte kvinnfolket har kome med så ulike forklaringar har futen befalt at ho skal «*besigtiges och Malchis*». Dei utkalte jordmødrene erklærer deretter i retten at de «*gandsche ingen KiendeTeigen af hende efter flitig grandsching fornemme, at hun denne gang hafr fød barn, eftersom \hun/ och hafde gandsche intet Mielch, saa som Quinde der Nylig fødted hafr*».¹⁵¹ Etter vitnemålet frå jordmødrene innrømmer Anne å ha snakka usant. Ho vert difor sett fri, med instruks om å reise attende der ho var komen frå.

I begge desse sakene ser det ut som den fysiske undersøkinga er avgjerande for utfallet i saka. Sjølv om saka mot Gutorm si dotter synest å vere avgjort innan den i det heile vert nemnd på tinget, er det interessant å merke seg det den indikerer om fysiske undersøkingar si stilling og vekt som bevis. Reffuem sin påstand vart tydeleg nok teken alvorleg, ettersom jenta vart omhyggeleg undersøkt. Likevel stolte tilsynelatande dei rettslege aktørane på jordmødrene sin medisinske kompetanse, slik at ytterlegare etterforsking og vitneføring vart sett på som unødvendig. Det må sjølvsagt takast høgde for at utanomrettslege avhøyr og manglande truverd hos klagaren også kan ha spela inn, men det avgjerdane etter referatet synest i alle fall å ha vore (mangel på) fysiske bevis.

I tillegg til vekta av dei fysiske bevisa, er det interessant å merke seg at i begge desse sakene synest vitneføringa i rettsmøtet å vere meir omfattande enn der tiltalte si tilståing står fram som truverdige. I den første rettsaka er det altså jordmødrene som vitnar, medan det i sistnemnde i tillegg til desse også er tre menn som vert avhøyr om tilhøva rundt søk etter barnet og tidlegare falske vedkjenningar. Vitneføringa og vektlegging av undersøkingane i desse to sakene kan

¹⁵⁰ NH 1642 α fs. 9b.

¹⁵¹ NH 16-3 fs. 1b.

tale for at rettssystemet i relativt stor grad var tilbøyeleg til å nytte tilgjengelege verkty for å hindre klår urett, men at desse i mindre grad vart teken i bruk der kvinnene syntes openbert skuldige.

5.4.2. Ei endring i vitnemålet si stilling som bevis 1688-1705

Etter det som går fram ovanfor, ser det ut til at underrettsdommarane på 1600-talet fatta avgjerder på eit relativt snevert bevisgrunnlag. Det er altså først i åra etter 1700 vi finn teikn på meir systematiske og utførlege vitneavhøyr. I alle dei fire sakene som går i 1705 er det til dømes stemna mellom fem og ti vitne som skal forklare seg om tilhøva før, rundt og etter fødselen. I saka til Sille Knudsdatter er dette eksplisitt oppgitt å vere mellom anna «*alle de Folck paa gaarde (...), som ente/n der er beboende eller tienende*». ¹⁵² Den same krinsen av personar synest å også vere innkalla i dei andre sakene. ¹⁵³ I motsetnad til tidlegare er det såleis å ikkje berre dei vitna som har hatt direkte tilknytning til saka som er kalla inn, men også andre som kan tenkast å ha noko informasjon i saka. Spørsmålet er kva som kan vere årsak til denne utviklinga.

For det første skjer endringa i kjølvatnet av Christian 5. Norske lov, og det samanfallede tidspunktet kan såleis indikere ein samanheng. Sjølv om lova ikkje eksplisitt innehalde nye krav til vitneføring, kan andre endringar likevel ha påverka prosessen i den retninga. Éin faktor kan til dømes vere at tortur vart avskaffa som forhøyrsmetode, og at det ikkje lenger var tillate å nytte vedkjenningar gitt utanfor retten. ¹⁵⁴ Sjølv om tilståing framleis vart sett på som «*Regina Probationum*» - bevismiddelets dronning, gav forbodet mot å tvinge denne fram moglegvis eit større insentiv til å basere dommar på andre bevis og vitnemål. ¹⁵⁵

Trass i at den nye lova synest å ha medført ein meir aktiv rett når det gjaldt opplysing, ser vi likevel at det førekom dølgsmålssaker utan vitneføring i tiåra etter at den vart sett i kraft. Dette går fram av dei fleire gonger omtala sakene som soren-skrivar Aboe handsama i 1699 og 1700. ¹⁵⁶ I saka mot Kari Jacobsdatter i 1699 er det såleis berre dei to tiltalte som vert eksplisitt avhøyrde. ¹⁵⁷ Vidare døydde barnefaren før den seks år gamle saka til Marte Mogensdatter kjem til tings i 1700, og tilståinga hennar står difor i utgangspunktet aleine for opplysinga av tilhøva rundt barneavling, svangerskap og fødsel. Marte si matmor er riktig nok

¹⁵² NH 1705A, NH 1705B, SH 1705A SH 1705B.

¹⁵³ SH 1705A fs. 23.

¹⁵⁴ NL 1-18 og NL 1-15-2.

¹⁵⁵ Erichsen 1993 s.51.

¹⁵⁶ 3.4.1, 4.2.2.

¹⁵⁷ NH 1699A.

også innkalla i denne saka, men synest ikkje å tilføre noko meir relevant informasjon. I domsavseiinga er det også skrive at matmora måtte bli «*undschylt (...) det Hun aldelis Inted om al deres omgiengelse eller denne handel Wered Witterligt*».¹⁵⁸ At ho blir unnskyldt kan tyde på at ho først og fremst var innkalla fordi ho var mistenkt for å ha medverka eller skjult brotsverket, og ikkje for å opplyse saka til Marte ytterlegare.

Som det går fram i kapittel 3.4.1 er likevel desse to sakene spesielle. For det første viser det at fut og sorenskrivar nytta mishandling ved avhøyrer, at dei ikkje fullt ut respekterte dei nye lovendingane og forbodet mot tortur frå 1688. For det andre vart som nemnd den siste avgjerda omgjort av lagtinget, og sorenskrivaren vart avsett, mellom anna grunna manglande opplysning og vitnebruk. Lagtinget si haldning indikerer dermed at det allereie på dette tidspunktet var ei oppfatning av ei auka opplysningsplikt i retten. Vidare er det også som omtala i 4.2.3 ei moglegheit for at nettopp denne avgjerda kan ha fungert som eit prejudikat, slik at underrettsdommarane først i etterkant av fråsegna endra haldning til, -og praksis rundt vitnebruk i dølgsmålssakene. Ettersom vi ikkje har kjelder som eksplisitt uttrykker sistnemnde, vert dette likevel berre spekulasjonar.

Kva som var den utløyssande årsaka til den endra vitneføringa rund 1700 er dermed vanskeleg å slå fast utan ytterlegare materiale. Om fenomenet var generelt eller i særleg grad gjaldt dølgsmålssakene, kan heller ikkje seiast noko om utan å ha studert praksis på tilgrensande rettsområde i perioden. Etter det som har kome fram ovanfor, må ein likevel truleg legge til grunn at det reint overordna dreia seg om endringar som vart utløyst av det omfattande lovarbeidet til Christian 5. Konsekvensen er uansett verd å merke seg, nemleg at hovudregelen etter hundreårskifte var ei relativt omfattande vitneføring.

5.4.3. Vitneføring og andre bevis frå 1705 og utover

Frå og med 1705 ser vi såleis ei konsekvent bruk av vitneavhøyr i dei snevre dølgsmålssakene. Dette gjeld i utgangspunktet alle dei tre krinsane, sjølv om det er eit noko svakt empirisk grunnlag i Hardanger mv. å basere slutningar på. I det følgjande skal vi sjå nærare på innhaldet i vitnemåla, samt kva andre bevis som vart ført i rettsmøte for å opplyse hendingsgongen.

Det er i hovudsak to tilhøve vitna er innkalla for å forklare seg om. For det første vert som nemnd foreldre, husbond og andre buande på, eller i nærleiken av garden forhøyrert om omstenda rundt sjølve fødselen. Dette gjeld alt frå om kvinna har

¹⁵⁸ NH 1699Bfs. 114.

openberra svangerskapet, om oppførselen hennar straks før og etter forløyisinga, og eventuelt korleis fødselen og/eller barnet vart oppdaga. Barnefar, som ofte er den einaste som har kunnskap om graviditeten, forklarar seg også i fleire tilfelle om fødselen i dølgsmål var avtalt med kvinna, eller om han har råda henne til dette.¹⁵⁹

I tillegg til personar i kvinna sitt nærmiljø, ser vi for det andre vitne som er innkalla grunna si spesielle rolle i etterforskningsarbeidet, nemleg synfaringsvitne. Som vist i 4.3 går det fram av NL 6-6-9 at øvrigheita ved eit barnefunn straks skulle «*lade Synsmænd opkræve, som den Døde skulle syne*». Dei oppnemnde personane skulle undersøke barnet i høve til «*nogen kiendelig Tegn til Haandgierning, eller (...) at med Barnet ikke er lovligen omgaaet eller handlet*». Oppnemning og bruk av synfaringsmenn og -kvinner synest likevel ikkje å ha vore heilt konsekvent. Nokre gonger er det såleis tale om «*dannemend*» og «*danneqvinder*» som «*eftter fogdens befaling besigtiget fosteret før det er bleven Jordet*»,¹⁶⁰ medan retten i andre saker utelukkande avhøyrer dei allereie innkalla vitna om barnet sin tilstand.¹⁶¹

I tillegg til å undersøke barnet, er det også kalla inn personar som har undersøkt den mistenkte kvinna fysisk.¹⁶² Som illustrert i saka frå 1687 ovanfor, var det vanleg å undersøke brystene til kvinnene for å prove at dei hadde vore med barn,¹⁶³ og vidare er det enkelte gonger innført at «*Fødsels-Lemmerne*» har blitt undersøkt.¹⁶⁴ Desse vitnemåla synest først og fremst teken inn for å prove at kvinna faktisk hadde fødd barn, og vart særleg relevante etter forordninga av 22. mai 1751. Av denne går det nemleg fram at tilståinga aleine ikkje lenger var tilstrekkeleg for domfelling, og at det såleis måtte først ytterlegare bevis for at kvinna faktisk hadde fødd eit barn.¹⁶⁵

Ved forordninga frå 1751 vart det også vedteke at i drapssaker der liket var funne, skulle det «*Saasart muligt, af Land- eller Stads Phisico med erfarne Chirurgis examineres, og en tilforladelig Obduktions-Forretning derover forfattes*».¹⁶⁶ Ein av dei viktigaste prosedyrane i barnedrapssaker var den såkalla lungeprøva. Ved denne skulle ein undersøke om lungene kunne flyte, og dermed om barnet hadde trekt luft og vore i live etter fødselen. Denne metoden hadde likevel store svak-

¹⁵⁹ T.d. NH 1705B, SH 1728, SH 1778.

¹⁶⁰ NH 1705A fs. 71.

¹⁶¹ T.d. NH 1718.

¹⁶² Dette vert etterkvart også handsama relativt grundig i teorien, jf. Hedegaard 1756 s. 44-48.

¹⁶³ Vedlegg 4, tabell 7.

¹⁶⁴ SH 1787 fs. 40b.

¹⁶⁵ Nielsen 1980 s. 3-16.

¹⁶⁶ Kongel. Forordninger og aabne Breve 1751 s. 96.

heiter, då til dømes nedbryting av vev eller tilstopping med ulik materie kunne føre til feil resultat.¹⁶⁷ Undersøkinga førte uansett til endå eit bevis i dølgsmålssakene, nemleg obduksjonsattesten. I utgangspunktet overtok denne noko av funksjonen til synfaringsmennene og -kvinnene, men likevel ser vi framleis at ufaglærte vitne uttalar seg om barnet sin tilstand ved funnet.¹⁶⁸

Når det gjeld praksisen på bygdetinget før forordninga, ser rapport frå medisinske fagpersonar berre ut til å ha blitt innhenta i éi sak.¹⁶⁹ Etter 1751 synest slike undersøkingar å bli nemnd og nytta relativt konsekvent. Til dømes vart domsavseiinga i saka mot Ragnilde Asbiørnsdatter i 1762 utsett fordi retten etter «*den seenere Allernaadigste Forordning*» ikkje kunne avsei dom utan «*den behørige Obductions Forretning*».¹⁷⁰ Dei einaste sakene der det ikkje er funne eksplisitt omtale av slik obduksjon eller kirurgattest etter 1751, er to saker frå Nordhordland. Ei av desse er likevel den under 5.3 omtala saka frå 1797, der svært mykje av bevisa vert førte som skriftlege dokument. Det kan såleis hende at ein obduksjonsrapport inngår i desse.¹⁷¹

Den andre saka er den første i materiale som går etter 1751, og dei tiltalte er Randi Knudsdatter og svogeren Iver Frøsetter. I 1752 avla dei eit barn i blodskam, og etter fødselen skjulte sistnemnde dette i ei kiste på rommet i halvanna år før det vart oppdaga. Då saka går på bygdetinget for Gulen i 1753, vert det ikkje presentert noko fagrapport, men barnet vert i staden fysisk vist fram i retten. Av referatet går det fram at barnet var «*saa forandret at derpaa intet tegn kunde sees hvad enten det levende er født eller ey, ey heller om det Var drenge eller pige barn*».¹⁷² Om det er geografi, barnet sin tilstand eller mangel på kjennskap eller lojalitet til den nye forordninga som er årsaka til at obduksjon vart unnlate er vanskeleg å seie, då dette ikkje er eksplisitt nemnd. I ei sak frå Sunnhordland går det til samanlikning fram at medisinsk obduksjon bevisst er unnlate grunna «*beliggenhed {saa} langt fra Kiøbstæder, Chirurgii og Jordemødre, b: at Obductionen ej kunde foretages førend den var unyttig formedelst Barnet var formeget overgaaet til forraadnelse*».¹⁷³ Kanskje var det difor også reiseveg og tilstand som var avgjerande i saka mot Randi og Iver.

¹⁶⁷ Hedegaard 1756 s. 55-56.

¹⁶⁸ T.d. SH 1786.

¹⁶⁹ NH 1746.

¹⁷⁰ HVL 1762 fs. 37.

¹⁷¹ NH 1797B.

¹⁷² NH 1753 fs. 319b.

¹⁷³ SH 1787 fs. 40b.

Når det gjeld fysiske bevis, er det alt nemnd at barneliket stundom vart vist fram under rettsmøte.¹⁷⁴ I eitt tilfelle er også eit «*livjord af lærret*» som tiltalte hadde knytt rundt magen lagt fram av lensmannen, med spørsmål til tiltalte om dette hadde blitt nytta for å skjule at ho var med barn.¹⁷⁵ Utover dette synest bruk av fysiske bevis å vere underordna. I saka mot Karen Nyesæter vart det til dømes spurt etter kva kniv ho nytta til å drepe barnet, og kvar denne vart av, men det synest ikkje som om retten har gjort noko forsøk på å innhente denne som bevis.

Etter dette kan ein til oppsummering slutte at vitnemål, seinare saman med obduksjonsrapport, synest å vere det mest sentrale bevismiddelet i dølgsmåls-sakene. Dette gjeld både høva rundt sjølve fødselen, men også gjennom synfaring av barnet og kvinna i etterkant. Vidare medfører nye reguleringar endringar i kva bevis som vert ført, og forordninga av 1751 synest å ha ført til ei meir grundig og nyansert opplysing av saka. Kanskje har også dette hatt innverknad på det resultatet som retten kjem til, noko som vil bli handsama nærare i kapittel 7.

5.5. Observasjonar i høve til utfall

Under metodekapittelet vart det forklart korleis statistiske utgreiingar kan vere eit viktig verktøy for å finne interessante materielle problemstillingar. Ei av oppdagane som vart gjort under registreringsarbeidet var såleis ulike tendensar som gjaldt kva straff kvinnene vart idømt. Som vi også vil sjå i dei vidare drøftingane, og kanskje særleg kapittel 7, er ulik praksis for utfallet av sakene ein sentral indikator på ei rettsleg utvikling. I det følgjande vil det difor bli gitt ei oversikt over funna som knyter seg til dette.

Når det gjeld sjølve dommen i sakene, kan det først og fremst vere hensiktsmessig å skilje mellom den vide og snevre kategorien. Dei vide sakene er som nemnd varierte i både faktum og rettsbruk, og ikkje alltid like samanliknbare. Sakene kan likevel vere illustrerande for enkelte ytterpunkt i ulike vurderingar, og vil difor også bli kommenterte.

5.5.1. Utfall i vide saker

Det er som vist totalt elleve saker som fell inn under det som er karakterisert som den vide kategorien. I fem tilfelle ser vi at det truleg ikkje er fødd noko barn i det

¹⁷⁴ T.d. også dei utidige barna i SH 1735 α , SH 1743.

¹⁷⁵ NH 1730 fs. 41b. Også i HVL 1770 og SH 1706 har mor bunde tøy rundt livet, men dette vert ikkje vist i retten.

heile.¹⁷⁶ Av desse er to falske skuldingar og tre rykte om graviditet og/eller fødsel som tiltalte sjølv meir eller mindre medvite har sett ut. To av desse får straff for seksuelt brotsverk, og elles går dei mistenkte heilt fri.

Ikkje fødd barn (5)		Barn, men frikjend (4)		Barn, men ingen dom (2)	
Falsk tilståing	Falsk skulding	Ikkje mor til barnet	Barnet levde	Rømt	Utsett sak
3	2	1	3	1	1

Tabell 3: Utfall vide saker

Av dei sakene der det er fødd eit barn, har vi for det første ei sak der den mistenkte kvinna vert frikjend ettersom det ikkje føreligg prov for at barnet er hennar.¹⁷⁷ For det andre er det i denne kategorien tre kvinner som etter vitneføring kan prove at barnet var levande ved fødsel.¹⁷⁸ To av desse barna døyde av naturlige årsaker kort tid etter fødselen, og mødrene vert begge dømte for blodskam. Den tredje kvinna fødte eit utanomekteskapeleg barn på stølen, men skaffa hjelp så fort ho makta det, slik at barnet overlevde. Det er verd å merke at ingen av dei tre sistnemnde eksplisitt er tiltalte for å ha fødd i dølgsmål, men ettersom det er ført fleire vitne for barnet sin tilstand og mødrene sin omgang med fødselen, synest det likevel som om det har vore ein reell mistanke knytt til dette.

Den tredje og siste gruppa, er to saker frå Sunnhordland der det er prova at den mistenkte kvinna har vore med barn, men dommen i saka er av ulike årsaker ikkje funne.¹⁷⁹ I eitt tilfelle er foreldra bortrømte og ikkje tilstade under rettsmøtet, medan den andre saka er utsett for å innhente vitne, og ikkje er funne att i det tilgjengelege tingbokmaterialet. Desse sakene er kanskje dei som grensar tettast opp mot dei snevre, men ettersom det ikkje avsagt noko dom, er det altså vanskeleg å gjere noko inngåande rettslege analysar.

5.5.2. Utfall i snevre saker

Som tidlegare nemnd observerer vi eit endra mønster i utfallet av dei snevre dølgsmålssakene. Dette er kanskje eit av dei mest interessante og oppsiktsvekkande funna som er gjort i det undersøkte materiale, nettopp fordi det så tydeleg viser konturar av ei endra rettsoppfatning. Kva som faktisk endrar seg i dei materielle vurderingane vil bli drøfta nærare i dei følgjande kapitla, men før ein


¹⁷⁶ NH 1642 α , NH 16-3, NH 1711 α , NH 1715 α og SH 1713 α .

¹⁷⁷ NH 1732 α , omtala i 6.2.4.

¹⁷⁸ NH 1735, NH 1797A og HVL 1766 α .

¹⁷⁹ SH 1706, SH 1735 α og SH 1741 α .

kjem så langt kan det vere hensiktsmessig å danne seg eit oversiktsbilete over den utviklinga som skjer.




Figur 4: Utfall snevre saker

Som vi ser av figur 3, endar fleirtalet av dei snevre dølgsmålssakene med dødsdom. I den mellomste perioden, nærare bestemt 1705, har vi likevel to saker der kvinnene trass i at dei har fødd eit barn utan hjelp, og dette barnet omkom, går fullstendig fri for forholdet.¹⁸⁰ Sakene går på tinget i same kalenderår, og er i tillegg frå to ulike sorenskrivarembete, nemleg Nordhordland og Sunnhordland. Ved første augnekast synest det som desse sakene representerer ei endring i straffepraksisen, og dei står difor fram som svært interessante. Når ein ser nærare på dei rettslege vurderingane som er gjort, noko som mellom anna er kommentert i 3.4.4 og i det følgjande 6.3.2, ser ein likevel at dette truleg ikkje er tilfelle. Som det går fram under dei nemnde punkta, representerer argumentasjon og rettsgrunnlaga som er nytta i dei respektive sakene, eit klårt avvik frå den gjeldande rettstilstanden. Sjølv om eit slikt avvik er svært interessant isolert sett, gjer dette likevel at sakene er av mindre relevans for undersøkinga av ei meir heilskapleg endring. Reint metodisk kan det også leggest til at dei to sakene er eit tydeleg døme på at statistikk ikkje bør leggest uprøvd til grunn for å fastslå generelle trekk.

Når det gjeld den seinaste perioden, ser vi derimot ein klårare tendens til at ei endring er i emning. Frå og med 1736 slepp nemleg så mange som seks av 17 kvinner unna dødsstraff, trass i at dei tilsynelatande oppfyller dei objektive vilkåra

¹⁸⁰ NH 1705A og SH 1705A. Dei vert likevel dømt til å betale leiarmålsbot jf. Vedlegg 3..

i dølgsmålsføresegna. Når vi ser nærare på kva krins sakene går i, dukkar det også opp eit interessant mønster. Det viser seg nemleg at alle tilfella av arbitrær straff kjem på tinget for Sunnhordland. I Nordhordland og Hardanger mv. vert derimot framleis kvinnene konsekvent dømt til døden for lovbrottet. Nok ein gong må likevel statistikken nyanseras. Som figuren under illustrerer, er nemleg fem av dei seks arbitrære dommane avsagt etter 1770, medan det samstundes berre er to dølgsmålssaker i dei andre krinsane. Samanlikningsgrunnlaget er såleis svært avgrensa i denne perioden.



Figur 5: Utfall snevre saker 1736-1799/ 1770-1799

Når det gjeld dei tre dølgsmålssakene som endar i dødsdom etter 1770, synest desse også å vere resultat av særleg grove brotsverk. I saka frå Sunnhordland i 1787 er barnet fødd i floren og drepe med kniv, slik at også NL 6-6-7 kom til bruk.¹⁸¹ Vidare kjem dødsdommen i Nordhordland frå 1797 etter at ikkje berre eitt, men to barn vert avslørt å ha blitt fødd i dølgsmål. Den mest oppsiktsvekkande saka er likevel den mot Kari Knudsdatter i Hardanger mv. frå 1770. Ho vedkjenner å ha heile fem utanomekteskapelege svangerskap med fire ulike menn bak seg. Av desse overlevde éin son, medan det mellom dei fire som gjekk føre seg i dølgsmål var éin spontanabort, éin provosert abort og to levande fødde som vart kvelte og sidan senka på fjorden. I tillegg har kvinna konspirert med ein av elskarane sine, og saman med han teke livet av kona hans. I denne samanhengen kan det såleis påpeikast at det ikkje er rettspraksis i krinsane som synest ulik, men derimot faktum i sakene.

¹⁸¹ NH 1797B, SH 1787 og HVL 1770.

Etter dette synest det såleis som om det først og fremst er tale om ei utvikling over tid, og ikkje nødvendigvis ein reell skilnad mellom dei tre krinsane. Som allereie illustrert, må ein likevel å gå nærare inn i dei enkelte sakskompleksa for å kunne seie noko om denne presumsjonen er korrekt. Ei slik materiell analyse vil bli gjort kapittel 6 og 7, der utviklinga mot den observerte mildare straffepaksisen vil stå sentralt.

5.6. Oppsummerande merknad

I kapittel 5 har vi sett på ein del praktiske og prosessuelle høve rundt dølgsmålssakene, samt sett opp eit par statistiske modellar. Det skal no gjerast ei kort oppsummering av dei funna som er gjort.

Ei overordna analyse av rettsreferat og rettsmøta har vist teikn på at retten si handsaming av dølgsmålssakene endra seg. Sjølv om referata, særleg i starten, truleg ikkje er fullstendig representative for den prosessen som fann stad, synest handsaminga av sakene å bli grundigare dess lenger ut i undersøkingsperioden ein kjem. Ein spesielt openberr faktor, er den brå auka i vitneføring i kjølvatnet av Norske Lov. Vidare ser vi at både krav til bevisføring og bevistype vart skjerpa på midten av 1700-talet, noko som førte til ei ytterlegare auka av rettslege moment som måtte drøftast. Som ei følgje av at retten må tilfredsstille desse krava, vert rettsreferata lenger, og saka måtte stundom handsamast i fleire omgangar.

Til sist vart utfallet av sakene presentert. Dei vide sakene er svært ulike i karakter, og det er såleis vanskeleg å spore noko mønster i utfallet på desse. Når det gjeld den snevre kategorien, ser vi derimot ein tydeleg tendens i åra etter 1770, der dødsstraff ikkje lenger synest å vere hovudregelen. Dette gir grunnlag for å studere om dei rettslege vurderingane endrar seg i denne perioden.

6. Skilnader og likskapar i tolking og praktisering av dølgsmålsføresegna

6.1. Innleiande merknad

Formålet med oppgåva er finne, analysere og forklare skilnader og likskapar i korleis dei rettslege aktørane forstod og nytta reglane for barnedrap og fødsjar i dølgsmål. Eit av dei vesentlege spørsmåla i den samanheng er å avdekke kva meiningsinnhald den aktuelle føresegna vart tillagt, og om dette er det same over tid og på tvers av jurisdiksjonar. I det følgjande vil det difor bli gitt ei utgreiing om dei ulike vilkåra i dølgsmålsregelen, samt ei analyse av korleis desse vart tolka og praktisert gjennom undersøkingsperioden.

Ettersom eksplisitt drøfting av dei separate vilkåra er noko inkonsekvent i praksisen, vil referanseramma for lovtolkinga vere den juridiske teorien, nærare bestemt lovtolkingsverka som vart publisert frå midten av 1700-talet og utover. Som det går fram under 2.3.1 kan ein grunna tilverknadstidspunkt likevel ikkje legge desse utgreiingane ukritisk til grunn som gjeldande rett for heile perioden. Det vert såleis naudsynt med ei aktiv vurdering av kor vidt dei synspunkta og tolkingforslaga som går fram der, verkeleg var eit uttrykk for ein stadig gjeldande rett, eller om dei på den andre sida representerer ei endring av tidlegare rettstilstand. I mangel på andre positiverte kjelder, må dette altså skje gjennom ei samanhalding med den tilgjengelege praksisen frå bygdetinget.

Sjølv om dei ulike teoretiske syna avvik frå kvarandre, vil det vidare ikkje vere noko hovudpoeng å drøfte dette inngåande.¹⁸² Fordi utgivingane likevel representerer og nyanserer det rettslege bilete underrettsdommarane opererte innfor, vil det stundom likevel vere naudsynt å kommentere ulike syn som verserte i det aktuelle tidsrommet.

Når det gjeld praksisen på tinget, er det i denne samanheng først og fremst av interesse å studere den juridiske argumentasjonen som er nytta, og kva resultat denne gav. Sorenskrivaren si oppgåve i byrjinga var som nemnd å referere det som skjedde, og ikkje nødvendigvis grunngi resultatet. Stundom er det difor utfordrande å skilje mellom kva i som er meint som attgjeving av faktum, og kva som reint faktisk er nytta og vektlagt som argument. Særleg i dei tidlegare sakene er det difor like mykje tale om ei analyse av gjentekne og/ eller framheva opplysningar, som av ei samansett argumentrekke som munnar ut i ein konklusjon. Ettersom dei ulike vilkåra ikkje er systematisk eller konsekvent gjennomgått, vil

¹⁸² Dette er også til dels gjort tidlegare, jf. Nielsen 1980.

dei meir heilskaplege og statistiske framstillingane som tidlegare bli supplerte av ei rekke enkeltdøme. Særleg under drøftinga av vilkåret «dølgsmål» er difor også samanlikning av argument og konklusjonar i saker med samanfallande faktum nytta som metodisk grep, for å få fram skilnader og likskapar på ein forsvarleg måte.

6.2. Vilkår 1: «Vorder noget letfærdigt Qvindfolk med barn»

Føresegnene om barnedrap og fødsel i dølgsmål startar som vist begge med eit premiss om at gjerningspersonen er eit «*letfærdigt Qvindfolk*». For den moderne lesar synest kanskje ordlyden meir som eit kuriøst utslag av ein fordomsfull lovgivar, enn som eit vilkår med sjølvstendig juridisk innhald. I ei tid der avgrensing av umoral og synd vart sett på som eit kollektivt samfunnsansvar, er det likevel truleg at den innleiande formuleringa var langt frå tilfeldig. Som det vil gå fram under, fekk den valte terminologien også høgst reelle følgjer, både i straffeforfølgingsprosessen, men også gjennom dei relativt store samfunnsmessige konsekvensane slik omtale representerte for kvinnene. I det følgjande skal såleis vilkåret «lettferdig kvinnfolk» bli tolka i lys av tilgjengeleg teori og bygdetingpraksis. I høve til problemstillinga for oppgåva vil fokuset vere å avdekke om dei ulike aktørane var einige om innhaldet, og/eller om det er mogleg å spore ei utvikling i tolking og bruk av formuleringa.

6.2.1. «Lætferdigt»: Tolking i teori og praksis

Ved ei rein ordlydstolking synest det nærliggande å anta at uttrykket lettferdig var meint å skildre kvinner som dreiv med umoralsk seksuell omgang, som etter dåtidens standard tyda utanfor ekteskap. Teoretikarane på slutten av 1700-talet synest også å ha vore relativt samde om at føresegna berre ramma dei som «*af ulovlig Beblandelse bliver med Barn*».¹⁸³ Dette omfatta i første omgang «*det uden for Ægteskab besvangrede Fruentimmer*», men kunne unntaksvis også ramme gifte kvinner, så sant det var tale om eit «*ulovligt Svangerskab*».¹⁸⁴ Vilkåret lettferdig synest såleis å peike bakover, som ei skildring av korleis barneavlinga gjekk til.¹⁸⁵

Grunngjevinga for at føresegna skulle tolkast slik var, jamfør Hedegaard, ei logisk følgje av at gifte kvinner mangla motiv, og hadde «*Ingen ration til at skiule*»

¹⁸³ Hedegaard 1760 s. 212.

¹⁸⁴ Brorson 1797 s. 126, tilsvarande i Nørregaard 1788 s. 152-153. Brorson 1997 s. 130 synest å likestille trulova kvinner med gifte. I bygdetingpraksisen synest det derimot ikkje å ha blitt gjort noko skille mellom trulova og ugift, sjå vedlegg 4 tabell 3 jf. vedlegg 3.

og/eller drepe barnet sitt. Kvinner som drap sitt ekteskapelege avla barn, skulle difor etter hans meining ikkje handsamast etter føresegnene om barnedrap, men etter reglane for ordinært mord.¹⁸⁶ Om hadde same motivasjon for ugjerninga, nemleg å skjule eit ulovleg svangerskap, måtte reglane likevel kome til bruk.

I heile undersøkingsperioden synest det også i praksis å vere tale om ei rettsleg forfølging av kvinner som var mistenkt for å ha vore med barn utanfor ekteskap. I heile 42 av 43 saker går det eksplisitt eller implisitt fram at kvinna var ugift. Av desse var 29 tenestejenter, fem døtrer og to fosterbarn på heimegarden sin, to var enker, to svigerinner til husbonden og éi har ukjend stilling.¹⁸⁷ Ektemannen til den einaste gifte kvinna, Elen Marie Olsdatter, haldt på si side til på «*frem/m/ede Stæder*», slik at det ikkje var tvil for omverda om at barnet var resultat av «*en gift Kone[s] ublue og letferdige besvangrelse*».¹⁸⁸

Sett under eitt er det såleis nærliggande å slutte at dei danske teoretikarane og praktikarane på bygdetinget i Hordaland jamt over var samde om at dølgsmålsføresegna føresette eit seksuelt lovbrøt. I praksis betydde dette stort sett ugifte kvinner. Etersom det ikkje eksisterer døme på det motsette, nemleg at kvinner vart frikjend for fødsel i dølgsmål fordi det var tale om eit ektefødd barn, bør ein kanskje likevel vere varsam med å slå fast at utukt vart rekna som eit absolutt vilkår av alle aktørar.

At enkelte aktørar tolka føresegna til også å gjelde gifte kvinner, følgjer også av islandske Svinn Sølvason si utgreiing om fødselar i dølgsmål i sin *Jus Criminale*. I motsetnad til dei ovanfor nemnde funna, talar han nemleg der om den «*frugt-sommelige kone*» som «*dølger sin Barnefødsel*». Ordet «*kone*» tyda i utgangspunktet gift kvinne.¹⁸⁹ Som døme visar han også til ei sak der ei kvinne vart dømt etter dølgsmålsføresegna, etter å ha blitt forløyst på veg for å hjelpe ektemannen sin med fiskefangsten.¹⁹⁰

Det er likevel fleire tilhøve som talar i mot å gi denne tolkinga noko særleg autoritet i den føreliggande undersøkinga. For det første er Sølvason si utgreiing relativt kort, og handsamar ikkje dei ulike vilkåra separat slik som dei andre teoretikarane. Vidare vart kvinna i følgje same utgreiing frikjend i ankesaka, noko som tyder på at avgjerda ikkje vart rekna som eit uttrykk for gjeldande rett i øvre instansar. Til sist kan det også påpeikast at Sølvason som nemnd var frå Island, og

¹⁸⁶ Hedegaard 1760 s. 207.

¹⁸⁷ Vedlegg 4, tabell 1.

¹⁸⁸ NH 1746 fs. 176b.

¹⁸⁹ Jf. «Kone» i Ordbog over det danske Sprog (<http://ordnet.dk/ods/ordbog?query=kone>) [25.05.2017].

¹⁹⁰ Sølvesen 1776 s. 88-89.

at enkelte kulturelle og topografiske skilnader kan vere årsak til oppfatninga av ei strengare regulering og «meldeplikt» for gravide kvinner. Summert er det difor lite truleg at aktørane på bygdetinget i Hordaland var av ei anna oppfatning av vilkåret enn det som kjem til uttrykk i sakene og den juridiske litteraturen elles.¹⁹¹

Ein interessant observasjon som gjeld avgrensing av rettssubjekt mellom dei ugifte, er forsvararane sine utsegner i to ankesaker frå Sunnhordland. For Bergen lagting held dei fram at kvinnene trass utanomekteskapeleg barneavling ikkje kunne reknast som lettferdige kvinnfolk, mellom anna fordi dei hadde godt rykte. Dette vert likevel ikkje gjenteke i domsavgjerdene, og vi finn heller ikkje teikn til liknande tolkingar verken i teorien, eller på bygdetinga.

6.2.2. Konsekvensar i praksis og teikn på utvikling

Utgreiinga ovanfor viser at dølgsmålsføresegna i utgangspunktet var meint å ramme kvinner som vart gravide utanfor ekteskapet. Etersom potensielle rettssubjekt uansett var sett på som avgrensa fordi gifte mødrer erfaringsvis ikkje skjulte og tok livet av barna sine, kan det likevel tenkast at dette formelle skilje ikkje hadde nokon reell funksjon.

I praksis ser vi likevel at den lovfesta distinksjonen fekk konkrete og alvorlege følgjer. Ikkje-kontrollerbare hendingar, som til dømes ein brå spontanabort, kunne tilsynelatande medføre dødsstraff dersom ei ugift mor ikkje hadde vore open om tilstanden sin allereie frå eit svært tidleg tidspunkt. Eit illustrerande døme i ytterkanten av dette har vi i ei sak frå tinget for Våge og Oppdal i Sunnhordland.

28. juli 1735 stod tenestejenta Martha Mogensdatter tiltalt for å ha fødd eit barn i dølgsmål.¹⁹² Ho vart i følgje vitnemåla forløyyst i eldhuset med berre ei anna tenestejente til stades, og openberra ikkje fødselen for andre før festarmannen henna kom att til garden tre veker seinare. Etter eigne utsegn og framvising i retten var fosteret knappe 12 veker og éin finger langt då det var fødd. Martha hadde sjølv ingen forklaring på kvifor ho mista barnet, og etter høva er det nok ikkje uforsvarleg å dra slutninga om at det har vore tale om ein naturleg spontanabort. Kanskje konkluderte også retten til sjuande og sist med nettopp dette, for saka vart utsett utan dom, og er ikkje funne att i seinare protokollar.

Aborten fekk såleis ikkje dei store strafferettslege følgjene for Martha. Påtalen i seg sjølv er likevel interessant fordi den illustrerer nettopp ein vilje til å straffe-

¹⁹¹ SH 1778 dg SH 1786 jf. SAB: Bergen Lagting, domstolsprotokoll 11, fs. 94b og fs. 253b.

¹⁹² SH 1735a.

forfølgje ugifte i situasjonar der dei gifte ville gått fri.¹⁹³ Det at Martha i det heile vart teken til retten for fødsel i dølgsmål, og ikkje utelukkande for eit seksuelt brotsverk, viser dei urimelege og vilkårlege utslaga den rettslege presumpsjonen om skuld kunne få i tilfelle der kvinna tilfeldigvis ikkje var gift. Martha slapp likevel tilsynelatande unna straff, og kanskje er dette eit teikn på at retten faktisk opererte med ein slags rettstryggleiksventil i slike ekstreme tilfelle. På den andre sida er det fleire døme på at kvinner vart dømt til døden utan omsyn til at barna deira ikkje var fullborne, og kvar grensa eventuelt gjekk er såleis uvisst.¹⁹⁴

Mot slutten av 1700-talet skjer det likevel ei endring i høve til tilfella av naturleg abort. Som det vil bli gjort greie for i 7.2 vart det særleg i Sunnhordland lagt til grunn at barnefødsler som var så tidlege at fosteret ikkje hadde noko føresetnad for å overleve, ikkje kunne bli ramma av dølgsmålsføresegna. Utan å gå nærare inn på dette her, kan det i denne samanheng nemnast at vilkårlegheita i høve til dei ugifte kvinnene truleg vart noko redusert som følgje av denne tolkingsendringa.

6.2.3. Lettferdige mannfolk?

Sjølv om det grunna brotsverket sin art, er barnemødrene som står i fokus i den føreliggjande studien, vert det unyansert å diskutere såkalla lettferdig åtferd utan i det minste å kort kommentere fedra si rolle i barneavlinga. Med unntak av eit fåtal blodskam- og medverknadssaker spelar desse mennene ei relativt tilbaketrekt rolle som vitne i retten. Straffemessigt slepp dei også stort sett unna med mindre leiarmålsbøter, eller ei tilvising til at dei er under militær jurisdiksjon.¹⁹⁵

I dei 32 snevre sakene ser vi 5 døme på at barnefar er karakterisert som trulova eller kjærast til kvinna. I ytterlegare 14 saker skjer barneavlinga med anten ein dreng på garden eller ein person utanfor hushaldet.¹⁹⁶ Sjølv om faktum rundt forholdet sin karakter ofte er sparsamt, synest det i mesteparten av desse sakene å vere tale om eit frivillig forhold med meir eller mindre likeverdige partar.

Blant vitnemåla er det ikkje funne påstandar om valdtekt, men i fleire av sakene er det tale om seksuelt samkvem som vi i dag truleg ville karakterisere som formar

¹⁹³ Som nemnd var det berre overlagt drap på ektefødd barn som var straffbart. Om fosteret var så lite at det ikkje kunne ha overlevd var det inga liv å ta, og dermed ingen heimel for å straffe barnet si mor. Sjå også Brorson 1797 s. 126.

¹⁹⁴ Vedlegg 4, tabell 13 jf. 6.

¹⁹⁵ Etter ei forordning i 1696 var soldatar også friteke for straff for første gangs leiarmål, jf. Koefoed 2008 s. 122.

¹⁹⁶ Vedlegg 4, tabell 3.

for misbruk.¹⁹⁷ Ein reint overflatisk indikator på dette finn vi i dei 13 tilfella der kvinna er i teneste, og barnefar står i ein klår maktposisjon i forhold til henne. Dette gjeld som husbond, son på garden eller andre slektningar av husfolket.

Meir konkret finn ein i tillegg teikn på slikt misbruk i formuleringane om til dømes den «unge» og «U-forstandig[e]» Søgni Olsdatter, som vart «tillochert og forført til Saadan Løstgithed» av sin eigen gifte fosteronkel då han overnatta i einerom med henne etter ei julefeiring.¹⁹⁸ Ein liknande hendingsgang synest også å vere tilfelle då husbonden til Marte Mogensdatter med «anloching, formaaede Hinde Sin Willie at Niude, med de Løftter, at hand Iche schulde gjøre hinde nogen schade».¹⁹⁹ Også Guro Tormodsdatter som var blitt svanger med ein soldat, svarar på retten sitt spørsmål at dei gjentekne samleia «skeede ymest icke alle tider med hendes villie».²⁰⁰

Sjølv om far etter dette var både like, -og tidvis meir skuldig i barneavlinga som mor, er det likevel klårt at det er kvinnene som vart ramma av dei mest tyngande konsekvensane. Leiarmålsbøtene og det offentlege skriftemålet ramma rett nok i utgangspunktet kvinner og menn likt, men det er ei kjennsgjerning at det er lettare å knytte eit uekte barn til mor enn til far. Ein studie av Lindås og Haus Prestegjeld i Nordhordland 1741-1760 viser mellom anna at det var omlag dobbelt så mange kvinner som menn som stod offentleg skrifte for utanomekteskapeleg barneavling.²⁰¹ Både straffa og ansvaret for framtida til barnet synest såleis ofte å ha blitt ei einsam byrde for mor. I tillegg til avgjerdspresset og dei formelle straffene kom også samfunnet si fordømming av handlinga, noko som det vil bli greia meir ut om under.

6.2.4. «Qvindfolk»: Samfunnsmessige konsekvensar²⁰²

Som vist førte presumpsjonen om dei lettferdige kvindefolka til fleire rettslege distinksjonar. I ei tid der ære og ærbarheit var langt meir konkrete storleiker enn i dagens samfunn, kunne dei sosiale konsekvensane i samband med denne type saker likevel vere vel så tyngande som trusselen om straff.

¹⁹⁷ Eit par kvinner har riktig nok på eit tidleg tidspunkt oppgitt å ha blitt valdteken av ukjende menn, men når saka går på tinget er alle slike forklaringar endra til å vere ein identifisert mann i nærmiljøet. Jf. SH 1786 og SH 1789.

¹⁹⁸ NH 1705A fs. 101.

¹⁹⁹ NH 1699Bfs 113b.

²⁰⁰ SH 1723 fs.55b.

²⁰¹ , jf. Bratland 2002 s. 35.

²⁰² Den generelle utgreiinga om omgrepsbruken er basert på Sunde 2007/2008 s. 117-152.

Gjennom ei sakstype-uavhengig studie av korleis termen «*Quindfolck*» vart nytta i rettsprotokollar frå Nordhordland mellom 1642 og 1802 har Jørn Øyrehagen Sunde avdekkja korleis innhaldet i omgrepet reflekterte og påverka omverda sitt syn på dei omtala kvinnene. Sjølv om refleksjonar rundt sosiale tilhøve kan synast som eit sidespor i ei elles relativt snever juridisk analyse, er det hensiktsmessig også å sjå til element utanfor det strengt rettslege for å skape ei grunnleggande forståinga av kva samfunnsmessig kontekst aktørane opererte i. For å gi eit innblikk i den sosiale situasjonen dei tiltalte var og vart sett i, vil det difor bli gitt ei kort oppsummering av dei funna som vart gjort i den nemnde studien. Vidare vil terminologibruken bli sett i samanheng med referata frå dølgsmålssakene i dei tre aktuelle krinsane, for å undersøke om denne kan avdekke noko ytterlegare om handsaminga av dei tiltalte kvinnene.

Omgrepet kvinnfolk som skildring av ei eller fleire kvinner, er i moderne dagleg-tale ikkje berre relativt nøytralt, men har også i enkelte samanhengar blitt gitt ein positiv undertone. Slik har det på langt nær alltid vore. Karakteristikken vart nemleg lenge i all hovudsak nytta i negativ forstand om kvinner som på ulike måtar stod utan klår sosial tilhøyrsløse. Først og fremst gjaldt dette dei som ikkje var formelt tilknytt samfunnet gjennom ein mann, anten det var som dotter, hustru eller arbeidstakar. Som motpol til desse «kastelause» kvinnfolka finn ein omtalene «*Danneqvinder*» og «*Egte Quinder*» om dei damene som hadde ein sosial posisjon gjennom ekteskap, «*Enkequinde*» og «*Festequinde*» om dei som grunna tidlegare eller komande ekteskap hadde omlag same status, og «*Husquinde*» og «*Tienneste Quinde*» om dei som nok var gifte, men først og fremst hadde samfunnstilhøyrsløse gjennom arbeidsgivar. Ugifte jenter var tilknytt familie eller arbeidsgivar, og vart på si side omtala som «*pige*» eller «*møy*».

Ved å ha seksuell omgang utanfor ekteskapet vart kvinna lausriven frå dei to hovudkategoriane av gifte kvinner og ugifte piker. Dei lettferdige kvinnene som «*vorde[t] ... med Barn*» utanfor den godtekne ramma krenka dermed ikkje berre dei gjeldande moralske normene, men stilte seg ved det på sida av den aksepterte samfunnsordninga. I tillegg til at utanomekteskapeleg samleie var straffbart, fekk utukta difor også sosiale konsekvensar. Dette gjaldt både mødrene og deira moglegheiter til ekteskap og livsopphald,²⁰³ men også dei uekte barna som i stor grad vart sett på som mindre verdt og mindre ærefulle enn ektefødde.²⁰⁴

²⁰³ Hoff 1996 s. 86-88.

²⁰⁴ Koefoed 2008 s. 225.

Utover 1700-talet vart kvinnfolkterminologien i rettsreferata gradvis bytta ut med ordet kvinnemenneske.²⁰⁵ I følgje studien til Sunde, fekk den nye termen i stor grad det same stigmatiserande innhaldet, men bruken vart noko meir konsentrert rundt dei kvinnene som vart sett i samband med seksuelle brotsverk.

I alle dei tre tingkrinsane er termene kvinnfolk og etterkvart kvinnemenneske hyppig nytta som skildring av dei kvinnene som var mistenkt for å ha fødd barn utan medhjelparar til stades. Også i tilfelle der kvinna blir frikjend for å ha fødd i dølgsmål, er den utanomekteskapelege barneavlinga tilstrekkeleg til å bli tilsidesett med ein slik nedlatande karakteristikk.²⁰⁶ Det er i tillegg interessant å sjå at overgangen til terminologien for tiltalte i ei dølgsmålssak tilsynelatande er uavhengig av kvinna si opphavlege stilling og status. Som døme kan det nemnast at både tenestejenter,²⁰⁷ ei enke,²⁰⁸ ei ugift dotter av militær auditor²⁰⁹ og den nemnde gifte kvinna med bortreist mann,²¹⁰ alle innleiingsvis i rettsreferata er omtala som eit kvinnfolk. Sjølv om ugifte tenestejenter som vist er i klårt overtal i dølgsmålssakene, er det ikkje dermed sagt at kvinner med betre sosial posisjon automatisk vart handsama meir respektfullt i rettsapparatet.

Eit unntak frå denne terminologien finn vi i eit relativt spesielt sakskompleks frå 1732 og 1733 på Sotra i Nordhordland tingkrins.²¹¹ Det heile startar då ein gut 3.oktober 1732 oppdagar eit fullbore barnelik i ein linklut som er lagt ned ved kyrkjemuren til Fjell kyrkje. Tilsynelatande spreier den tragiske nyhenda seg raskt i bygda, for då det ekstraordinære tinget vert sett to månader seinare kan det ved første augnekast synast som at saka allereie er løyst. Der vert det nemleg av fleirfaldige vitne presentert eit rykte om at den nyleg forlova enka Ane Larsdatter Laachøen både har hatt «ondt», og i tillegg er observert med ein bylt på veg mot kyrkja. Etter ytterlegare 10 månader, to rettsmøte og totalt over 70 vitneavhøyr vert enka likevel frifunne. Tilsynelatande bygger det utbreidde rykte om fødsels-smertene til Ane på ein misforstått opplysning frå hennar eiga tenestejente, «*det umyndige Barn Ane Nilsdatter*», om at ho har hatt kraftig hovudverk. Bylten ho bar med seg i retning kyrkja er også gjennom vitneføringa funne prova å vere brød som ho fekk rodd over fjorden til si sjuke mor. Vidare er det lite som tilseier at Ane har hatt omgjeunge med mannlege overnattingsgjestar i det påkravde tidsrommet, og det er heller ingen som under eid seier å ha hatt mistankar om at ho

²⁰⁵ Vedlegg 5, tabell 1. Ei endring terminologien finn ein også i lovgiving og teori, jf. Sunde 2007/2008 s. 140.

²⁰⁶ T.d. NH 1705A.

²⁰⁷ T.d. NH 1705B, SH 1705B, HLV 1712.

²⁰⁸ NH 1671.

²⁰⁹ SH 1705A.

²¹⁰ NH 1732α.

²¹¹ NH 1753.

har gått svanger i forkant av barnefunnet. Futen går etter dette i frå stemninga, opphevar den stilte kausjonen, og ettersom «*ingen af disse mangfoldige Vidner haver i ringeste Maade over beviist Hende at Være skyldig udi denne Sag*», lar han innføre at Ane «*stilles ganske paa fri fod*».²¹²

Saka skil seg som nemnd frå det resterande materiale, mellom anna grunna den uvanleg omfattande vitneføringa. I denne samanheng er det av særleg interesse å merke seg at Ane ikkje på noko tidspunkt vert omtalt som eit kvinnfolk eller kvinnemenneske. Ho vert derimot, tilsynelatande av både sorenskrivar og vitne, konsekvent titulert som «*enken*» eller «*enkekoenen*». Årsaka til dette kan vere fleirdelt. For det første kan det vere at vitna trass i at dei hadde høyrte rykte, ikkje sjølv var overtydd om at Ane var skuldig i tiltalen. Dersom Ane var godt likt og velsett i lokalsamfunnet, er det ikkje utenkeleg at grannar og sambygdingane kvidde seg for å sjølv nytte stigmatiserande omtaleformer i sine vitnemål.²¹³ Vidare var det sorenskrivaren som bokstavleg talt hadde siste ord i kva som vart ståande for ettertida, og også hans språkbruk kan skuldast ulike ting. På den eine sida kan omgrepsbruken hans vere reint tilfeldig.²¹⁴ Det kan også hende at vi her ser eit, i denne samanheng, usedvanleg innslag av at Ane indirekte vart rekna som uskuldig i utukt inntil dom var falle. Ei siste mogleg forklaring er at bruk eller utelating av kvinnfolkterminologi innleiingsvis i rettsreferata, er eit utslag av den under 2.2.3 nemnde tendensen til at sorenskrivaren ikkje alltid skreiv sjølv referatet før i etterkant av rettsmøte. Når forklaringar var gitt og dommen hadde falle, ville han ha ei klår formeining om vedkommande kvinne var skuldig eller ei, og kunne tilpasse formuleringane deretter. Denne teorien vert i tillegg underbygd av at referenten i ytterlegare to saker med uprova skuldingar også unngår å skildre kvinna som eit kvinnfolk.²¹⁵

Ei sak som på den eine sida kan tale for at terminologibruken likevel var tilfeldig, er saka mot Sygni Asbjørnsdatter i 1718. På trass av at ho vert funne skuldig til dødsstraff, vert ho utelukkande omtala som «*pige*» og «*teneste-qvinde*».²¹⁶ På den andre sida ser retten likevel ut til å ha funne at barnefødselen hennar var mindre

²¹² *Ibid.* fs 24.

²¹³ NH 1642 α er eit døme på at eit vitne, men ikkje skrivaren sjølv, nyttar omgrepet kvinnfolk om tiltalte.

²¹⁴ Vedlegg 5 tabell 1. I enkelte saker vert ikkje kvinna titulert i det heile. At ordbruken stundom synest å vere reint tilfeldig er også underbygga av døme på at begge termene er nytta nøytralt i fleire høve, jf. Sunde 2007/2008 s. 123.

²¹⁵ NH 1642 α og NH 1715 α . I NH 1715 α fs. 21b vert likevel den tiltalte kvinna avslutningsvis referert til som et «*Uskyldigt Qvindemenniske*». Då saka er frå 1715 og kvinna er funne uskuldig i all form for utukt er det likevel grunn til å tru at termen kvinnemenneske endå ikkje blir nytta med det avgrensa og stigmatiserte innhaldet som seinare på 1700-talet.

²¹⁶ NH 1718 s. 156b og 163.

klanderverdig. I tillegg til at ho vert idømt den meir ærefulle avrettinga med sverd, er det nemleg også intatt i referatet at saka «*for at conservere Samvittigheden*» skal sendast til kongen.²¹⁷ Kanskje heng difor omtaleforma også her saman med ei oppfatning av at handlingane til Sygni eigentleg ikkje burde bli ramma av dølgsmålsregelen.

Frå 1770-talet og utover ser vi også ei gradvis endring der bruken av termene kvinnfolk og kvinnemenneske vert nytta mindre konsekvent. Dette skjer samstundes med at stadig fleire av dei tiltalte kvinnene idømt mildare arbitrære straffer. Sjølv om barneavlinga har skjedd utanfor ekteskapet, synest det dermed som om den sosialt stigmatiserande terminologien vart mindre nytta der fødselen vart sett på som mindre klanderverdig. Om dette var eit bevisst val frå underrettsdommarane si side, eller om det skjedde grunna ei meir generell endring i terminologibruken, er likevel vanskeleg å seie sikkert.

6.3. Vilkår 2: «*med sin Barnefødsel i Dølsmaal omgaar*»

6.3.1. Tolking i teori og praksis

Vi har ovanfor sett på kven som kunne bli og kven som faktisk vart tiltalt etter barnedrapsføresegnene, med andre ord ei avgrensing av rettssubjekt. Vi skal no gå over til det som omhandlar sjølvne rettsbrotet, nemleg om det lettferdige kvinnfolket som var blitt med barn fødde dette i «*Dølsmaal*».

Som det har gått fram tidlegare, er dølgsmål eit uttrykk for noko som skjer i hemmelegheit eller i skjul. Etter ordlyden i NL 6-6-8 synest det som om det berre er sjølvne fødselen som var straffbart å dölje, og såleis ikkje svangerskapet i seg sjølv. Hedegaard held i 1760 til dømes også fram at ettersom ugifte kvinner naturleg ville skjule svangerskapet så lenge som mogleg, skulle føresegna i utgangspunktet ramme dei som søkte «*hen til Afveie og eenlige Stæder paa den Tid man skal føde, for at skiule og dølge det, og efter Fødselen at forstikke Fosteret*».²¹⁸ Nørregaard meinte også i 1788 at straffa måtte reduserast dersom fødselen «*overfald*» kvinna på ein stad der ho ikkje kunne tilkalle hjelp, og Brorson i 1797 påstod full frikjenning fordi «*ingen er forpliktet til det umulige*».²¹⁹

²¹⁷ NH 1718 s. 163b.

²¹⁸ Hedegaard 1760 s. 212.

²¹⁹ Nørregaard 1788 s. 156, Brorson 1997 s. 129.

I bygdetingspraksisen synest likevel tolkinga, særleg tidleg i perioden, å ha vore noko strengare. Som vist i 6.2.2 vart kvinner i fleire tilfelle, seinast i 1730,²²⁰ dømt til døden på bygdetinget, til trass for at fødselen kom brått på relativt lenge før termin. Både Ingerj Larsdatter og Sygni Asbiørnsdatter viste også fram barna sine på eige initiativ, utan at retten synest å ha vurdert dette nemneverdig til deira fordel.²²¹

Når det gjeld å søke til ein einsleg stad synest dette å ha vore vektlagt, men ikkje nødvendigvis avgjerande, for om den lovfesta straffa vart teken i bruk. Totalt har nemleg halvparten av kvinnene som fekk dødsdom blitt forløyst på sitt vanlege sengeleie anten på garden der dei arbeidde, eller heime hos foreldra.²²² Denne fordelinga synest også å vere relativt stabil i alle krinsar og i heile undersøkingsperioden. Eit unntak er likevel dei to einaste dødsdommane som kjem etter 1774 der begge kvinnene har oppsøkt ein einsleg stad. Trass i at sakene går i ein periode der vurderinga var i sterk endring, kan to enkeltstående tilfelle likevel ikkje tene som anna enn ein indikator på at fødselsstad vart meir vektlagt. Som vist i 5.5.2 var det også andre faktorar som skilte seg ut i desse sakene.

Når det er sagt, ser vi likevel ein klår tendens til at kvinnene ikkje har søkt noko avsides stad i dei sakene der dei faktisk vert frikjend eller får mildare straff. I dei åtte sakene der kvinna slepp unna dødsstraff trass i at ho har fødd eit barn, er det såleis berre éi der forløyisinga ikkje har skjedd på det sedvanlege sengeleie.²²³ Her har likevel kvinna fødd for tidleg i ein flor på veg heim frå utmarka, og openberra barnet så snart ho kom til krefter att.²²⁴ Oppsummert kan det dermed sjå ut til at kvinna sin opphaldsstad under fødselen kunne ha betydning for resultatet, men ikkje i seg sjølv var avgjerande.

I føresegna er det vidare vist at det vesentlege var at den fødande «*ikke bruger de ordentlige beskikkede Midler, som hende og Fosteret i saadant Tilfald kunde betiene*». Hjelpemidla som skulle sikre at fødselen gjekk forsvarleg for seg var i hovudsak tilkalling av ei jordmor eller andre erfarne og skikka koner.²²⁵ Hedegaard viser at kvinner som fødde aleine, ved «*saadan omgang og forsømmelse*» kunne haldast ansvarleg for at barna hadde «*creperet og omkommet*».²²⁶ Også Dons uttrykker i sine kommentarar at barnedød grunna både «*Skiødesløshed*»,

²²⁰ NH 1705B.

²²¹ SH 1705B, NH 1718.

²²² Dei andre kvinnene har funne eit anna sengeleie, gått ut i marka, eller fødd barnet aleine i eit gardshus eller på ein støl. Vedlegg 4 tabell 15.

²²³ Vedlegg 4, tabell 15 jf. Tabell 6.

²²⁴ SH 1774.

²²⁵ Hedegaard 1756 s. 37, jf. Hedegaard 1760 s.21

²²⁶ Hedegaard 1756 s. 38.

«forsømmelse» og «haandgierning» skulle medføre lovfesta straff.²²⁷ På dette punktet var likevel Brorson eksplisitt ueinig, og held fram at så lenge barnet ikkje var drepe ved aktiv handling, skulle kvinna utelukkande idømmast ei arbitrær straff.²²⁸

Hedegaard og Dons si oppfatning synest altså å vere den rådande, særleg i starten av undersøkingsperioden. Sjølv om det som vist i 5.4.3 vert ført vitne om kor vidt barneliket hadde skader som tyda på drap, synest mangel på slike teikn såleis ikkje å bli vektlagt i formildande eller frifinnande retning. Det avgjerande synest såleis å vere at kvinna fødde aleine, og dermed ikkje nytta dei føreskrivne skikka midla. Også her kan det likevel sjå ut til å skje ei utvikling mot slutten av 1700-talet. I dei sakene som ender i arbitrær straff etter 1774 synest det nemleg som om retten drøftar meir i tråd med dei synspunkta Brorson seinare presenterte, og vurderer kvinna si skuld i sjølve dødsfallet meir inngåande. Dette skjer likevel som eit ledd i ei meir heilskapleg vurdering, og vil bli handsama nærare i kapittel 7.

I høve til kva som reint faktisk vart rekna som skikka middel ved fødselen kan det likevel merkast at det synest å skje ei betrakteleg endring gjennom undersøkingsperioden. I tillegg til eit par tilfelle der far har vore til stades under (delar av) fødselen, har nemleg tre av dei tiltalte kvinnene blitt forløyst i nærvær av si eiga mor eller matmor. Før ei avvikande tolking av vilkåret «dølgsmål» skal drøftast under 6.3.2, skal vi difor sjå noko nærare på faktum og vurderingar i desse sakene.

Den første saka er også omtala under 5.4.1, og omhandlar fødselen til 22 år gamle Christi Johannesdatter i 1687. Ho blir som nemnd forløyst medan ho er svært svak av ein sjukdom. Mor hennar er likevel til stades og tilsynelatande tilrekeleg. Ho tar også aleine hand om det dødfødde barnet. Trass i at Christi på førehand har innrømma graviditeten til foreldra, og tilsynelatande ikkje har teke noko grep for å aktivt skjule sjølve fødselen, kjem retten til at ho må «*straffes paa Sin Hals*» etter dølgsmålsføresegna.²²⁹

Under tvillingfødselen til Ingerj Larsdatter er også kona på garden der ho tener innom og ser til henne mellom forløyisinga av dei to tilsynelatande ufullborne foster.²³⁰ Det er også ho som etter fødselen kommanderer Ingerj til å kvitte seg med barna utan å fortelje om fødselen til nokre av mennene i huset. At matmor både har kunnskap om graviditet og fødsel er heller ikkje her tilstrekkeleg for at

²²⁷ Dons 1763 s. 302.

²²⁸ Brorson 1797 s.129.

²²⁹ NH 1687 fs. 74b.

²³⁰ SH 1705B.

Ingerj får behalde livet. Når saka først går på tinget nekta riktig nok matmor for å ha hatt noko med fødselen å gjere, men retten avfeiar seinare dette som løgn og idømmer henne ei bot på 24 riksdalar til Bergen Hospital.

Ein kontrast til vurderinga i desse to sakene har vi i eit tilfelle heilt i slutten av undersøkingsperioden. I 1789 er Kari Andersdatter tiltalt for å ha fødd i dølgsmål på Strandebarm i Sunnhordland, etter å ha blitt forløyyst heime med foreldra til stades. Også her er det mor som tar hand om barnet både like etter fødselen og dei følgjande dagane. Her uttaler retten at straff etter dølgsmålsregelen ikkje kjem til bruk fordi ein «*egentlig Barne Fødsel i Dølgsmaal kan ikke siges, af hende at være begaaet, da hun ved Fødselen var og blev i hendes Forældres Stue, i begge deres Nærværelse, og raabte sin Moder til Hjelp*». ²³¹ Ho vart difor ikkje funne å oppfylle gjerningsskildringa i dølgsmålsføresegna, og slapp unna med seks år i tukthus.

I alle tre sakene har dei tiltalte kvinnene halde både svangerskap og fødsel hemmeleg for offentlegheita. Det er i tillegg kvinna si mor/matmor som har teke initiativ og/eller fysisk gøymt fosteret unna i etterkant av fødselen. Både Christi og Ingerj fortel også sine nærstående om svangerskapet i forkant av forløyisinga, medan Kari først innrømmer at ho skal føde når riene er kome godt i gang. Trass i at Kari er den einaste som det eksplisitt går fram at fekk den hjelpa mora hennar kunne gi, synest det ikkje som om kvinnene sjølv kan klandrast for at slik hjelp ikkje vart gitt i dei to andre tilfella. ²³² Faktum i sakene er relativt likt, og det som endrar seg er dermed subsumsjonen som vert gjort av dei rettslege aktørane. I 1687 og 1705 vert mor/matmor sin kunnskap og nærvær ikkje ein gong nemnd som eit formildande moment i domsavseiinga, medan det i 1789 vert sett på som så vesentleg at retten ikkje finn dølgsmålsregelen anvendeleg.

6.3.2. Hans Theiste og barnamordsplakaten

I to saker frå 1704/1705 skil likevel tolkinga av føresegna, og særleg vilkåret «dølgsmål», seg vesentleg ut frå dei resterande. Dei kjem i kjølvatnet av Aboe si avsetting, ²³³ og er difor ført i pennen av den midlertidig konstituerte soren-skrivaren Hans Theiste. ²³⁴ Som det vil gå fram under synest sakene som eit tydeleg døme på korleis bakgrunn og kunnskapssfæren til den enkelte rettslege aktør kunne gi store utslag i handsaminga av dølgsmålstiltalte kvinner.

²³¹ SH 1789 fs. 181b.

²³² Hedegaard meinte også at det måtte vere tilstrekkeleg å «*begiere at bruge*» slike middel, jf. Hedegaard 1756 s. 37.

²³³ Sjå punkt 3.3.1.

²³⁴ Olafsen 1940 s. 157.

Den første saka dreier seg om Søgni Olsdatter som er 20 år gamal. Ho var blitt svanger med sin gifte fosteronkel, og av frykt og i «*sin eenfoldighed*» valte ho å ikkje fortelje nokon om tilstanden sin.²³⁵ På direkte spørsmål frå fosterfar om eit rykte han hadde høyrte, nekta ho også for å vere med barn. Om lag éi veke seinare, 12. desember 1704, låg ho seg til sengs med store smerter, og vart forløyyst medan husfolket var ute på marka. Barnet vart liggande i senga, og ho fortalde ingenting når resten av husfolket kom heim etter fullført arbeidsdag. Nokon må likevel ha hatt ein ganske klår mistanke om kva som gjekk føre seg, for morgonen etter «*før det begynte at lyse*» dukka lensmannen opp for å få klårheit i «*hvad slags Siugdøm hun hafde*».²³⁶ Etter at også dei andre i huset byrja å spørje henne ut, vedgjekk ho til slutt fødselen og viste fram det døde barnet.

Då saka går på tinget over nyttår vert Søgni likevel frikjend for å ha fødd barnet sitt i dølgsmål. Etter å ha vurdert dei ovanfor nemnde omstenda kom retten til at ho ikkje «*have forsetlig willet føde udj Løndom; og fordult dette hendis foster*».²³⁷ Ho slepp såleis unna med ei bot for leiarmålet, delar av sakskostnadene og offentleg skriftemål.

Sjølv om det ved første augnekast kan synast som det eksisterer formildande omstende, samsvarar denne konklusjonen på mange måtar dårleg med samtida si rettskjeldelære og regelen om dølgsmål. Som vist ovanfor i 6.3.1 var det avgjerande momentet korleis sjølv fødselen hadde gått føre seg. Saka går vidare som vist i 1705, i utgangspunktet lenge før ein ser teikn til meir samansette vurderingar i teori og bygdepraksis. I høve til den gjennomførte utgreiinga om ordlyd og praksis i dei andre samtidige sakene, synest det ganske klårt at Søgni ved å unnlate og fortelje om tilstanden sin, både før og etter smertene kom over henne, ikkje har nytta dei i NL 6-6-8 føreskrivne middel. Då barnet i tillegg var omkomme, skulle ho såleis idømmast den fastsette dødsstraffa.

Den tilsynelatande motsetninga mellom rettstilstanden og det frifinnande resultatet gjer at argumentasjonen som bygger opp under avgjerda vert særleg interessant å analysere nærare. Det er særleg to moment som er verd å merke seg. For det første legg Theiste til grunn at Søgni sitt manglande forsett om å føde i dølgsmål må føre til frifinning. Som tidlegare vist, inneheld føreseigna ein rettsleg presumpsjon som ikkje gav noko rom for ei slik vurdering av hensiktene til den fødande kvinna. Sjølv om vi under kapittel 7 vil sjå at ei form for forsettsvurdering likevel vart vanlegare å nytte mot slutten av 1700-talet, var dommarane i utgangspunktet avskorne frå å vektlegge slike vurderingar i

²³⁵ NH 1705A fs. 69b.

²³⁶ *Ibid.* fs. 70.

²³⁷ *Ibid.* fs. 101b.

dølgsmålssaker. Den samtidige praksisen viser også klårt at gjeldane rett i 1705 framleis var å tolke føresegna strengt objektivt. At Theiste frikjenner Søgni på grunnlag av manglande forsett, synest dermed i utgangspunktet som ei rettsvillfaring.

Det andre som skil seg ut i denne dommen, er tolkinga av vilkåret «dølgsmål», og under dette tre moment som vert nytta for å kome til konklusjonen om manglande forsett. Retten meiner det vesentlege er **a**) at det må «*tilRegne hendis Ungdoms wanwittighed og u-forstand, denne hendis Stiltiendhed, med hendis fruktsommelighed*», at ho **b**) «*iche haver Søgt Nogen afweye, eller Eenlige Steder (...) men alle Folchenes daglig Stue, hvor alle gich ud og ind, saa ogsaa hendis Sedwanlige Seng og Leye sted*», og at ho **c**) «*Saa Snart hun Kom til nogen Kreffter og Sandz igjen, det (barnet) Aabenbaret og frembwiist, for de da tilStedeverende folch*» (mi nummerering).²³⁸

Der det i andre saker er lagt avgjerande vekt på mangelen av «*beskikkede midler*» under fødselen, synest dette her å vere endra til ei form for heilskapsvurdering av om kvinna **a**) har openberra graviditeten, om ho **b**) aktivt har søkt ein einsam stad, og om ho **c**) i etterkant av fødselen har skjult barnet. Sjølv om Søgni verken har fortalt om svangerskapet på førehand, eller openberrar barnet straks etter fødselen, vert desse omstenda formilda av at ho fødde i daglegstova til fosterforeldra. Trass i at dei tre momenta som utgjer avgjerdsgrunnlaget i og for seg synest å ha generell relevans i ei dølgsmålssak, avvik det klårt frå dei andre sakene i perioden at dei tilsynelatande er nytta som kumulative vilkår for straffeansvar.

Det same presumerte innhaldet av dølgsmålsføresegna finn ein også att ved eitt anna høve, i saka mot Brite Jacobsdatter. Denne går som vist ovanfor i april same året, og med same representant frå øvrigheita. Tenestejenta Brite var blitt svanger med ein dreng på garden. Då ho kjende fødselssmertene kome over seg, gjekk ho ut i marka, fekk barnet, og gøymde det deretter under ein stein. Ho hadde også tidlegare fått barn, og kunne difor ikkje reknast for å vere ei «*uKyndig barne-moder udi saadan tilstand*». Vidare er det i slutninga lagt vekt på at ho «**a**) *udi all den tid hun har gaaet frugtsommelig, hafver fordult och fortiet saadan hendis tilstand, for alle folch og medtjenerne paa gaarden (...) b*) *och endelig da hun fornam barnefødzelsens tiltrengelse och tilnærmelse, \da/ hafver hun søgt eenlighed, och henstuchet sig langt hen udi marchen (...) c*) *Och der iche allene fød*

²³⁸ *Ibid.* fs. 101-101b.

sit barn udi løndom mens och der nedgravet det udi een hule til Schiul bedecht det med Mosse och een Stoer Steen» (mi nummerering).²³⁹

Igjen finn vi altså at vilkåret dølgsmål er føresett å tyde løynd svangerskap, fødsel på sjølvvalt einsleg stad og eit bortgøymt barn. I dette tilfelle er alle innfridd, og Brite vert dømt til døden. Bruken av dei tre momenta fører difor ikkje til eit tilsynelatande uriktig resultat her, slik som dei ser ut til å ha gjort i saka mot Søgni.

Spørsmålet som aktualiserer seg er kva som er årsaka til at Theiste legg til grunn eit anna innhald i dølgsmålsføresegna enn det kollegaene hans både før og etter gjer. Han viser rett nok til NL 6-6-8 som rettsgrunnlag i begge sakene, men synest likevel ikkje å ha nytta ordlyden der til å fatte avgjerda. For å finne eit mogleg svar på dette, må det undersøkast om han kan ha henta inspirasjon frå kjelder utover sjølve lovteksten.

Ein påfallande likskap til Theiste sine vurderingar finn ein også i den svenske regelen for barnedrap. Allereie i 1669 kom det i Sverige ein «barnamordsplakat» med reviderte vilkår for det som svarar til den dansknorske dølgsmålsføresegna. Dette var nettopp at kvinna **a)** «*Thet fór ingen uppenbarar/ før fødselen/*» **b)** «*søker och enslighet wid sielfwa fødselen*» og **c)** «*efter fødselen lågger å lóhn*». ²⁴⁰ Denne regelen vart mellom anna gjenteken ved plakatar både i 1681 og 1684, og vart vidareført i «*Sweriges rikets lag*» frå 1734. ²⁴¹

I dansknorsk rett vert denne regelen tilsynelatande først handsama av Hedegaard i dessertasjonen frå 1756. ²⁴² Sjølv om det går fram der at NL 6-6-8 ikkje var meint å vere samanfallande med den svenske føresegna, synest det nettopp som om Theiste i dei ovanfor nemnde sakene har forsøkt å harmonisere innhaldet i dei to reglane. Korleis han hadde fått kjennskap til desse vilkåra for dølgsmål, og om dei i det heile stammar direkte frå Sverige sin barnemordsplakat, kan ikkje seiast med sikkerheit. Ein kan likevel sjå for seg eit par moglege situasjonar.

For det første kan det tenkast at Theiste har innehatt eit eksemplar av ein av dei nemnde plakatane. Ein må likevel legge til grunn at han som embetshavar har hatt ei viss forståing for den strenge rettskjeldelæra, og lova si særlege stilling. I så tilfelle er det svært oppsiktsvekkande om han direkte nytta ein svensk regel til å utleie innhaldet i, eller til og med sette til side, den gjeldande dansknorske føresegna. Som nemnd hefta sorenskrivaren personleg for uriktig rettsbruk, og trass

²³⁹ NH 1705B fs. 88-88b.

²⁴⁰ Schmedeman 1706 s. 584.

²⁴¹ *Ibid.* s. 727 og s. 878.

²⁴² Hedegaard 1760 s. 212.

rimelegheitsomsyn og sympati med rettssubjekta var det difor truleg få som medvitne gjekk inn for å vike frå gjeldande rettslege prinsipp. Kanskje er det difor meir truleg at Theiste fann momenta i ei form for upublisert brev, notat eller manuskript som omtala under 4.2.4. Dersom han var usikker på tolkinga av dølgsmålsføresegna, og innhaldet i eit dokument stod fram som ei god løysing, synest det ikkje ulogisk at han kan ha nytta dette aktivt i egne drøftingar. Om han ikkje var bevisst på opphavet til den retten som der vart presentert, er det såleis ikkje sikkert at han sjølv innsåg at bruk av vilkåra var i strid med gjeldande rett.

Uavhengig av speulasjonar rundt kjeldeopphav og intensjon kan ein i etterpåklokskapens lys slå fast at det å nytte ei forsettsvurdering tufta på dei tre omtala momenta som sjølvstendige og kumulative vilkår, var i strid med både dølgsmålsføresegna og den dansk-norske rettskjeldelæra. På grunnlag av det ovanfor nemnde er det vidare nærliggande å dra slutninga om at denne feilvurderinga først og fremst vitna om juridisk villfaring i eit eller anna ledd av vurderinga.

Om ein ser vidare på saksgangen er det også interessant å merke seg at det rettslege feilskjeret tilsynelatande aldri vart oppdaga eller fekk nokon konsekvens for Theiste. I Brite Jacobsdatter sitt tilfelle vart saka anka, og domsgrunnlaget vart såleis gjenstand for ein gjennomgang av overordna rettsinstansar. Ettersom tinget sin dødsdom vart funne å vere korrekt, utpeikte likevel ikkje argumentasjonen seg som noko avvik for overrettsdommarane. Den vart derimot tilsynelatande sett på som god, og momenta vert mellom anna gjenteken i avgjerda til Overhoffretten i 1706.²⁴³

Frikjenninga av Søgni Olsdatter, som etter dette truleg ville bli funne ulovleg, er på si side den einaste dølgsmålsdommen i dei tre krinsane mellom 1702 og 1737 som ikkje vart anka vidare til lagtinget.²⁴⁴ Når tingboka først var ferdig utfylt og arkivert var det, med mindre saker vart gjenopna eller vidare forfølggt, liten grunn for nokon å saumfare referata etter uriktige rettsgrunnlag. Hans Theiste si oppfatning av forsettsvurdering og innslaget av ein mogleg svensk regel på bygde-tinget i Nordhordland fekk såleis rettskraftige følgjer. Truleg vart denne juridiske glippen avgjerande for både framtida og kanskje også livet til den tiltalte Søgni.

²⁴³ Overhoffretten, Avsiktsprotokoll 1706, s. 16b-17a

²⁴⁴ Hansen 1992, s. 252-253 jf. vedlegg 3.

6.4. **Vilkår 3: «... same Barn borte bliver, eller paaskydis at være dødt født eller i andre Maader forkommet »**

Formålet med barnedrapsreglane var altså å hindre at kvinner fødde og tok liv av dei uekte barna sine i skjul, for deretter å hevde at barnet var dødfødd dersom dei vart oppdaga. I dølgsmålsføresegna ser det såleis ut til at lovgivar forsøkte å heilgradere seg mot alle situasjonar der ein slik skjult fødsel ikkje resulterte i eit levande barn. I utgangspunktet var det altså heimel for å straffe kvinner både dersom barnet av ulik årsak var dødt, men også dersom barnet var borte og ikkje kunne visast i det heile.

Når det gjeld dei snevre dølgsmålssakene, er barnet vist fram i alle saker utanom fire.²⁴⁵ I dei sistnemnde tilfella har barna blitt senka på fjorden eller gravlagt i marka og ikkje funne att. Mange av barna har truleg lagt i lengre tid før dei vart oppdaga, og det var såleis avgrensa kor mykje synfaring og obduksjon kunne avdekke av dødsårsak.

Ein anna interessant observasjon frå undersøkingsmateriale er tre saker der kvinnene truleg kunne blitt dømt for ein fødsel i dølgsmål, men der vitnemål om at barnet hadde liv etter fødselen vart avgjerande. Ei av desse sakene er relativt perifer i denne samanheng, men er interessant å sjå på som eit døme på kva som fall på utsida av det som stod fram som straffbart i samband med dølgsmålsregelen. I 1662 fødde budeia Guri Larsdatter Tageskilden eit jentebarn aleine medan ho arbeidde på stølen. Barnet overlevde fødselen, og den nybakte mora fekk frakta det til næraste gard for å «*aabenbare hendes iværende Omstændighed*».²⁴⁶ Saka er utsett fleire gonger, og ender i tukthusstraff på ½ år, tilsynelatande grunna slektskap med barnefar. Det ser såleis ut til at Guri sin skjulte barsel ikkje i seg sjølv fekk nokre strafferettslege konsekvensar. Så lenge barnet overlevde, synest dølgsmålsregelen difor ikkje å ha vore relevant.

Noko meir komplisert synest dette å vere i to blodskamsaker frå Nordhordland i 1735 og 1797.²⁴⁷ I begge sakene har svangerskapet tilsynelatande vore meir eller mindre skjult, og barna omkom kort tid etter at dei var fødd. Sjølv om ingen av kvinnene eksplisitt er mistenkt for brot på NL 6-6-8, er det likevel ført fleire vitne som først og fremst vert bedne om å uttale seg om sine observasjonar medan barnet enno var i live. Mellom anna vert det spurt om det ikkje var synlege teikn på påført skade som skulle medføre død. Det synest likevel som retten i begge desse tilfella konkluderer med at døden har vore naturleg, og det at svangerskap

²⁴⁵ Jf. NH 1699B, SH 1705B, HVL 1736 og HVL 1770. Det går ikkje fram kor vidt barnet var funne i NH 1643. jf. vedlegg 3.

²⁴⁶ HVL 1662 s.138.

²⁴⁷ NH 1735 og NH 1797.

og fødsel ikkje gjekk rett for seg vart difor ikkje vidare rettsforfølgd. Dette er også i samsvar med Hedegaard sine omtalte fråsegner om at det var naturleg for ugifte kvinner å skjule svangerskap så lenge som mogleg, utan at dette i seg sjølv var straffbart.²⁴⁸

Sjølv om dølgsmålsregelen dermed stiller opp ein presumpsjon om at barnet var drepe så lenge det dukka opp dødt, ser vi at denne vurderinga vert betrakteleg meir nyansert mot slutten av 1700-talet. Kort fortalt synest både praksis og teori mot slutten av 1700-talet å legge til grunn at dersom barnet omkom av naturlege årsaker, kunne ikkje kvinna dømmast for å ha drepe det. Ein avgjerande faktor for å kunne drøfte dette var truleg den pålagde obduksjonen, som gav underrettsdommarane betre grunnlag for å vurdere omstenda rundt barnet. Saman med ei stadig meir vektlagt forsettsvurdering, synest nettopp dette punktet å vere avgjerande for den nemnde nedgangen i dødsstraff frå 1774 og utover. Som dei føregåande kapitla viser, skjer det likevel ei rekke endringar i vurderingane i denne perioden. For å få fram det nyansane rundt denne utviklina, vil også overgangen i høve til vurderinga av barnet sin tilstand bli nærare handsama i ei heilskapleg framstilling i kapittel 7.2.

6.5. Oppsummerande merknad

Når det gjeld tolkinga av dei ulike vilkåra i dølgsmålsregelen kan vi etter dette kome med nokre generelle og oppsummerande merknader. For det første synest teori og praksis stort sett å stemme overeins i heile undersøkingsperioden når det gjeld tolkinga av kven som kunne vere rettssubjekt i barnedrapssakene. Vilkåret «lettferdig kvinnfolk» avgrensa dette i utgangspunktet til kvinner som hadde blitt med barn utanfor -eller på tvers av, ekteskapet.

For det andre ser vi at kva som vart rekna som å føde «i dølgsmål» varierer. Dette gjeld både i ulike periodar, men også mellom ulike sorenskrivarar. Kjernen synest likevel å vere dei kvinnene som bevisst trakk seg vekk frå folk, slik at dei kunne skjule både fødselen og barnet. Yttergrensene varierte likevel, og i starten av undersøkingsperioden synest retten lite villig til å vurdere omstende utover at kvinna hadde fødd aleine og ikkje tilkalla hjelp.

Det siste vilkåret, om at barnet måtte vere «borte» eller «forkomme», avgrensa for det første mot dei sakene der barnet var vist levande fram utan skadar. Synfaring og obduksjon vart også etter kvart viktige faktorar for å kunne bestemme kor vidt kvinna faktisk måtte reknast som ansvarleg for at barnet omkom. Ordlyden

²⁴⁸ Hedegaard 1760 s. 212.

omfatta eit breitt spekter av dødsårsaker, men som vi skal sjå i 7.2. synest dette punktet altså å ha blitt meir nyansert.

7. Ein rett i endring: Utviklinga mot ei meir nyansert ansvarslære.

7.1. Innleiande merknad

I følgje dei føregåande kapitla skjer det altså ei vesentleg endring i dei vurderingane som vert gjort i dølgsmålssakene mot slutten av 1700-talet. Slik det vart vist i 5.5.2, går dette kanskje tydelegast fram gjennom ei klår endring i utfallet av sakene på bygdetinget, og då særleg i tidsrommet frå 1770 og utover. Trass i at det først var på dette tidspunktet at utviklinga fekk faktiske konsekvensar for dei dølgsmålstiltalte kvinnene, vil det i det følgjande gå fram at det i eit rettsleg perspektiv skjer vesentlege endringar også før dette. At straffene går frå halshogging til tukthus er såleis berre det ytre resultatet av eit større bilete, og det er dei bakanforliggende faktorane som er tema for den vidare drøftinga.

Dei to viktigaste endringane når det gjeld den konkrete argumentasjonen har allereie blitt nemnd. For det første synest det etter 6.4 å bli eit stadig viktigare spørsmål kor vidt barnet hadde føresetnad for liv ved fødselstidspunktet. Dette gjeld både i teori og praksis, men sjølv om resultatet synest å bli det same, vil det følgjande vise at tankegangen i vurderingane avvik noko.

Det andre oppsiktsvekkande momentet som skjer i bygderinget si handsaming av dølgsmålssaker er den i 6.3.2 nemnde utviklinga av vurderingar rundt dei tiltalte kvinnene si subjektive skuld. Frå tilsynelatande å legge gjerningsskildringa i NL 6-6-8 ukritisk til grunn for dødsdom, synest underrettsdommarane i stadig større grad å bruke forsettsvurderingar for å utmåle ei meir rimeleg straff. Korleis utviklinga arta seg, og moglege forklaringar på kva som kan ha vore utløysande årsaker, kan også vere med å avdekke og/eller illustrere ei større endring i retts-tenkinga på slutten av 1700-talet.

Ettersom framveksten av desse elementa ikkje var regulert i formell lov, vil utgangspunktet for den vidare drøftinga vere den endringa vi ser praktisert på bygdetinget. Deretter vil andre teikn på rettsutvikling og moglege årsaker til dette, deriblant innhaldet i dei juridiske lovkommentarane, bli greia ut om. Formålet med drøftinga er å få fram samanhengen og det heilskaplege bilete rundt dei endringane som skjer, og ulike moment vil difor bli noko mindre spalta opp enn det dei vart i kapittel 6.

7.2. Vurderingane på tinget

7.2.1. Kan mor klandrast for barnet sin død?

Det første som skal drøftast er momentet som vedkjem tilstanden til barnet, og det er slik sett eit framhald frå det som vart skrive i 6.4. Kor vidt barnet hadde føresetnad for liv og om mor kunne klandrast for at det omkom synest som stadig meir vektlagde moment i sakene som går på tinget utover 1700-talet. Som nemnd i 5.4.3 gjorde obduksjon det mogleg å frå 1751 fastslå tidspunktet for og årsaka til død meir nøyaktig, noko som gav retten meir å gå på i drøftingar rundt dette spørsmålet. Tilgang på medisinsk kompetanse var truleg ein viktig faktor for å mogleggjere ei meir nyansert vurdering, og som vi skal sjå i 7.3.1. drøftar teoretikarane slike undersøkingar inngåande.²⁴⁹ I bygdetingsakene finn ein likevel teikn på ei ny type vurdering både før og uavhengig av denne forordninga, noko som tyder på at rettsoppfatninga allereie var i endring. I det følgjande skal utvikling og vektlegging av desse nye elementa handsamast.

Den første saka der nettopp barnet sin tilstand synest å føre til at barnemor unngår dødsstraff, er saka mot Guri Haldorsdatter Uglehuus i 1743. Guri var blitt svanger med ein soldat, fekk eit barn om natta, og gøymde dette i kista si i 12 dagar før ho innrømte fødselen for matmora si. Når dommen skal avseiast kjem retten likevel til at Guri ikkje kan dømast til døden etter dølgsmålsregelen. Ettersom barnet er funne å vere fødd etter berre 13-14 veker i morsliv, vert det utgreidd at det «*Opfindes icke eftter Lovens Meening at dette har veret et Tidigt foster*». Vidare vert det utgreidd at ettersom det for tidleg fødde barnet «*icke i eller eftter fødselen kunde haft eller beholde lif*», kunne det ikkje «*ansees som det med haandgierning kunde vere dræbt*».²⁵⁰ Det vart altså lagt til grunn at ein ikkje kunne drepe eit allereie dødt foster, og retten dømmer Guri til 6 år på tukthus.

Før denne saka vert så og seie alle kvinnene som føder eit dødt barn aleine dømt til dødsstraff etter NL 6-6-8 jf. NL 6-6-7. Det må såleis undersøkast om den arbitrære straffa skuldast ei endring i korleis retten vart oppfatta. I høve til det svært tidleg fødde fosteret, finst det likevel ikkje samanliknbare tilfelle i dei snevre sakene.²⁵¹ Det er såleis vanskeleg å seie om det er faktiske eller rettslege ulikskapar som fører til det avvikande resultatet. Retten si fråsegn om at barnet både måtte ha hatt og kunne ha behalde liv for å kunne sjåast på som drepe, er likevel oppsiktsvekkande i høve til dei vurderingane vi ser fram mot dette tidspunktet. Som vist i 6.3.1 vart nemleg fleire kvinner før 1735 også forløyyst før termin, utan at det vert drøfta om barnet hadde føresetnad for å overleve. Det må

²⁴⁹ M.a. Hedegaard 1756 s. 51-59.

²⁵⁰ SH 1743 fs.111.

²⁵¹ Som vist i 6.2.2 står saka mot Martha Mogensdatter som fødde i 12 veke utan dom jf. SH 1735.

likevel merkast at underrettsdommarane i saka mot Guri berre uttalte seg om det konkrete tilfelle, og neppe hadde noko rettsskapande intensjon med denne fråsegna. Likevel kan måten argumentet er utforma på, indikere ei haldningsendring til kor absolutte vilkåra i NL 6-6-8 var. Det kan såleis sjå ut til at saka til Guri representere ein ny innfallsvinkel til dølgsmål-problematikken.

Når vi ser på dei andre sakene frå 1740-talet og utover, ser vi jf. 5.4.3. at det døde barnet stadig er gjenstand for undersøking og vitnemål. Ved påbodet om obduksjon i 1751, fekk retten ei autoritativ kjelde å basere slutningane sine på, og det skjer såleis ei vesensendring i vurderinga. Det kan også her nemnast at bygdetinget i Nordhordland innhenta obduksjonsrapport allereie i ei sak frå 1746, noko som også taler i retning av at barnet sin tilstand vart sett på som eit viktig moment.²⁵² Men trass i at spørsmålet rundt barnet sine føresetnader for liv er drøfta meir inngåande, er saka mot Guri likevel den einaste før 1774 som ikkje endar i dødsdom. Sjølv om retten hadde betre kjelder, ser altså momentet ikkje ut til å ha påverka domsresultata i noko særleg grad.

Sjølv om underretten nyanserer innhaldet i dølgsmålsføresegna i saka mot Guri, synest dødsstraff såleis framleis å vere hovuddregelen i åra fram mot 1770. Det er likevel vanskeleg å seie om dette skuldast at regelen trass alt vart tolka like strengt som før, eller om det er resultat av det stadig varierende faktumet i sakene. I Sunnhordland har vi til dømes berre to saker mellom 1743 og 1770, og i begge desse vedkjenner mor at barnet hadde liv.²⁵³ I saka mot Ragnilde Asbiørnsdatter frå Hardanger i 1662, svarar obduksjonsrapporten vidare klårt bekreftande på at barnet var levande fødd. Då det i desse sakene såleis var prova at barnet hadde føresetnad for liv, synest ikkje spørsmålet som vart aktualisert i saka mot Guri å kome på spissen.

I to av sakene frå Nordhordland på 1760-talet ser tilstanden til barnet likevel ut til å vere noko meir uavklart. I desse legg likevel retten til grunn at mor må reknast ansvarleg for at barnet omkom, fordi obduksjonsrapporten gav ein slags «*formodning*» om at barnet hadde hatt liv.²⁵⁴ Sjølv om eitt av barna var «*nesten forodned*», og rapporten difor ikkje kunne gi nokre klare svar, blir begge kvinnene dømt til døden.²⁵⁵ Det synest altså som om presumpsjonen om skuld framleis var utgangspunktet for vurderinga.

²⁵² NH 1746.

²⁵³ SH 1758, SH 1759.

²⁵⁴ NH 1760 fs. 361 og NH 1763 fs. 236.

²⁵⁵ NH 1763 fs. 236.

Grunna variasjonen i det empiriske materiale, er det vanskeleg å seie noko sikkert om kor vidt rettsoppfatninga faktisk endra seg i perioden fram mot 1770. Trass i at spørsmålet om barnet hadde liv vert meir inngåande drøfta, er fråsegnene i saka mot Guri dei einaste som ser ut til å representere ei vesentleg endring i korleis dølgsmålsregelen vart tolka. Kanskje er det difor mest forsvarleg å legge til grunn at det var faktum, og ikkje ei rettsleg utvikling, som var avgjerande for den forholdsvis milde dommen. Saka indikerer uansett at underretten i enkelte tilfelle veik frå den fastsette dødsstraffa, dersom barnet openbert ikkje hadde føresetnad for liv. Som vi ser av dei to sakene frå Nordhordland, synest dommarane likevel berre å sjå seg kompetente til slike vurderingar der det var prova utover ein kvar tvil at barnet var dødt ved fødsel.

I sakene som endar med arbitrær straff etter 1770, synest retten derimot å ha ein motsett innfallsvinkel til spørsmålet. Her synest det nemleg som om all tvil rundt barnet sin tilstand ved fødselen konsekvent kjem mor til gode i dei rettslege vurderingane. Det første tilfelle der presumpsjonen synest å bli snudd til eit bevis-spørsmål, er saka mot Marthe Torstensdatter i 1774. Ho fødde barnet sitt før tida, og retten finn ikkje at ho kan haldast ansvarleg ettersom det var «*ubevist om det for Fødselen hafde faaed Liv*». ²⁵⁶

Fråsegna kan sjølvstøtt berre ha vore ein talemåte for å seie at barnet var dødfødd. Når vi ser på korleis spørsmålet er handsama i dei følgjande sakene, synest det likevel klårt at vurderinga reelt sett har endra seg frå å vere eit krav til å bevise uskuld, til å bli eit krav om å bevise skuld. I saka mot Kari Baardsdatter i 1778 er det til dømes uttalt at det trass i «*hvor upaaliidelig og hvor utroeværdig, Deliqventindens foregivende om Dødfødselen end er*», finnes det «*intet beviis*» på at barnet var levande, og retten finn det ikkje «*passelig, over deliqventinden at afsige nogen DødsDom*». Ei av årsakene til denne uvissa er at barnet har «*været dødt saa lang tiid, og i den tiid staaet 2 Dage i en varm Stue*». ²⁵⁷ Kari slepp dermed unna med 6 år på tukthus, delvis fordi obduksjonen av barnet ikkje kunne gi eit eintydig svar om kor vidt ho ved aktiv eller passiv handling var ansvarleg for at det omkom. Det same synest å bli lagt til grunn i saka mot Anne Rasmusdatter i 1786 der «*Barnet efter saa lang Tiid var overgaaen til Forraadnelse*», og det difor var «*uvist, om Barnet har haft Liv efter Fødselen*». Ettersom obduksjonsrapporten ikkje kunne prove at barnet hadde liv, ser det dermed ut som at retten legge til grunn at det var dødt. Dette er ein klår motsetnad til dei to sakene frå Nordhordland på 1760-talet, der ei «*slags formodning*» om liv vart sett på som tilstrekkeleg for dødsstraff.

²⁵⁶ SH 1774 fs. 166.

²⁵⁷ SH 1778 fs. 318.

Eit ytterlegare steg i retning av ein uskuldspresumpsjon går vidare fram av saka mot Kari Andersdatter frå 1789. Her gir obduksjonsrapporten klårt svar på at barnet hadde liv ved fødselen, men på trass av dette slepp Kari unna dødsstraff. I domsavseiinga uttalar nemleg retten at ettersom det «*ikke haves fuldkommen Vished*» om barnet kunne ha omkomme av naturlege årsaker, «*finder denne Ret det altfor betænkeligt, i denne Sag at afsige nogen Døds Dom*». ²⁵⁸ Her synest altså spørsmålet ikkje berre å vere om barnet hadde føresetnad for liv, men også om det er bevist at mor var skuld i at det omkom.

Når vi ser vurderinga i samanheng finn vi dermed ei stykkevis endring. På trass av at barnet sin tilstand er drøfta i sakene som går frå midten av 1600-talet til første halvdel av 1700-talet, synest ikkje dette å ha blitt særleg vektlagt i straffeutmålinga. Frå åra rundt saka frå 1743, og særleg etter 1751, er momenta stadig meir nytta, men spørsmålet som vert stilt er tilsynelatande om det kan provast at kvinna var utan skuld i at barnet omkom. På slutten av 1700-talet, første gang i 1774, ser vi derimot at vurderinga vert snudd til å bli ei vurdering av om det kan provast at kvinna aktivt eller passivt er ansvarleg for at barnet døde. Overordna ser ein såleis at bygdetinget går frå å presumere skuld, til å vurdere kvinna som uskuldig i drap inntil det motsette var bevist. Uskuldspresumpsjonen gjer dermed at kvinnene ikkje lenger vert konsekvent idømt dødsstraff, men slepp unna med arbitrære tukthusstraffer.

7.2.2. Vurdering av subjektiv skuld

Christian 5. Norske Lov har inga generell føresegn som regulerer subjektivt skuldkrav i strafferetten. Enkelte straffebod inneheld likevel krav om forsett for strengaste straff, og aktlause gjerningar var eksplisitt regulert, mellom anna gjennom i kapittel 6-11 «*Om vaadis gierninger*». ²⁵⁹

Når det gjeld dei to føresegnene som omhandlar barnedrap, inneheld desse som vist ikkje noko slik differensiering. At kvinna etter å ha innfridd vilkåra i NL-6-6-8 skulle «*agtis*» som om ho hadde drepe barnet med «*villie*», synest derimot å presumere subjektiv skuld basert på objektive vilkår. Sjølv om dette truleg er ei noko karikert tolking av lovgivars oppfatning av subjektiv skuld, verkar det som ein slik skuldpresumpsjon vert lagt relativt ukritisk til grunn i første del av undersøkingsperioden.

²⁵⁸ SH 1789 fs. 170. Kari si mor var også til stades ved fødselen, noko som tala i formildande retning, jf. 6.3.1.

²⁵⁹ T.d. NL 6-7-1, jf. Skeie 1937 s. 152.

Utover 1700-talet skjer det likevel ei interessant endring. Etter kvart synest nemleg underrettsdommarane i stadig større grad å gjere vurderingar av kor vidt kvinna faktisk hadde som intensjon å skjule fødselen og/eller drepe barnet. I byrjinga skjer det ofte meir implisitt enn eksplisitt, men vi finn likevel konkrete teikn på det i form av stadig fleire spørsmål og utfyllande merknader knytt til kva som har vore kvinna sin «tanke», «intensjon», «vilje» og liknande i forkant av fødselen. Der begge foreldra er involvert, er også formuleringa om dei har vore «einige» om det som skulle skje. Frå å vere nemnd i fire av dei 15 sakene som går før 1735, vert slike vurderingar gjort i heile 16 av 17 saker etter dette året.²⁶⁰ På same måte som spørsmålet om barnet sin tilstand, endrar innhaldet og resultatet av vurderingane seg utover 1700-talet, og det er desse endringane som skal illustrerast og drøftast vidare.

Når det gjeld dei snevre sakene som endar i dødsstraff mellom 1736 og 1770, vert straffeansvaret stort sett konstatert ut frå eitt eller fleire av dei tre momenta at **a)** svangerskapet var halde skjult for omverda, **b)** fødselen skjedde på ein sjølvvalt einsleg stad og/eller **c)** kvinna skjulte barnet i etterkant av fødselen. Som vi ser er dette dei same momenta som Hedegaard listar opp i samband med gjennomgang av den svenske regelen, jf. 6.3.2. Kan hende har dette ein samanheng, men det må presiserast at momenta verken er like eksplisitt eller konsekvent vurdert som i dei omtala sakene til Hans Theiste. Sjølv om argumenta heller ikkje alltid er eksplisitt knytt til dei nemnde merknadene om kvinna sin intensjon, synest det altså å vere ein samanheng mellom retten si vurdering av kvinna sin handlemåte og antekne hensikt. Som nemnd vert alle kvinnene i dei snevre sakene utanom Guri Haldorsdatter Uglehuus dømt til døden i denne perioden, og forsettsvurderinga får slik sett ingen store konsekvensar.

I sakene som endar med arbitrære straffer etter 1770, synest argumentasjonen som er nytta derimot å bli gradvis meir nyansert. Sjølv om dei ovanfor nemnde momenta går igjen også i desse dommane, vert dei tilsynelatande formilda av omstende som tidlegare ikkje har blitt drøfta. Dersom kvinna til dømes hadde skaffa barneklede, kunne dette tale for at ho hadde til hensikt å behalde barnet, til trass for at ho hadde haldt svangerskapet hemmeleg.²⁶¹ Om fødselen skjedde på ein stad utan folk, vart det lagt vekt på om kvinna hadde forsøkt og/ eller hadde hatt moglegheit til å tilkalle hjelp. Også her synest tvil å komme tiltalte til gode. Sjølv om det vert sådd tvil rundt Kari Bårdsdatter sin påstand om at ho ropte etter hjelp, vert denne såleis godteken fordi *«intet af det som beviist er, striider*

²⁶⁰ Vedlegg 5, tabell 2. Av denne går det også fram dei ulike formene som er nytta i søket.

²⁶¹ SH 1776 fs. 273.

derimod». ²⁶² Også tilhøva i etterkant av fødselen synest å ha blitt vektlagt i formildande retning. Til dømes tala det til kvinna sin fordel om navlestrengen var bunden for, eller at kvinna viste fram barnet frivillig etter fødselen. ²⁶³

Utviklinga rundt vurderinga av subjektiv skuld synest etter dette å skje parallelt med den endringa vi såg rundt spørsmålet om barnet hadde liv ved fødselen, og/eller om mor kunne klandrast for at det omkom. Vurderingane på tinget synest også å vere svært samansett, og i det følgjande vil det såleis bli drøfta korleis desse momenta vart vekta mot, og supplerte kvarandre i praksis.

7.2.3. Vektlegging og grunnlag for arbitrær straff

I stor grad synest argumentasjonen i dommene som endar med arbitrær straff å vere ei heilskapleg vurdering av alle moment som talar for eller mot dødsdom for kvinna. Det er såleis stundom vanskeleg å slå fast kva vekt anten barnet sin tilstand eller mor si subjektive skuld har hatt for utfallet av dommen. I dei fleste sakene synest likevel det at barnet ikkje var prova å ha hatt liv å vere ein føresetnad for å vektlegge kvinna si manglande hensikt.

Eitt tilfelle der det likevel synest som om kvinna sin intensjon er gitt stor vekt i formildande retning, er saka mot Christie Guldbrandsdatter i 1776. Christie fødde i senga si på fehuslemmen fem veker før termin, og var ikkje i stand til å tilkalle hjelp, då dei andre på garden var samla i stova med «*Drickende vahrer for sig*». ²⁶⁴ I tillegg hadde ho avtalt med barnefar at han skulle kjøpe barneklede, og dessutan openberre svangerskapet for foreldra hennar så snart han kom tilbake frå byen. Samanhalde med kirurgirapporten som viser at barnets navle var bunden for, uttalar retten såleis at det «*erfahres med fuldkomen Vished at det aldrig har været Pigens Tancke at ombringe det Barn hun gick med*». Tingrettsdommarane kjem såleis til at NL 6-6-8 «*ej her med Grund apliseres*». Då Christie likevel utviste «*uagdsomhed*» ved å legge seg aleine så tett opp til fødselen, vert ho dømt til åtte år på Bergen tukthus, samt leiarmålsbot og åtte dagar på vatn og brød. ²⁶⁵

Dommen frå 1776 er interessant av fleire grunnar. For det første synest den nemnd som det klåraste døme på at kvinna sin intensjon i forkant av fødselen har fått avgjerande betydning for dommen. Dei objektive vilkåra, at ei ugift kvinna fødde utan hjelp, og at barnet omkom, er opplagt til stades, men fordi Christie så klårt ikkje hadde til hensikt å drepe barnet, finn altså retten at dødsstraffa ikkje er

²⁶² SH 1778 fs. 26.

²⁶³ SH 1776 s. 273 og SH 1774 s.166.

²⁶⁴ SH 1776 s 273b.

²⁶⁵ *Ibid.* fs. 273.

anvendeleg. Dette skjer trass i at det vert lagt til grunn at «*hun i de Omstendigheder, hun vidste hun var i lagde sig paa en kal[d] Lem, da maaskee, at kulden contribuereede noget til en hordere Fødsel og Barnets død*».

Det andre momentet som skil seg ut, er at vurderinga av subjektiv skuld ikkje berre fører til at dødsstraffa vert unngått, men også eksplisitt tener som grunnlag for at Christie trass alt vert idømt ei relativt streng straff. I dei andre fem dommane der kvinnene vert dømt til arbitrær straff, går nemleg ikkje kriteria for dette alltid like klårt fram. To av sakene ender med livstidsdom på tukthus. Sjølv om det vert lagt til grunn at barnet var dødt ved fødselen, vert det likevel lagt vekt på at kvinnene har «*handlet saa meget i Dølgemaal*» at om «*Barnet har været levende født*» hadde dei «*gjort nok til sit Barns Død (...)[og] derfor bør liide exemplarisk Straf*».²⁶⁶ I dei tre siste er grunnlaget ikkje nærare oppgitt enn at dei for sin «*meget mistenkelig[e]*» oppførsel, sin «*u-Lovlige omgang*», eller sin «*Forbrydelse*» må lide dom på 6 år straffarbeid.²⁶⁷

Sjølv om desse formuleringane er noko sparsame, kan det synest som om kvinnene vert straffa fordi dei har handla klanderverdig eller uforsvarleg. Sjølv om det berre er i Christie si sak at aktløyse er nemnd eksplisitt, er det difor truleg ein liknande tankegang som ligg til grunn også i dei andre sakene som endar med ei arbitrær straff.

Som ei oppsummering kan ein dermed seie at dei to hovudmomenta om barnet hadde liv, og vurderinga av subjektiv skuld har blitt nytta komplimentært i dei ulike vurderingane. Når det gjeld grunnlaget for den arbitrære straffa, skjer dette stort sett grunna uforsvarleg oppførsel.

7.3. Utvikling i eit større perspektiv

Vi har no for det første sett ein tydeleg tendens til kvinnene som fødde på slutten av 1700-talet vart idømt mildare straffer, jf. 5.5.2. I 7.2 såg vi vidare på kva konkrete endringar i dei rettslege vurderingane som førte til dette resultatet. Som ei avrunding på dette, skal vi no ta enda eit skritt tilbake, og sjå korleis innhaldet barnedrapsreglane synest å utvikle seg i andre juridiske samanhengar. I samband med dette vil det bli drøfta om, og eventuelt korleis, dette kan ha påverka praktiseringa av barnedrapsreglane på bygdetinget.

²⁶⁶ SH 1786 fs. 318 og tilsvarande SH 1778 s. 26b.

²⁶⁷ SH 1743 fs. 111, SH 1710 fs. 166 og SH 1789 fs. 182.

Det er ingen ambisjon å kome med ei uttømmende drøfting av det mylderet av ulike faktorar som i større eller mindre grad er eigna til å påverke retten. Det som dermed vil bli gjennomgått her, er utvalte uttrykk for ei endra rettsoppfatning, som kan vere med å kaste ytterlegare lys over den utviklinga vi har sett skjer i førestillinga om rett og praktiseringa av dølgsmålsregelen på bygdetinget.

7.3.1. Teori

Det første som skal drøftast er korleis den juridiske teorien står i samsvar med, og kan ha påverka, den retten som vart praktisert på tinget siste halvdel av 1700-talet. Når det gjeld dei teoretiske utgreiingane er desse skrivne og utgitte mellom 1756 og 1797, noko som utgjer eit tidsrom på 41 år.²⁶⁸ På same måte som bygdetingspraksisen, er publikasjonane dermed underlagt eit tidsmessig aspekt som det er naudsynt å ta omsyn til ved drøfting av dei ulike syna. I det følgjande vil dei ulike teoretikarane difor bli kommentert kronologisk, samstundes som det vil bli drøfta korleis syna som kjem fram der samsvarar med den samtidige praksisen.

Den første inngåande teoretiske drøftinga av fødsjar i dølgsmål vart altså skrive og publisert av Hedegaard i 1756. Som vist i 7.2 hadde ulike uttrykk for forsettsvurderingar allereie dukka opp i bygdetingspraksisen i nærare to tiår, og det var 13 år sidan Guri Haldorsdatter vart idømt ei arbitrær straff fordi barnet ho fødte ikkje hadde noko føresetnad for å overleve.²⁶⁹ Når det gjeld Hedegaard sine synspunkt på forsett og barnet sin tilstand ved fødsel, synest han i stor grad å ha den same oppfatninga som kom til uttrykk i desse sakene. I kontrast til presumpsjonen i dølgsmålsføresegna uttalar han mellom anna at det *«følger ingenlunde paa, at fordi en har født hemmelig, eller allene, og Barnet er dødt, at hun derfor har været Aarsag i Barnets Død»*.²⁷⁰ Dersom ei kvinne kunne bevise at barnet døde uavhengig av hennar aktive eller passive gjerningar, og at ho ikkje hadde hatt eit *«Malieux Forsæt»*, skulle ho difor ikkje dømast frå livet.²⁷¹

I sine utgreiingar om Hesselberg sine lovkommentarar viser også Dons i 1763 kort til at det ved barnefunn må undersøkast om barnet på den eine sida var dødfødd, eller på den andre sida var omkomme grunna mors *«skiødesløshed»* eller *«haandgierning»*.²⁷²

²⁶⁸ Hedegaard 1756 og Brorson 1797. Brorson 1797 er likevel berre ei revidert utgåve av Brorson 1791, og det er tilsynelatande ingen endringar av betydning i utgreiinga av dølgsmålsregelen.

²⁶⁹ SH 1743.

²⁷⁰ Hedegaard 1756 s. 33-34.

²⁷¹ Hedegaard 1756 s. 62.

²⁷² Dons 1763 s. 302.

Sett i samanheng synest såleis praksis og teori på dette tidspunktet å utrykke ei tilsvarande rettsoppfatning. Den motsette bevisbyrda som Hedegaard legg til grunn for frikjenning, står nettopp fram som den same vi ser i dei nemnde sakene frå Nordhordland på 1760-talet, der ein «*formodning*» om liv var tilstrekkeleg til å dømme dei tiltalte til døden.²⁷³ Dei to sakene frå Sunnhordland der mor innrømmer at barnet hadde liv, hamnar vidare i Dons sin kategori over dei som må sjåast på som ansvarleg for at barnet omkom grunna «*Skiødesløshed*».²⁷⁴ Det som likevel er verd å merke seg er at underretten allereie synest å utfører desse vurderingane før dei vert skriftfesta i lovkommentarane. Det synest såleis ikkje som om Hedegaard si utgreiing i seg sjølv er eit forsøk på eller har som konsekvens at retten vert endra. Den er heller eit uttrykk for ein rettstilstand som allereie var i utvikling.

Frå 1763 går det likevel 25 år før det på ny kjem ei inngåande drøfting av dølgsmålsregelen i eit publisert verk.²⁷⁵ På desse åra har endå fire kvinner blitt idømt arbitrære straffer på tinget for Sunnhordland, tilsynelatande etter ei samla vurdering om barnet sin tilstand og kvinna sitt forsett i fødselssituasjonen, jf. 7.2. Dei nedskrivne førelesingane til Lauritz Nørregaard frå 1788 viser også at det har skjedd relativt store endringar i oppfatninga av retten. For det første går han lenger enn Hedegaard og Dons når det gjeld ein mildare straffepraksis. Han held nemleg fram at dersom ei kvinne som har fødd i dølgsmål kan «*fulkomend bevise*» at ho ikkje var årsak i barnet sin død, skal ho ikkje berre sleppe dødsstraff, men bør gå fullstendig fri for straff. For det andre stiller han også opp eit svært klårt skilje med omsyn til subjektiv skuld. Om dette uttalar han at dersom tiltalte i det heile kan «*tilveiebringe en Formodning*» for at ho ikkje har hatt «*Forsæt til at ombringe sit foster*», men utelukkande har vore i «*culpa eller Forseelse*», skal ho berre idømmast ei arbitrær straff.²⁷⁶ Tilsynelatande stiller dermed Nørregaard opp eit krav om forsett for at den føreskrivne dødsstraffa skulle kome til bruk.

Brorson sin lovkommentar som kom ut berre tre år seinare nemner også ei eksplisitt vurdering av kvinna sin intensjon eller vilje, men synest ikkje å legge like mykje vekt på dette. I likskap med Nørregard påstår han likevel fullstendig frikjenning der kvinna kan prove at ho ikkje sjølv var skuld i at barnet omkom. I

²⁷³ NH 1760 fs. 361 og NH 1763 fs. 236.

²⁷⁴ SH 1758 og SH 1759.

²⁷⁵ Sølvesen kjem som omtalt i 6.2.1. med sin «*Jus Criminale*» i 1776, men som nemnd her er denne ikkje særleg grundig, og vert difor utelate her.

²⁷⁶ Nørregaard 1788 s. 155.

motsetnad til Hedegaard og Dons er han også svært klår på at dødsstraff berre skulle kome til bruk der kvinna ved «*haandgierning*» har drepe barnet.²⁷⁷

Ettersom vi berre har to saker, éi med arbitrær straff frå Sunnhordland i 1789 og éi med dødsstraff frå Nordhordland i 1797, som kan samanhaldast med dei to sistnemnde utgreiingane, er det vanskeleg å seie noko om -og eventuelt kva innverknad desse kan ha hatt på bygdetingspraksisen. Det som derimot går fram av gjennomgangen, er at sjølv om praksisen på tinget i stor grad synest å samsvare med dei teoretiske syna, utvikla den seg også uavhengig av desse. Til dømes kjem den tydelege forsettsvurderinga i saka mot Christie Guldbrandsdatter 12 år før Nørregaard kjem med dei eksplisitte betraktningane rundt dette i sine utgitte førellesningar.²⁷⁸ Vidare synest alle teoretikarane stadig å vise til ei omvendt bevisbyrde der kvinna må prove si uskuld, medan det på bygdetinget synest å vere funne å vere retten si oppgåve å bevise skuld.

Etter dette kan ein såleis legge til grunn at sjølv om teoretiske utgreiingar, og då særleg Hedegaard og Dons, truleg var tilgjengeleg for underrettsdommarane i ei rekke av dei undersøkte sakene, synest ikkje underrettsdommarane å ha blitt avgrensa av dei synspunkta som går fram der. Ein skal likevel ikkje sjå vekk frå at publikasjonane har tent til inspirasjon, og at drøftingane som er gjort i desse kan ha vore grunnlaget for tinget sine egne sjølvstendige vurderingar.

7.3.2. Overretten sin praksis

Sjølv om dei teoretiske synspunkta i stor grad synest å stemme overeins med korleis retten vart praktisert på bygdetinget, ser vi at desse kommentarane kjem i etterkant av at praksisen allereie er endra. Spørsmålet er såleis om underrettsdommarane kan ha hatt ei anna kjelde til rettleiing når det kom til korleis retten skulle tolkast. Som nemnd i 4.2.3. er det nærliggande å tenke at avgjerder frå overretten(e) kan ha hatt ein prejudikatsverknad.

For å prove ein slik samanheng, er det naudsynt med ein systematisk gjennomgang av ankesakene. Då dette er for omfattande å gjere i denne samanheng, er det berre mogleg å gi enkelte indikatorar på ein slik praksis gjennom andre undersøkingar som er gjort.

²⁷⁷ Brorson 1791 s. 145 jf. 142-143.

²⁷⁸ SH 1776. Nørregard vart likevel professor allereie i 1782, og truleg vart såleis synspunkta presentert munnleg på førellesningane han allereie frå dette året.

Jf. Gyldendal, Den store Danske

(http://denstoredanske.dk/Dansk_Biografisk_Leksikon/Samfund,_jura_og_politik/Jura/Jurist/Lauritz_N%C3%B8rregaard) [25.05.2017]

For det første kan det kommenterast at Torleif Hansen si studie av åra 1702-1737, viser at Bergen lagting allereie i denne perioden nytta arbitrære straffer i dølgsmålssaker. Dette gjeld riktig nok berre 3 av 23 saker, men det illustrerer at lagtinget føretok det som synest å vere meir nyanserte vurderingar før vi ser det same gjort på bygdetinget. I éi av sakene er likevel årsaka til den formilda dommen at barnefar har lova å gifte seg med kvinna, og i dei to andre kjem lagtinget til at tiltalte ikkje hadde søkt ein einsleg stad for å føde.²⁷⁹ Barnet sin tilstand og subjektiv skuld er såleis tilsynelatande ikkje avgjerande, og desse aspekta må eventuelt ha kome seinare.

Den andre observasjonen som kan tale for at bygdetinget har retta seg etter øvre instansar sine avgjerder, er Torgrim Sørnes si undersøking av avrettingar mellom 1735 og 1799.²⁸⁰ Sjølv om dei undersøkte bygdetinga avseier dødsdom i elleve saker i denne perioden, er det berre tre av desse som faktisk enda med avretting. Dei andre har dermed fått dommen omgjort i øvre instansar, eller vart benåda av kongen. Kva som er det rettslege grunnlaget for at kvinnene ikkje vert avretta går likevel ikkje fram av denne undersøkinga. Den kan såleis berre tene som eit prov på at kvinnene fekk mildare straffer, noko som heilt overordna samsvarar med resultatet på bygdetinget i Sunnhordland frå 1774 og utover.

7.3.3. Forordningar i Holstein og engelsk omsetting

Det har både innleiingsvis og undervegs i oppgåva blitt gjort eit poeng av at lovverket rundt barnedrap ikkje endrar seg i løp av undersøkingsperioden. Sjølv om dette i utgangspunktet er korrekt når det gjeld lovreguleringa i Noreg, var den same lovgivaren likevel på bana i høve til barnedrapsreguleringa i andre delar av det danskstyrte riket.

For det første gjeld dette to forordningar som utkom for hertugdømme Schleswig 17. mai 1754 og 24. mars 1755. I desse vert det eksplisitt regulert at det berre er kvinner som tok livet av barnet ved aktiv handling som skulle dømmast til døden. Der barna omkom grunna forsømming og passivitet skulle straffa dermed settast ned. Både Hedegaard og Brorson nemner desse forordningane i sine utgreiingar.²⁸¹ I fortalen til Hedegaard sin dessertiation i 1756 går han også langt i å påstå at den same distinksjonen burde skje i høve til NL 6-6-8, då lovgivar er «*allevegne den same, alle tider sig sjølv liig*». Han synest likevel ikkje å halde fast

²⁷⁹ Hansen 1993 s. 123, 128 og 132.

²⁸⁰ Vedlegg 6.

²⁸¹ Hedegaard 1756, fortale s. 7b og Brorson 1791 s. 140. I Brorson 1797 er likevel denne tilvisinga tatt bort.

på dette synspunktet i den materielle utgreiinga av regelen, og som vist ovanfor legg han både i 1756 og 1760 til grunn at loven held passivitet tilstrekkeleg for den lovfesta straffa.²⁸²

Det andre teiknet på at lovgivar tilsynelatande har hatt til hensikt å endre rettsstilstanden, er omsettinga av Christian 5. danske lov til bruk i dei danske busetnadane i Amerika i 1756. Ordlyden av 6-6-8 i den engelske versjonen er som følgjer:

«If a lewd Woman, who is big, withdraws into a private Place, remote from Help and Witnesses to bring forth, and does not produce the Infant, but alledges it was dead born, or lost by some Accident, she shall suffer as the Murderer of the Infant.»

Utan å gjere noko inngåande ordlydstolking, kan ein merke seg at føresegna synest å ha fått ein litt anna karakter i høve til det som har blitt utgreia om innhaldet i kapittel 6. Særleg er punktet om at kvinna aktivt må søke ein einsleg stad, eit avvik frå ordlyden i NL 6-6-8. Dette gjeld også i høve til korleis regelen som synest å ha blitt praktisert på bygdetinget i Hordaland, særleg i første del av perioden. Igjen kan tolkinga av føresegna kanskje minne om utforminga av den svenske dølgsmålsregelen, der det å søke «*enslighet wid sielfwa fødselen*» nettopp er eksplisitt nemnd som vilkår.²⁸³

Når det gjeld om lovgivar faktisk hadde til intensjon å endre rettsstilstanden for dei aktuelle områda, er det mogleg å spekulere i andre forklaringar. Avviket frå den danske og norske lova kan også vere eit meir eller mindre tilfeldig utslag av eit unøyaktig omsettingsarbeid. Det har ikkje lukkast å avdekke kven som stod for det faktiske arbeidet med dette, men det kan altså sjå ut som om vedkommande har hatt nokre av dei same tankane som Hedegaard presenterer i sin dessertation frå same året, jf. 6.3.2.

Ettersom begge desse reguleringane omhandla andre jurisdiksjonar, er dei naturleg nok ikkje nemnde i nokre av dei undersøkte sakene frå Hordaland. Det er såleis ikkje grunnlag for å hevde at verken forordningane for Schleswig eller omsettinga av den engelske lova nokon gong nådde dei vestnorske underrettsdommarane. På same måte som dei teoretiske verka kan dei likevel vere med å indikere at ulike aktørar hadde ei kollektiv oppfatning av ein rett i endring, og at dette også inkluderte lovgivaren sjølv.

²⁸² Hedegaard 1756 s. 38 og Hedegaard 1760 s. 210.

²⁸³ Schmedeman 1706 s. 584.

7.3.4. Bruk av indisiebevis

Vi har sett teori og lovgiving synest å representere ei endra oppfatning av den materielle retten. Ei meir generell prosessuell endring som særskild skal kommenterast, er bruken og vektlegginga av indisiebevis.

Når det gjeld å legge tilståing til grunn som einaste bevis i straffesaker, var dei rettslærde i København kritiske til dette allereie på første halvdel av 1700-talet. Det var likevel først gjennom eksamensforordning i 1736 at slike tankar vart spreidd til underrettsdommarane. Som det er nemnd under 5.4.3 gjekk det også endå 15 år før indisiebevis eksplisitt vart tema i lovreguleringa, ved rettspleieforordninga II av 1751.²⁸⁴

I høve til dette kan ein merke seg ei viktig utvikling i dei prosessane som gjekk føre seg i dølgsmålssakene på tinget. Ved den auka vitneføringa på byrjinga av 1700-talet, ser vi at ulike indisium vert nytta for å stadfeste kvinnene si tilståing. Både opplysningar om kvinna sin oppførsel i samband med fødselen, men også om ulike merker på dei døde barna, var såleis med på å sannsynleggjere det faktumet som vart presentert av tiltalte. Med unntak av dei to frikjeningssakene frå 1705, ser det likevel ikkje ut som om denne informasjonen vert tillagt noko særleg vekt.

Når det gjeld vurderingane gjort i sakene som endar i arbitrære straffer mot slutten av 1700-talet, ser vi at vekta av indisiebevis vert ein avgjerande faktor. Sjølv om det eksisterer direkte bevis på at kvinnene har fødd aleine, og barnet omkom, vert andre tilhøve nytta som indikatorar på at barnet kan ha vore dødfødd, - at mor ikkje har hatt mordrisk intensjon, og så vidare. Bruken av indisium heng tett saman med endringa i vektlegging av medisinske obduksjon og subjektiv skuld. Truleg er såleis den parallelle utviklinga av desse i dølgsmålssakene, resultat av ein gjensidig avhengig prosess.

7.4. Oppsummering: Juridisk diskurs og utdanning som vilkår for endringa?

Som vi ser skjer det altså relativt store endringar på midten av 1700-talet, der mellom anna vurderingar av årsakssamanheng og subjektiv skuld vert gitt eit større rom i barnedrapssakene. I teorien kjem dette tidlegast til uttrykk gjennom Hedegaard sin dessertiation i 1756, medan forsett som vilkår for dødsstraff først

²⁸⁴ Sunde 2005 s. 207.

vert formulert i Nørregaard sine forelesingar på 1780-talet. Allereie før desse kjeldene vart publisert, finn vi likevel teikn på ei endring i bygdetingpraksisen.

Utviklinga synest såleis å skje over ein lengre tidsperiode, og kva som var den utløysande årsaka er vanskeleg å seie med sikkerheit. Truleg har eit breitt spekter av til dømes rettslege, sosiale, og politiske element vore med å påverke korleis retten vart tolka og praktisert. Då ei fullstendig analyse av endringsårsaker ville vorte alt for omfattande, skal oppsummeringa her heller forsøke å identifisere det som etter den gjennomførte undersøkinga synest å vere dei mest konkrete og sentrale faktorane for utviklinga.

Årstala for dei endringane som er drøfta under kapittel 7, synest å gi ein viktig peikepinn på kva omstende som fører til ei meir nyansert vurdering i desse sakene. For det første såg vi i 7.2.2. at vurdering av subjektiv skuld synest å få ein vesentleg oppsving på midten av 1730-talet. Dette skjer altså samstundes med at rettspleieforordninga II og eksamensforordninga vert sett i kraft.²⁸⁵

Den første, rettspleieforordninga II av 1735, innehaldt som vist i 3.3. og 3.4.3. to nye reguleringar som truleg begge fekk konsekvensar for den juridiske diskursen som gjekk føre seg lokalt.²⁸⁶ For det første førte innføring av forsvarar i alvorlege straffesaker i utgangspunktet til ei dobling av den rettslege kompetansen i retts-sakene, og grunnlaget for ein lokal rettsleg debatt var lagt. Vidare er det også mogleg at den utvida overprøvinga av lagtinget, auka bevisstheita rundt ut-forminga av dommane på bygdetinget.

Den andre forordninga som truleg fekk store konsekvensar for den retten som vart praktisert, var eksamensforordninga av 1736. Gjennom førelesingar og eksamens-førebuing gav denne heile spekteret av framtidige rettsbrukar eit felles kunnskaps-grunnlag.²⁸⁷ Sjølv om vi i dag ikkje har trykte omtaler om barnedrapreglane frå før 1756, vart eksamensførebuinga som nemnd i 4.2.4. truleg eit startskot for ut-arbeiding av skriftlege juridiske verk. Upubliserte manuskript og notat som i utgangspunktet var meint for eksaminandar, kunne såleis nå og inkludere eit breitt spekter av rettsbrukarar i dei pågåande debattane. Kanskje var det eit slikt nytt fellesskap som gav bygdetingdommarane i Hordaland vilje og kompetanse til å utfylle den strenge og tilsynelatande unyanserte lovteksten i dølgsmålsregelen for å oppnå eit meir rimeleg resultat.

²⁸⁵ Sjå kapittel 3.

²⁸⁶ Sunde 2009 s. 324.

²⁸⁷ Sunde 2007/2008 s. 148.

I tillegg til den utvida juridiske kompetansen, vart også tilgangen på bevis betre. Den obligatoriske obduksjonen frå 1751 gav retten ei meir autoritativ kjelde å basere slutningane rundt barnet sin føresetnad for liv på. Desse undersøkingane vart også grundig omtala i teorien, og synest å ha blitt tillagt stadig større vekt.²⁸⁸ Auka tilgang på medisinsk kompetanse kan såleis også ha vore viktig for utviklinga.

Trass i fleire aktørar, utdanning og større tilgang på bevis, ser vi likevel at ei større endring tok tid. Frå dei første sorenskrivarane fekk utdanning i 1736 gjekk det tilsynelatande nesten 40 år før dei tiltalte i barnedrapssakene merka konsekvensane av ei meir nyansert rettstolking på bygdetinget. Det lange tidsaspektet kan moglegvis svekke det som her er presentert som ein direkte link mellom dei nemnde forordningane og endringa i praksis.

Observasjonen av at reformene på 1730-talet førte til store endringar i førestillinga om og praktiseringa av rett, er likevel verken ny eller eineståande. Doktoravhandlinga til Sunde frå 2007 undersøker mellom anna endringar i retten sin institusjonelle og intellektuelle karakter på 1700-talet. Også der vert det konkludert med at dei tydelegaste konsekvensane av dei nemnde forordningane først kjem fleire tiår etter at dei vart sett i kraft. Sjølv om utviklinga tok tid i praksis, synest endringane i rettspleia å vere så store at perioden her vert omtala som ein «juridisk revolusjon». Funna som er gjort gjennom den rettslege analysen av barnedrapssaker frå Hordaland på 16 og 1700-talet, kan dermed både føye seg inn eit større utviklingsbilete, men også sjølvstendig illustrere at retten er i stadig endring.

²⁸⁸ Hedegaard 1756 s. 51-59.

8. Refleksjonar ved vegs ende

Hausten 2016 presenterte Dagbladet ein reportasjeserie med tittelen «Gutten i plastposen».²⁸⁹ Saka omhandla eit nyfødd guttebarn som vart forlate i ein plastpose på ein kyrkjegard i Oslo i 1990 fordi mora frykta konsekvensane av at fødselen skulle bli oppdaga. I dette tilfelle vart barnet tilfeldigvis oppdaga i tide, og overlevde. Sjølv om fenomenet er sjeldan, illustrerer saka at det framleis oppstår situasjonar og omstende i landet vårt som gjer at kvinner ser hemmeleghald som einaste utveg ved ein graviditet. Eit døme frå Pakistan viser at problemstillinga om dølgsmål og barnedrap i stor skala heller ikkje er eit historisk fenomen. Berre i 2010 vart det her registrert over 1200 spedbarn som var drepne eller forlatne for å døy innan si første leveveke.²⁹⁰

Analyse og drøfting av barnedrapssaker frå 16- og 1700- talet er ein studie av fortid. Det siste spørsmålet som skal drøftast, er om den rettshistoriske undersøkinga likevel kan ha ei form for aktualitet i eit moderne rettssamfunn. Opp igjennom tida er det gitt mange gode svar på kvifor historie er eit viktig forskingsfelt, og intensjonen er såleis ikkje å kome med ei prinsipiell drøfting av dette. I staden skal nokre få av dei konkrete observasjonane og funna som er gjort trekkast fram, og det vil bli gjort ein kort refleksjon over kor vidt desse kan fortelje ein moderne rettsbrukar noko om juridisk arbeid i 2017.

Det første som skal trekkast fram er lovgivingsperspektivet. Då barnedrap vart anerkjend som eit stadig aukande problem, vart det naudsynt å sette i gang tiltak for å hindre at kvinner fødde aleine og skjulte barna. Lovgivar sin reaksjon var å innføre strenge straffer slik at, i Hedegaard sine ord, «*Frykten skulle strekke sig til alle, men Straffen til få*».²⁹¹ Tanken var dermed at trusselen om straff skulle verke allmennpreventivt, og vere så avskrekkande at potensielle kvinner let vere å utføre det alvorlege brotsverket. Kor vidt høge straffenivå verkeleg fører til ein nedgang i brotsverk er likevel stadig debattert, og i etterpåklokskapens lys kan ein slå fast at det uansett ikkje fekk den ønska effekten på dei 32 kvinnene som vart tiltalt og dømt på bygdetinget i Hordaland.²⁹² Når ein ser tilbake på historia, finn vi også at det først er på byrjinga av 1900-talet at problematikken synest å forsvinne ut av den norske rettshistoria. Dette kan sjåast direkte i samanheng med dei Castbergske barnelovene frå 1915, som i prinsippet fjerna både skam og sikra økonomisk bistand for gifte mødrer.²⁹³ Det var altså først då den bakanforliggende motiva-

²⁸⁹ Dagbladet sine nettsider <https://www.dagbladet.no/spesial/gutten-i-plastposen/> [25.05.2017]

²⁹⁰ NRK sine nettsider <https://www.nrk.no/urix/--drap-pa-smabarn-oket-i-pakistan-1.7720351> [25.05.2017].

²⁹¹ Hedegaard 1756 s. 29.

²⁹² «Allmennprevensjon» i Store norske leksikon (<https://snl.no/allmennprevensjon>) [25.05.2017].

²⁹³ Sunde 2015 s. 89.

sjonen for brotsverket forsvann, at førekomsten gjekk ned. Observasjonen av at lovreguleringa i seg sjølv ikkje hindra førekomst av brotsverket, kan overførast til meir generelle prinsipp. Då desperate menneske som kjend gjer desperate handlingar, er det for denne type brotsverk ikkje tilstrekkeleg å tilføre straffetrussel som ei ytterlegare byrde. Førebygging og hjelp til å overvinne ein vanskeleg livssituasjon synest etter dette å vere eit vel så viktig verkemiddel.

Det andre punktet som skal kommenterast, er viktigheita av å ha eit fungerande system som hindrar urett. Dette vert særleg illustrert i saka mot Marte Mogensdatter, der overprøving av ei tidlegare avgjerd førte til eit stikk motsett resultat. I staden for at den dødsdømte kvinna vart avretta, var det her representantane frå øvrigheita som vart straffa, då dei hadde misbrukt både makta og tilliten som var tildelt dei. Sjølv om det i dag kanskje synest langt mellom alvorlege tilfelle av korrupsjons- og maktmisbruk, viser medieomtala av enkeltsaker at kjensla av rettstryggleik er skjør, og at det ikkje skal mykje til for å svekke tilliten til rettsystemet. Saker som den mot Marte Mogensdatter, kan såleis minne ei kollektiv juristverd på at tillit både må fortentast og forsvarast, og at det er naudsynt med mekanismar som trygger ein forsvarleg rettsbruk.

Den siste, og kanskje viktigaste lærdommen ein kan trekke ut av dei undersøkingane som er gjennomført, er at juss ikkje handlar så mykje om kva retten er, som om kva retten blir i hendene på dei som er satt til å forvalte denne. Kvar enkelt rettsutøvar har såleis ein eineståande moglegheit til å påverke korleis retten skal vere i framtida. Utviklinga vi ser i handsaminga av barnedrapsreglane illustrerer tydeleg at retten er dynamisk, men samstundes at ein stadig diskusjon og interaksjon mellom aktørar på både lokalt og nasjonalt nivå er heilt naudsynt for at endringar skal kunne skje i praksis. Både for sorenskrivaren i ei trong og trekkfull tingstove på 1700-talet, som for ein nyutdanna jurist i 2017, er det dermed den enkelte rettsutøvar sitt privilegium og ansvar å sjølvstendig bidra til at rettshistoria vert ei vellukka historie.

Kjeldeliste

Litteratur

- Björne 1995 Björne, Lars, *Patrioter och institutionalister: Den nordiska rättsvetenskapens historia Del I* (Lund 1995).
- Bratland 2002 Bratland, Kenneth, *Fødsler utenfor ekteskap i Haus og Lindås prestegjeld på 1700-tallet* (Bergen 2002).
- Brorson 1791 Brorson, Christian, *Forsøg til den siette Bogs Fortolkning i Christian den Femtes danske og norske Lov: samt Straffene etter de ældre Love*, 1. utg. (København 1791).
- Brorson 1797 Brorson, Christian, *Forsøg til den siette Bogs Fortolkning i Christian den Femtes danske og norske Lov: samt Straffene etter de ældre Love*, 2. utg. (København 1797).
- Bøgh 1901 Bøgh, Cristopher, *Paa Thingrejser for 40 aar siden: nogle erindringer af en gammel sorenskriver*, (Bergen 1901).
- Dobbe 1996 Dobbe, Jorunn, *Blant granner og myndigheter, tingbokprosjektet* (Oslo 1996).
- Dons 1763 Dons, Jens Bing/ Hesselberg, Engelbrecht, *Juridisk Collegium Tredie part* (København 1763).
- Erichsen 1993 Erichsen, Bodil Chr., *Kriminalitet og rettsvesen i Kristiania på slutten av 1600-tallet* (Oslo 1993), tingbokprosjektet.
- Hansen 1993 Hansen, Torleif, *Bergen lagting som straffedomstol i appellsaker 1702-1737* (Stavanger 1993).
- Hedegaard 1756 Hedegaard, C.D., *Fierde forsøg til en Dansk Juridisk dissertasjon angaaende Barnefødsel i Dølgemaal* (København 1756).
- Hedegaard 1760 Hedegaard, C.D., *Forsøg til en Eractat, angaaende den Danske Criminal-Ret* (København 1760).
- Hoff 1996 Hoff, Randi Holden, «Avlet i synd og ondskap», tingbokprosjektet (Oslo 1996).

- Iuul 1991 Iuul, Stig, «Træk af Højesterets virksomhed inden for privatretten» i *Højesteret 1661-1961*, Povl Bagge, Jep Lauesen Frost, Bernt Hjelje (red.) (København 1991) s. 1-62.
- Kleveland 2006 Kleveland, Geir, «Kvinna som vann over mektige embetsmenn» i *Osterøy i søge og samtid*, (Osterøy 2006) s. 83-86.
- Koefoed 2008 Koefoed, Nina Javette, *Besovede kvindfolk og ukærlige barnefædre* (København 2008).
- Krogh 2000 Krogh, Tyge, *Opplysningstiden og det magiske* (København 2000).
- Nielsen 1980 Nielsen, Beth Grothe, *Letferdige qvindfolk - fosterdrap og fødsel i dølgsmål, i retshistorisk belysing* (København 1980).
- Nilsen 2002 Nilsen, Ulf, *Lov og rett*, Tingbokprosjektet (Oslo 2002).
- Nørregaard 1788 Nørregaard, Lauritz, *Forelæsninger over den Danske og Norske Private Ret: fjerde deel* (København 1788).
- Olafsen 1940 Olafsen, Arnet, *Våre sorenskrivere: sorenskriver-institusjonen og sorenskrivere i Norge : et bidrag til den norske dommerstands historie : 1 : 1591-1814* (Oslo 1940).
- Sandmo 1992 Sandmo, Erling, *Tingets tenkemåter*, Tingbokprosjektet (Oslo 1992).
- Selberg 2010 Selberg, Kjersti, «Eldre norske rettskilder», *Det juridiske fakultetsbiblioteks skriftserie nr 20* (Oslo 2010).
- Skeie 1937 Jon Skeie, *Den norske strafferett* (Oslo 1937).
- SSB 1980 Statistisk sentralbyrå, *Norges første folketelling 1769* (Oslo 1980).
- Sunde 2005 Sunde, Jørn Øyrehagen, *Speculum Legale – rettsspegelen* (Bergen 2005).
- Sunde 2006 Sunde, Jørn Øyrehagen, “Silence, Lies and Rhetoric in the Legal Discourse in Court” i *Reading past legal texts*, Dag Michalsen (red.) (Oslo 2006) s. 113-133.

- Sunde 2007/2008 Sunde, Jørn Øyrehagen, ««Quind folch» Kvinner og tilhørsle mellom 1642 og 1802», *Jag sträcker mig in i framtiden*, (nyårsbok 2007/2008) s. 117-152.
- Sunde 2007 Sunde, Jørn Øyrehagen, «Fornuft og erfaring» -*Framveksten av metodisk medvit i dansknorsk rett på 1700-talet* (Bergen 2007).
- Sunde 2009 Sunde, Jørn Øyrehagen, ««Enhver Borger har ret til at fordre Sikkerhed af staten» - Ordninga med offentlig forsvarar mellom 1735 og 1775» i *Retts hjelp fra kyst til vidde. Festskrift til jusshjelpa i Nord-Norge*, Jon Petter Rui (red.) (2009) s. 322-342.
- Sunde 2015 Sunde, Jørn Øyrehagen, «Utanfor ekteskap» i *Anne Sletto: eit kvinneportrett* (Ål 2015) s. 72-93.
- Stampe 1806 Stampe, Henrik, *Erklæringer, Breve og Forestillinger, General-Prokureur-Embedet vedkommende: 6: fra 1769 til 1782* (København 1806).
- Sølvesen 1776 Sølvesen, Svend, *Det Islandske jus criminale* (København 1776).
- Terjesen 1994 Terjesen, Harriet Marie, *Blodskam og leiermål i forbudne ledd*, Tingbokprosjektet (Oslo 1994).
- Østebø 2005 Østebø, Synnøve, «...Tiltalt for Barnefødsel i Dølgsmål...» *En sosial- og retthistorisk undersøkelse av kvinner tiltalt for barnefødsel i dølgsmål i Stavanger amt* (Oslo 2005).

Avisartiklar

Dagbladet: <https://www.dagbladet.no/spesial/gutten-i-plastposen/> (25.05.2017)

NRK <https://www.nrk.no/urix/--drap-pa-smabarn-oket-i-pakistan-1.7720351> (25.05.2017).

Elektroniske oppslagsverk

Gyldendal, Den store Danske: <http://denstoredanske.dk/>.

Lovdata www.lovdata.no.

Ordbog over det danske Sprog,
Historisk ordbok 1700-1950: <http://www.ordnet.dk/ods>.

Store norske leksikon: <https://snl.no/>.

Lov

Store Recess 1643 *Konning Christians Dend Fierdis Reces. Kiøbenhaffn: Paa Jørgen Holst Bogf. Bekost, (København 1643).*

NL 1687 *Chr. Vs NORSKE LOV (digital utgåve),*
UiO: Institutt for arkeologi, konservering og historie
(<http://www.hf.uio.no/iakh/forskning/prosjekter/tingbok/kilder/chr5web/chr5register.html>).

Schmedeman 1706 *Schmedeman, Johan, Kongl. stadgar förordningar, bref och resolutioner angående Justiae och Executions Ärenden 1528- 1701, (Sverige 1706).*

Forordninger
1730-1737 *Forordninger og aabne Breve : Kong Christian den siettes allernaadigste Forordninger og aabne Breve : 1730-1737 (København).*

Forordninger
1750-1757 *Forordninger og aabne Breve : Kong Christian den siettes allernaadigste Forordninger og aabne Breve : 1750-1754 (København).*

Danish Law 1756 *The Danish Law or, the code of Chrisitan the fifth, faithfully translated For the Use og the English Inhabitants of the Danish Settlements in America, (London 1756).*

Tingbokprotokoller

SAB: Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 1 (1642-1648).

SAB: Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 10 (1668).

SAB: Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 12 (1671).

SAB: Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 22 (1685-1687).

SAB: Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 27 (1699-1701).

SAB: Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 29 (1704-1705).

SAB: Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 32 (1711-1712).

SAB: Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 33 (1712-1715).

SAB: Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 34 (1715-1719).

SAB: Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 37 (1728-1731).

SAB: Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 38 (1731-1733).

SAB: Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 39 (1733-1736).

SAB: Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 41 (1743-1748).

SAB: Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 42 (1748-1753).

SAB: Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 43 (1754-1760).

SAB: Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 44 (1760-1768).

SAB: Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 48 (1796-1802).

SAB: Rettsprotokoll Sunnhordland I.A. 27 (1705).

SAB: Rettsprotokoll Sunnhordland I.A. 28 (1706).

SAB: Rettsprotokoll Sunnhordland I.A. 30 (1711-1713).

SAB: Rettsprotokoll Sunnhordland I.A. 32 (1723-1725).

SAB: Rettsprotokoll Sunnhordland I.A. 33 (1728-1729).

SAB: Rettsprotokoll Sunnhordland I.A. 34 (1735-1738).

SAB: Rettsprotokoll Sunnhordland I.A. 35 (1741-1746).

SAB: Rettsprotokoll Sunnhordland I.A. 37 (1755-1759).

SAB: Rettsprotokoll Sunnhordland I.A. 38 (1759-1766).

SAB: Rettsprotokoll Sunnhordland I.A. 40 (1772-1777).

SAB: Rettsprotokoll Sunnhordland I.A. 41 (1777-1782).

SAB: Rettsprotokoll Sunnhordland I.A. 42 (1782-1787).

SAB: Rettsprotokoll Sunnhordland I.A. 43 (1787-1792).

SAB: Rettsprotokoll Hardanger, Voss og Lysekloster I.Ad. 7 (1711-13).

SAB: Rettsprotokoll Hardanger, Voss og Lysekloster I.Ad. 14 (1734-1737).

SAB: Rettsprotokoll Hardanger I.Af. 3 (1760-67).

SAB: Rettsprotokoll Hardanger I.Af. 4 (1767-72).

Anna kjeldemateriell

SAB: Bergen Lagting, domstolsprotokoll 8.

SAB: Bergen Lagting, domstolsprotokoll 10.

SAB: Bergen Lagting, domstolsprotokoll 11.

SAB: Sorenskrivaren i Sunnfjord X.E.g. "Ariadnes tråd" Juridisk formularbok.

RA, Overhoffretten 1667-1797, Aa/L0036: Avsiktsprotokoll, 1706.

Figurar og tabellar

Tabell 1: Saker per tiår (s.13)

Tabell 2: Døme på samanfallande tekst (s.34)

Tabell 3: Utfall vide saker (s.54)

Figur 1: Snevre dølgsmålssaker (s.18)

Figur 2: Domstolshierarkiet for bygdetinget 1590-1799 (s.25)

Figur 3 : Saker over tid (s.41)

Figur 4: Utfall snevre saker (s.55)

Figur 6: Utfall snevre saker 1736-1799/ 1770-1799 (s.56)

Vedlegg

Vedlegg 1: Oversikt over tingbøk (kjelde: SAB)

År	NH	SH	HVL*	År	NH	SH	HVL*
1642	1			1689	X		X
1643	X			1690	X	X	X
1644	X			1691			X
1645	X			1692		X	X
1646	X			1693			
1647	X			1694	X		
1648	X	X	X	1695	X		
1649	X	X	X	1696	X		
1650	X	X	X	1697	X		
1651	X	X	X	1698			
1652	X	X	X	1699	X		X
1653	X	X	X	1700	X	X	X
1654	X	X	X	1701	X		X
1655	X	X	X	1702	X	X	X
1656		X	X	1703	X		X
1657		X	X	1704	X	X	X
1658		X	X	1705	X	X	X
1659		X	X	1706	X	X	
1660		X	X	1707	X		X
1661		X	X	1708		X	
1662		X	X	1709	X	X	
1663		X	X	1710		X	
1664		X	X	1711	X	X	X
1665	X	X		1712	X	X	X
1666	X	X	X	1713	X	X	X
1667	X		X	1714	X	X	
1668	X	X	X	1715	X	X	
1669				1716	X	X	
1670	X	X		1717	X		
1671	X		X	1718	X		X
1672				1719	X		X
1673	X			1720	X		X
1674			X	1721	X		X
1675	X	X		1722	X		X
1676	X	X		1723		X	X
1677	X	X	X	1724		X	X
1678	X	X	X	1725	X	X	X
1679	X	X		1726	X		X
1680	X	X		1727	X		X
1681	X	X	X	1728	X	X	X
1682	X			1729	X	X	X
1683		X		1730	X		X
1684				1731	X		X
1685	X			1732	X		X
1686	X			1733	X		X
1687	X			1734	X		X

NB: «X» Indikerer at vi har noko materiale for det aktuelle året, men deler av året kan vere tapt som del av ei anna tingbok.

År	NH	SH	HVL*	År	NH	SH	HVL*
1688				1735	X	X	X
1736	X	X	X	1768	X	X	X
1737	X	X	X	1769	X	X	X
1738	X	X	X	1770	X	X	X
1739	X		X	1771	X	X	X
1740	X		X	1772	X	X	X
1741	X	X	X	1773	X	X	
1742	X	X	X	1774	X	X	
1743	X	X		1775	X	X	
1744	X	X		1776	X	X	
1745	X	X		1777	X	X	
1746	X	X		1778	X	X	
1747	X		X	1779		X	
1748	X		X	1780		X	
1749	X		X	1781		X	
1750	X		X	1782		X	
1751	X	X	X	1783		X	
1752	X	X	X	1784		X	
1753	X	X	X	1785	X	X	
1754	X	X	X	1786	X	X	
1755	X	X	X	1787	X	X	
1756	X	X	X	1788	X	X	
1757	X	X	X	1789	X	X	
1758	X	X	X	1790	X	X	
1759	X	X	X	1791		X	
1760	X	X	X	1792		X	
1761	X	X	X	1793		X	
1762	X	X	X	1794		X	
1763	X	X	X	1795		X	
1764	X	X	X	1796	X	X	
1765	X	X	X	1797	X	X	
1766	X	X	X	1798	X	X	
1767	X	X	X	1799	X	X	

*HVL:

Hardanger, Voss og Lysekloster

Hardanger og Voss

Hardanger, Lysekloster og Halsnøykloster

Hardanger

Totalt:

Nordhordland 124/157 år 79,0 %

Sunnhordland 109/ 151 72,2 %

Hardanger mv. 91/124 år 73,4 %

SUM 74,9 %

Vedlegg 2: Referanse, tid, stad og aktørar

Nordhordland

Mitt nr	Tingbokreferanse Statsarkivet i Bergen (SAB)	Dato/ stad	Mistenkt barnemor	Sorenskrivar ²⁹⁴	Aktor (Fut der ikkje anna er sagt)	Forsvarar (f.o.m. 1735)
NH 1642 ^α	Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 1 (1642-48) fs. 9b-10.	14. november 1642 Futegarden på Valestrand, Mjelde skipreide	Dotter til Guttorm Eluig	Christen Busch	Ouffe Jensen	
NH 1643	Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 1 (1642-48) fs. 23b-24b.	7.oktober 1643, Bergenhus, sak frå Hosanger Skipreide	Ane Joensdatter	Christen Busch	Vlachord Brodersen	
NH 1668 ^α	Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 10 (1668) fs. 1-1b	26. Mars 1668, Valestrand , Mjelde skipreide	Anne Andersdatter	Hans Hansen Weiner*	Søfren Nielsen	
NH 1671	Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 12 (1671) fs. 42b-43.	7. desember 1671, Bergen Rådstue, sak frå Hosanger Skipreide	Marite Andersdatter	Hans Hansen Weiner*	Ikkje funne	
NH 1687	Rettsprotokoll Nordhordland I.A.22 (1685-87) fs. 70-72, 73-74b.	11. februar og 2. april 1687, Bildøy, Sartor skipreide	Christi Johannesdatter	Christian Nicolai Aboe	Johan Thorson / fullmektig Lauridtz Møndrich	
NH 1699A	Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 27 (1699-1701) fs. 34-35b, 55-55b.	24. og 25. august og 21. november 1699, Flatøy, Alenfit Skipreide	Kari Jacobsdatter	Christian Nikolai Aboe*	Madtz Holm	
NH 1699B	Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 27 (1699-1701) fs. 45b, 65b-67, 76, 113b- 114b.	18. oktober 1699, 24. mai 1700 Flatøy, 19. juni 1700, 14. mars 1701, HorsHofde (for Echanger og Hosanger schibbreders Almue)	Marte Mogensdatter	Christian Nikolai Aboe	Madtz Holm	
NH 1705A	Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 29 (1704-05) fs. 68b-71b, 100b-101b.	23. januar 1705 Flatøy (Futegarden) 13.juli 1705 Askeland, Radøy Skipreide	Søgni Olsdatter	Hans Theiste	Madtz Holm	
NH 1705B	Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 29 (1704-05) fs. 84-88b.	30. april 1705, Frekhaug, Herdla Skipreide	Brite Jacobsdatter	Hans Theiste	Søfren Glad På vegne av Madtz Holm	

²⁹⁴ Der det ikkje står noko eksplisitt i saka har eg lagt til grunn at den sittande sorenskrivaren sjølv er til stades. Desse sakene er merka med «*». Hans Eyvind Næss, Tor Falch «For rett og rettferdighet», Oslo 1991 s. 224, og Olafsen 1940, s.156-158

NH 1711☒	Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 32 (1711-12) fs. 1-4, 10-16.	13. november 1711: Mundal, Alenfit Skipreide 17. og 18. februar 1712: Bruknapp, Alenfit skipreide	Sygni Monsdatter	Arent Baltzersen*	Konstituert fut Peder Jensen Smith	
NH 1715☒	Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 33 (1712-15) fs. 7-7b, 21-21b.	15.august og 12. november 1715, Frekhaug, Herdla Skipreide	Kari Olsdatter	Arnoldus de Fine*	Konstituert fut Henrik Veilandt	
NH 1718	Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 34 (1715-19): fs. 156b-157b, 162-163b.	10.og 30.mai 1718 Brudeknappen, Gulen Skipreide	Sygni Asbiørnsdatter	Arnoldus de Fine*	Jens Lem	
NH 1730	Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 38 1728-31) fs.139-142.	15. mai 1730, Alverstrømmen, Alenfit	Borni Joensdatter	Arnoldus de Fine*	Jens Lem	
NH 1732☒	Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 38 (1731-33) fs. 100b-103b, 110-111. Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 39 (1733-36) fs. 23-24.	16.desember 1732, 23.mars og 17.oktober 1733, Sartor Skipreide	Ane Larsdatter Lochøe	Arnoldus de Fine(?) (død i 1732)/ Michael Tønder (utnemnd 20. februar 1733)*	Andreas Jessen	
NH 1735☒	Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 39 (1733-36) fs. 207b-210b.	10. februar 1735, Skjerjehamn, Gulen skipreide	Kari Thomædatter	Michael Tønder	Andreas Jessen	
NH 1746	Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 41 (1743-48) fs. 173b-177.	10. mars 1746 Store Sandviken, Arne Skipreide	Elen Marie Olsdatter	Johan Garmann	Smith	Simon Kramer (Prokurator)
NH 1753	Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 42 (1748-53) fs. 318b-321b.	15. oktober 1753 Skjerjehamn Gulen Skipreide	Randi Knudsdatter	Johan Garmann*	Rasmus Smith	Ole Kielby
NH 1760	Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 43 (1754-60) fs. 356b-361b.	29. august 1760 Sandviken, Arne skipreide	Karen Rasmusdatter	Johan Garman	Oluf Lund Bilsøe	Anders Morvig (lensmann)
NH 1763	Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 44 (1760-68) fs. 233-235, 236-236b.	10. og 12.mai 1764 Møllendal, Skjold Skipreide	Christence Nielsdatter Lie	Johan Garman	Oluf Lunde Bildsøe	Jan Tvedteraas (lensmann)
NH 1797A☒	Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 48 (1796-1802) fs. 14-17.	14. januar 1797, sorenskrivarens hus i Bergen.	Brithe Andersdatter		Prokurator Frille	Stuvitz (Prokurator)
NH 1797B	Rettsprotokoll Nordhordland I.A. 48 (1796-1802) fs. 51b-58.	29.juni, 1797 Bernestangen, 24./26.juli i sorenskrivarens hus i Bergen Eikanger Skipreide	Maritha Magnesdatter Aldalen	Konstituert sorenskriver(?) Johannes Habendorph	Unmack	Schnabel på Stuvitz vegne (prokurator)

Sunnhordland

Mitt nr	Tingbokreferanse Statsarkivet i Bergen (SAB)	Dato/ stad	Tiltalt kvinne	Sorenskrivar ²⁹⁵	Aktor (Fut der ikkje anna er sagt)	Forsvarar (f.o.m. 1735)
SH 1705A	Rettsprotokoll Sunnhordland I.A. 27 (1705) fs. 22b	15.april 1705 Hope Futegard, Opdal Skipreide	Sille Knudsdatter	Peter Heiberg*	Oluf Larsen	
